

# Fredrik VI som politisk aktør 1807-1814

*Ei historiografisk undersøkning av Fredrik VI som politisk aktør, med hand om militær- og utanrikspolitikken*



Kong Frederik VI

**Bjarte Skaaden**

MASTEROPPGÅVE I HISTORIE

Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap ved Universitetet i Bergen

Vår 2010



Bilete på framsida:

*Kong Frederik VI-* av W. Bollinger 1809. Linvald 1965 : 176.

## **Føreord**

Eg vil rette ein stor takk til rettleiaren min, Ståle Dyrvik, for inspirerende og nyttige tilbakemeldingar.

Studentane og seminarleiarane på mastergruppa fortener ros for gode innspel. Eg vil òg takke alle medstudentar som har halde stemninga og humøret på topp.

Spesielt takk til familien heime på Sandane, og til Kjersti for korrekturlesing og støtte i ein utfordrande kvardag som masterstudent.

Bergen, mai 2010

Bjarte Skaaden



Figurliste.....	ii
Føreord .....	iii

<b>1. Innleiing.....</b>	<b>1</b>
1.1 Bakgrunn for prosjektet.....	1
1.2 Problemstilling og avgrensing.....	3
1.3 Metode og kjelder.....	3
1.4 Sentrale historikarar .....	5
<b>2. Utanrikspolitisk bakgrunn – Danmark-Noreg.....</b>	<b>8</b>
2.1 Slesvig-Holstein .....	8
2.2 Fredstid og Den evige alliansen .....	9
2.3 Defensiv nøytralitet og gullalder for handel .....	10
2.4 Offensiv nøytralitet og slaget på Københavns red .....	11
2.5 Kronprinsen som regent .....	13
<b>3. 1807: Danmark-Noreg inn i krigen.....</b>	<b>16</b>
3.1 <i>Hendingsrekke 1807</i> .....	16
3.1.1 Kristian Fredrik i Kiel .....	16
3.1.2 Fastlandssperringa og Orders in Council .....	17
3.1.3 Freden i Tilsit – Juli 1807 .....	18
3.1.4 Britisk flåte til dansk farvatn .....	19
3.1.5 Flåteranet og allianse i Fontainebleau .....	21
3.2 <i>Spørsmål til historieskrivinga kring kronprins Fredrik i 1807</i> .....	23
3.2.1 Konsekvensane av Tilsit.....	23
3.2.2 Forhandlingar mellom britane og kronprinsen.....	24
3.2.3 Kronprinsens handlingar etter 16 august.....	25
3.3 <i>1807: Kronprins Fredrik i historieskrivinga</i> .....	26
3.3.1 Danmark-Noreg etter Tilsit .....	26
3.3.2 Forhandlingane med britane .....	27
3.3.3 Kvifor Kiel og ikkje København? .....	29
3.3.4 Forholdet til Napoleon før og etter landgangen .....	31
3.3.5 Kronprinsens handlingar etter britisk landgang- 16 august.....	32
3.4 Oppsummering .....	34
<b>4. 1813 : Framleis Napoleon .....</b>	<b>37</b>
4.1 <i>Hendingsrekke 1812-1813</i> .....	37
4.1.1 Danmark-Noreg i krig (1808-1812) .....	37
4.1.2 Alliansepolitikk 1813 .....	39
4.1.3 Kristian Fredrik til Noreg som statthaldar.....	40
4.2 <i>Spørsmål til historieskrivinga kring Fredrik VI i 1812-1813</i> .....	41
4.2.1 Konsekvensane av Napoleons nederlag i 1812.....	42
4.2.2 Passiv Danmark-Noreg? Utanrikspolitisk isolasjon i 1813.....	42
4.2.3 Kongens nærmaste. Niels Rosenkrantz – Kristian Fredrik til Noreg.....	43
4.3 <i>1812-1813: Fredrik VI i historieskrivinga</i> .....	44
4.3.1 Tok Fredrik VI lærdom av Napoleons nederlag i 1812?.....	44
4.3.2 Forsinka fredsfølarar og Fredrik VI sin omgangskrets .....	47
4.3.3 Kristian Fredrik til Noreg mai 1813 .....	50
4.4 Oppsummering .....	52

<b>5. 1814: Heilstatens brot- ein utspelt konge?</b> .....	55
5.1 <i>Hendingsrekke vinteren 1813-1814</i> .....	55
5.1.1 Allierte styrkar og slaget ved Leipzig .....	55
5.1.2 Noreg som innsats- kommunikasjon og forhandlingar .....	58
5.1.3 Kieltraktaten .....	61
5.1.4 Fredrik VI etter Kielfreden.....	62
5.1.5 Norsk motstand – Fredrik VI ute av biletet? .....	63
5.2 <i>Spørsmål til historieskrivinga kring Fredrik VI i 1814</i> .....	64
5.2.1 Grepet strammar seg. Holstein invadert og kongen rådfører seg.....	64
5.2.2 Fram mot Kielfreden .....	65
5.2.3 Kielfredens etterspel – Noreg på eiga hand?.....	65
5.3 <i>1814: Fredrik VI i historieskrivinga</i> .....	66
5.3.1 Rådføring og våpenstillstand – For dårleg motstand?.....	66
5.3.2 Avgjerande dagar i januar .....	70
5.3.3 Kvifor/kvifor ikkje eit kongeleg dobbeltspel? .....	76
5.4 Oppsummering .....	80
<b>6. Konklusjon</b> .....	82
6.1 Fredrik VI : 1807-1814 .....	82
6.2 Jens Engberg - ”Den standhaftige tinsoldat”.....	85
<b>7. Litteratur- og kjeldeliste</b> .....	88
Abstract .....	92



# 1. Innleiing

Vi nærmar oss eit stort jubileum i Noreg. I 2014 er det 200 år sidan ”*det forunderlege året*” – 1814.<sup>1</sup> Det norske samfunnet vil då kunne feire Grunnlova, Stortinget og det norske konstitusjonelle systemet sin 200års-dag.<sup>2</sup> I samband med denne markeringa vert det truleg eit auka fokus på den norske historia, historieskrivinga og ein open debatt kring hendingane i 1814. Året markerar òg avslutninga på ein av Noreg sine mørkaste periodar, og med det tenkjer eg aller mest på deltakinga i Napoleonskrigane og dei vanskelege vilkåra i heilstaten. Mykje av historieskrivinga har hatt fokus på dei større faktorane gjennom krigsåra, som var prega av politiske debattar, bondeopprør i Noreg og ikkje minst stormaktspolitikk i Europa.<sup>3</sup> Eg ynskjer å rette fokus mot eit enkeltindivid som har vore sentrum for debatt i den danske og norske historieskrivinga.

## 1.1 Bakgrunn for prosjektet

Eg tek utgangspunkt i ein periode i historia som er godt dekt innanfor historieskrivinga. Dette legg til rette for rikelig med informasjon, men samstundes byr det på utfordringar. Dei større linjene frå perioden dreier seg mykje om krigsdeltakinga til Danmark-Noreg og hendingane i 1814. *Det forunderlege året* har vore sentrum for forskning og debatt hjå historikarar, og nokre av desse bidraga kan òg ta del i formålet med prosjektet mitt. Dette skal vere ei historiografisk gransking av Fredrik VI, noko som eg kjem nærmare tilbake til.<sup>4</sup> Før den tid ynskjer eg å vise kvifor nettopp dette perspektivet er interessant. Aktørperspektivet i historieskrivinga varierer ein del, både når det gjeld året 1814 og krigsåra i forkant. Nokre sentrale skikkelsar kjem inn i hendingsrekka på ulike tidspunkt, og trass i at flesteparten av desse får sin rettmessige plass i litteraturen, er det jamvel òg ein person som er lettare å følge i samtlege sju krigsår.<sup>5</sup> Kronprins

---

<sup>1</sup> Nemninga *annus mirabilis*- *det forunderlege året* kjem frå sokneprest i Aker, Claus Pavels. Han skriv mellom anna: 1814 ”*kaldtes et år, og bestod ligesom dets forgjængere af 365 dage. Men århundreder ere henrullede, og have været langt mindre mærkværdige end dette år. Ved dets begyndelse vare vi kongen af Danmarks undersætter, og hos 96 af 100 nordmænd var det sikkert fast beslutning at blive det til den siste stund. Jeg tror ikke nogen nations historie kan fremvise magen. Selv Napoleons katastrofe forbauser mindre*”. Dyrvik 2005 : 7.

<sup>2</sup> Frydenlund & Glenthøj (red.) 2009 : 4.

<sup>3</sup> Mykland 1978 : 242 ff.

<sup>4</sup> Fredrik VI (1768-1839) Kronprinsregent i spissen for regjeringa frå 1784. Krona til Fredrik VI den 13 mars 1808 etter sin fars død, måtte gje slepp på Noreg i januar 1814. Døde den 3 desember 1839. Dansk Biografisk Leksikon, V band Bricka 1891 : 309 ff.

<sup>5</sup> Danmark-Noreg forlet sin nøytralitetspolitikk i 1807, og kom for alvor med i Napoleonskrigane. Heilstaten stod ved Frankrike si side heilt til freden i 1814. Frydenlund&Glenthøj (red) 2009 : 4.



Fredrik stod i spissen då heilstaten gjekk inn i krigen, og Fredrik VI måtte gje slepp på *heilstatens territoriale integritet* i 1814.<sup>6</sup> Difor er det interessant å følgje kongen som politikar, både før- men særleg etter 1807, og sjå kva langsiktige strategier som låg til grunn for politikken. Kongen har til dels fått eit blanda ettermæle for si regjeringstid, der mellom anna den norske kritikken har vore eit uttrykk for misnøye med sidevalet i Napoleonskrigane, og at norske interesser måtte vike for Danmarks framtid. Knut Mykland har freista å presentere Fredrik VI sitt arbeid som ein fødselshjelpar for Eidsvollverket i 1814, og vurderer kongen sine handlingar i byrjinga av 1814 på sin eigen måte.<sup>7</sup> Det er mellom anna desse skildringane som vil vere sentrale for mi undersøking.

Med utgangspunkt i historielitteraturen kan eg få eit godt inntrykk av ulike meiningar om Fredrik VI, og kva desse historiebidraga byggjer på. I oppstarten av prosjektet mitt var biografiar om fleire sentrale aktørar tilgjengelige, men det eksisterte ingen om kongen som leia heilstaten i krigsåra.<sup>8</sup> I historieskrivinga er difor Fredrik VI stort sett vurdert på grunnlag av einskildhendingar, framfor ei lengre samanfating av regjeringstida. I oktober 2009 kom den danske historieprofessoren Jens Engberg ut med sin biografi om Fredrik VI, ”*Den standhaftige tinsoldat*”.<sup>9</sup> Utan å endre nevneverdig på min arbeidsmåte, gav dette eit nytt og aktuelt bidrag til den litteraturen eg hadde tatt i bruk. Denne biografien vil få spele ei spesiell rolle i oppgåva mi, og eg kjem nærmare tilbake til dette i metodedelen.

Før eg presenter arbeids- og presentasjonsmåten til undersøkinga, må eg først presisere kva eg er ute etter. Det er mange moglege innfallsvinklar på ei historiografisk undersøking av ein politisk aktør, og den tette hendingsrekkja i 1807-1814 gjer det til ei utfordring å stille dei riktige spørsmåla. Fredrik VI sat med ansvaret for hendingane i både Danmark og Noreg, og det vil vere sentralt for meg å angripe dei rette hendingsrekkjene, og grunnje valet av dei. Innanfor krigsåra 1807-1814 er det heilt sikkert mogleg å stille andre spørsmål enn det eg gjer, sjølv om eg hevdar at mitt utval skal kunne skape ei samanhengande behandling av Fredrik VI i historieskrivinga.

---

<sup>6</sup> Ein styrande faktor for utanrikspolitikken til Danmark-Noreg tidleg på 1800-talet var målet om å halde heilstaten samla. Dette medførte stadig større utfordringar fram mot 1814. Dyrvik 2005 : 25.

<sup>7</sup> Skriv om Fredrik VI i mellom anna ”*Medens det endnu er Tid*” (1961) og ”*Frederik VI og beslutningen om å avstå Norge*” (1967).

<sup>8</sup> Axel Linvald står bak biografien om statthaldar og nevø til kongen, Kristian Fredrik. Torvald Torvaldsson Höjer har skrive den klassiske biografien til Karl Johan XIV, den franske marskalken Jean Baptiste Bernadotte som vart svensk tronføljar og ein sterk motspelar for Fredrik VI i kampen om Noreg.

<sup>9</sup> *Den standhaftige tinsoldat* er ein kongebiografi som tek for seg Fredrik VI sitt liv gjennom tre deler, Fredrik som barn, kronprins og til slutt konge for Danmark-Noreg. Engberg 2009 : 5 ff.

## 1.2 Problemstilling og avgrensing

Målet mitt er å studere Fredrik VI som Danmark-Noregs øvste militære og utanrikspolitiske leiar, og eg vil fylgje han over tid i desse to rollene. For å kunne kartlegge desse momenta i historieskrivinga treng eg å stille nokre spørsmål. Hovudproblemstillinga mi er:

*Korleis er Fredrik VI (1768-1839) omtala som politisk aktør/strateg i historieskrivinga, med hovudvekt på dei militære og utanrikspolitiske vala i perioden før og under Danmark si avståing av Noreg i 1814?*

Eg har behov for fleire spørsmål til litteraturen, og desse skal i samspel danne grunnlaget for mitt arbeid mot eit endeleg bilete av Fredrik VI som einevaldskonge:

- Kva skilnader i omtalen av politikaren Fredrik VI finn eg i historieskrivinga?
- Skilnad i litteraturen- Fredrik som kronprinsregent og konge: Kva skriv historikarane om hans styresett frå tidleg av og fram mot oppløysinga av heilstaten?
- Kva område i litteraturen kan etterlate tvil omkring vurderinga av Fredrik VI? Kva etterlyser eg?
- Korleis er forholdet mellom mine konklusjonar og biletet som biografen Engberg teiknar?

Delar av historieskrivinga fokuserar på skildring av kongens fysiske og psykiske eigenskapar, noko som fell utanfor kva eg skal legge til grunn for mine konklusjonar. Samstundes er det forsvar- og utanrikspolitikken som er vurderingsgrunnlaget, og difor får ikkje dei interne forholda i Danmark-Noreg ei særleg sentral rolle i oppgåva. Undersøkingssperioden strekker seg frå sommaren 1807, med opptrappinga til heilstatens krigsdeltaking, og fram til og med mars 1814, då kongen ba statthaldaren i Noreg om å gje slepp på motstandsreisinga. Med andre ord fell hendingane og avslutninga på Eidsvoll utanfor mi ramme.

## 1.3 Metode og kjelder

Eg skal freiste å kartlegge Fredrik VI som politisk aktør i historieskrivinga. Korleis ynskjer eg å finne fram og presentere resultatata? Oppgåva er historiografisk i meininga av at det er historieskrivinga som ligg i sentrum av mi undersøking, men samstundes må eg vere ein aktiv

deltakar med kommentarar og analyser. Mitt arbeid med litteraturen, og korleis eg har valgt å ta for meg det mangfaldige utvalet, kjem eg tilbake til. Prosjektet har ei kronologisk oppdeling som tek utgangspunkt i dei sju krigsåra mellom 1807-1814. Det er innanfor denne perioden at historikarane skal få sleppe til. Oppgåva mi vert å setje spørsmålsteikn ved kva eg etterlyser i litteraturen. Eg skal ikkje konkludere noko alternativt syn ut i frå det eg finn i litteraturen. Arbeidet med å behandle historielitteraturen har leia til følgjande metode:

Analysekapitla tek utgangspunkt i tre avgrensa men viktige hendingsrekkjer, som til slutt skal vise kongen sitt leiarskap. Desse hendingsrekkjene, som vert grundig presentert i byrjinga av kvart kapittel, kan gje eit godt bilete av kongen heilt frå krigsutbrotet i 1807 og fram til Kielfreden i 1814. Flåteranet og alliansen med Napoleon i 1807 er temaet for det første analysekapitlet, før eg i neste kapittel tek for meg etterspelet til ein av keisar Napoleon sine større nederlag i 1812, og heilstaten si manglande utanrikspolitiske nyorientering i 1812-1813. Til slutt tek eg opp tapet av Noreg vinteren 1813-1814 i det siste analysekapitlet, som markerar slutten på mi historiografiske undersøking. Kvar av desse hendingsrekkjene vil ha samme struktur og presentasjonsform, noko som tilseier ei tre-deling av kapitla.

Fyrst vil eg gi ein faktabasert gjennomgang av kva som skjedde, der eg tek med dei alminneleg aksepterte og viktige hendingane i dagens historievitenskap. Formålet til denne delen er å auke forståinga av kva historikarane faktisk byggjer ut i frå, og seinare kunne spele ei rolle i mine vurderingar og kommentarar til historielitteraturen. Så skal eg stille nokre spørsmål til historikarane, som er basert på kva eg forventar å finne i litteraturen. Desse spørsmåla er sjølvve verktøyet i min gjennomgang av historieskrivinga. I den neste delen vil eg la nokre sentrale norske og danske historikarar kome til orde med sine vurderingar av Fredrik VI i den bestemte hendingsrekkja. Her kjem den komparative metoden i bruk, der eg forventar å finne sprikande meiningar og skildringar. Til sist i kvar hendingsrekkje vil eg kome med eigne innspel og kommentarar, der eg mellom anna påpeikar kva for vurderingar eg finn mest naturlege, kva eg stiller spørsmålsteikn ved, og ikkje minst kva eg etterlyser av informasjon i litteraturen. Denne metoden kan truleg setje meg i stand til å samanstelle resultatane mine til eit bilete av Fredrik VI som einevaldskonge, med hand om forsvar og utanrikspolitikk. Biografien frå 2009 dukka opp under arbeidet med prosjektet, og betyr at eg som siste ledd i undersøkinga kan teste mine konklusjonar opp mot det biletet som Engberg teiknar i "*Den standhaftige tinsoldat*".

Historielitteraturen, i ulike former, dannar mitt kjeldegrunnlag. Prosjektet har utvikla seg frå byrjinga av, frå eit fokus på utviklinga i historieskrivinga over tid, og innom ei komparativ analyse av norsk, svensk og dansk historieskriving. Tilnærminga eg sit att med no er, etter mi meining, den mest fruktbare i forhold til problemstillinga mi. Eg vel å sjå på historiebidraga som ein heilhet, rett nok med eit medvite forhold til skilnadane mellom ulike kjelder, og trekkje fram dei bidraga som skapar tvil eller debatt. Kjeldeomfanget er av ein størrelse som lett kan leie oppgåva inn på ein gjentakande sti. Dette gjev meg ei utfordring i forhold til kvar eg skal setje grenser, og kva litteratur som kan spele ei relevant rolle i mitt prosjekt. *Kva er det i denne kjelda som bidreg til mine spørsmål?* Det vert òg viktig å finne den litteraturen som gjerne stikk seg fram i høve det "aksepterte" i historievitskapen, men samstundes påpeike dei områda som er prega av konsensus. Eg håpar å vise at kjeldeutvalet mitt er representativt for store delar av historieskrivinga kring Fredrik VI. Nokre ville kanskje ha prioritert andre historikarar, eller historiebidrag, men eg skal freiste å vise at mine konklusjonar er slutta ut i frå dei mest sentrale vurderingane av Fredrik VI som politisk aktør.

I komande og avsluttande del av innleiingskapitlet tek eg for meg nokre av dei mest sentrale historikarane i denne oppgåva, utan at eg har plass til å ta for meg samtlege av dei som eg nyttar i analysen. Kjeldekritiske vurderingar må leggjast i botn av heile litteraturutvalet, og eg arbeidar med markant ulike kjeldetypar innanfor litteraturen. Eg vil ta for meg spesialartiklar, oversiktsverk, debattartiklar og større arbeid på enkelthendingar.<sup>10</sup> I tillegg kan eg no involvere eit biografisk verk som går direkte på Fredrik VI. *Den standhaftige tinsoldat* av Jens Engberg byggjer på grundig kjeldegransking, men framstår utan noteapparat.<sup>11</sup>

## 1.4 Sentrale historikarar

Dei historikarane eg ynskjer å presentere står bak nokre sentrale bidrag til historielitteraturen dei siste 40-50 åra. På same tid som nokre av dei finn støtte og argument hjå kvarandre, er dei og ueinige i tolkninga av foreiningstida og 1814. Eg understrekar at fleire historikarar vil kome til orde enn dei følgjande, men desse er viktige i debatten kring oppløysinga av heilstaten, som er slutten for mi undersøking. Eg byrjar med ein sentral skikkelse i

---

<sup>10</sup> Døme: 1) "Frederik 6. og beslutningen om å avstå Norge" Mykland 1967- 2) "Danmark-Norge 1380-1814 – Nærhed og adskillelse" Feldbæk 1998- 3) "Norsk revolusjon på TV" Lunden 1990 – 4) "Freden i Kiel 1814" Nørregård 1954.

<sup>11</sup> Engberg 2009 : 515 ff.

etterkrigstida, med eit ettermæle på Universitetet i Bergen prega av hans arbeid med foreiningstida si historie.<sup>12</sup>

*Knut Mykland* (1920-2005) vart fødd i Mykland, og byrja sine universitetsstudier i Oslo i 1940.<sup>13</sup> Hans interesse for store spørsmål i historia fekk han til å skrive hovudoppgåve om Ernst Sars' historiske grunnsyn.<sup>14</sup> Etter arbeidet med hovudoppgåva deltok Mykland i arbeidet med Trondheim bys historie, noko som resulterte i bandet *"Fra Søgaden til Strandgaten (1807-1880)"* i 1955.<sup>15</sup> Han byrja på det nyetablerte Historisk Institutt ved Universitetet i Bergen i 1957, og inntok ei professorstilling etter å ha vore kobla til eit universitetsstipendiat i Oslo. Fredrik W. Thue skildrar Mykland som ein *"forteller av natur"*, som kom med sentrale bidrag til klassiske problemfelt i historieskrivinga, som foreiningstida og 1814.<sup>16</sup> Erling Sandmo skildrar forfatterskapet som eit arbeid med sterke litterære kvalitetar.<sup>17</sup> Anne-Hilde Nagel, forfatter av Mykland-artikkelen i Norsk Biografisk Leksikon, skriv at Mykland kom med *"Viktige bidrag innen lokalhistorie, foreningstidens historie og 1814-forskningen (...)"*.<sup>18</sup> I samband med EU-debatten tidleg på 1990-talet var Mykland, som i heile si levetid, ein sterk EU-motstandar. Han delte dette synet med Kåre Lunden, trass i at dei ikkje hadde same syn på dansketida og 1814, noko som resulterte i sterke meiningsutvekslingar.<sup>19</sup> Mykland legg stor vekt på at motstanden i Noreg i 1814 var eit meir eller mindre avtalt spel mellom statthaldar Kristian Fredrik og Fredrik VI.<sup>20</sup> Dette synet vert sjølvstøtt sentralt for oppgåva. Mykland var òg hovudredaktør for det bandsterke Cappelen's *Norgeshistorie*, der det niande bandet *Kampen om Norge- 1814* er viktig i denne undersøkinga. Artikkelen *"Frederik VI og beslutningen om å avstå Norge"* frå antologien *Omkring 1814*, er ein sentral artikkel i 1814-debatten, og dannar òg grunnlaget for den seinare mediedebatten kring Fredrik VI i 1814.

Ein annan bidragsytar i 1814-debatten har vore *Kåre Lunden (1930-)*. Han er professor emeritus i historie ved Universitetet i Oslo, og har konsentrert mykje av arbeidet sitt kring

---

<sup>12</sup> Norsk Biografisk Leksikon (NBL) 2003 : 416 f.

<sup>13</sup> NBL 2003 : 416 f.

<sup>14</sup> *"Knut Mykland som nasjonal forteller"* Thue 2006- Historisk Tidsskrift : 618.

<sup>15</sup> NBL 2003 : 416 f.

<sup>16</sup> Thue 2006 : 618 f.

<sup>17</sup> *"Stil og sted- Knut Mykland som historieforfatter"* Sandmo 2006- Historisk Tidsskrift : 585.

<sup>18</sup> NBL 2003 : 416.

<sup>19</sup> Avisdebatt i Dagbladet i januar-februar 1990, i etterkant av TV-serien *1814* som gjekk på NRK i 1989. Der var Knut Mykland fagkonsulent for produsent Stein Ørnhoi. Denne debatten kjem eg tilbake til i kapittel 5.

<sup>20</sup> Dahl 1992 : 300.

middelalderens sosiale og økonomiske historie.<sup>21</sup> Lunden vaks opp i Naustdal i Sunnfjord, og tok sin examen artium ved Firda landsgymnas i 1950. Han byrja ved Historisk Institutt i Oslo, som lektor frå 1971, og deretter professor frå 1976-1997.<sup>22</sup> Sentralt for Lunden sitt 1814-syn er tolkinga av fridomen som eit resultat av ein indre framvekst av opposisjon i Noreg, framfor eit resultat av dei politiske hendingane på kontinentet.<sup>23</sup> Lunden hevdar at Noreg vart konsekvent økonomisk utbytta i foreiningstida, og at Noreg måtte lide som ein del av heilstaten.<sup>24</sup> Bibliografien til Kåre Lunden inneheld i 2000 heile 432 nummer.<sup>25</sup> Lunden spelar i mi oppgåve ei sentral rolle i kapitlet som tek for seg vinteren 1813-1814, der han møter Mykland i mediedebatt kring grunnleggande tolkingar av årsakene til den norske reisninga i 1814. Denne debatten kjem òg fram i Lunden sin *"Nasjon eller union? Refleksjonar og røynsler"* frå 1993, som tok opp sentrale spørsmål i debatten om EU-medlemskap.

*Ole Feldbæk* (1936-) er tidligare professor i historie ved Københavns universitet. Han har forska på dansk handels- og kolonihistorie, og vore bidragsyter i fleire danske oversiktsverk.<sup>26</sup> Sentrale arbeid som vert nytta i denne oppgåva er *"Tiden 1730-1814"* i *Gyldendals Danmarks historie* frå 1982, og *"Nærhed og adskillelse 1720-1814"* i *Danmark-Norge 1380-1814*. Feldbæk deltek òg i debatten på 1990-talet, som tek for seg opptrappinga til hendingane på Eidsvoll i 1814. Feldbæk er ikkje det einaste danske bidraget i oppgåva. *Jens Engberg* (1936-), som var professor i historie ved Aarhus universitet i perioden 1976-2006, får ei spesiell rolle i min arbeidsmetode.<sup>27</sup> I 2009 gav han ut det fyrste kongebiografiske verket om Fredrik VI sitt liv, *"Den standhaftige tinsoldat"*, som skal fungere som ein målestokk for mine tankar og konklusjonar mot slutten av oppgåva. Engberg har skrive om politisk- og administrasjonshistorie frå 1600-talet, den danske arbeiderbevegelsen på 18. og 1900-talet, medan det nyaste verket er ein 500-siders kongebiografi om Fredrik VI.<sup>28</sup>

---

<sup>21</sup> NBL 2003 : 149.

<sup>22</sup> NBL 2003 : 149.

<sup>23</sup> NBL 2003 : 149.

<sup>24</sup> Dahl 1992 : 300.

<sup>25</sup> NBL 2003 : 149.

<sup>26</sup> Helle [et.al] (red.) 1996 : omslag.

<sup>27</sup> Engberg 2009 : omslag.

<sup>28</sup> Den Store Danske : 13.05- 2010.

## 2. Utanrikspolitisk bakgrunn – Danmark-Noreg

Den oldenborgske staten<sup>29</sup> går heilt tilbake til 1380.<sup>30</sup> Gjennom 434 år, heilt fram til Danmark si avståing av Noreg, var dei to landa på same side i fleire politiske spørsmål på kontinentet. Etter kvart var det tydeleg at Danmark og Noreg ikkje var likestilte i unionen, og det danske riksrådet i København utpeika seg som det politiske maktsetet. Frå 1450 av var det nettopp dette rådet som avgjorde kongevalet for heilstaten, og i 1536 vart det norske riksrådet avskaffa og det danske regimet omgjorde Noreg til eit lydrike.<sup>31</sup> Fokuset mitt skal ligga på det utanrikspolitiske i byrjinga av 1800-talet, og eg vil difor presentere nokre haldepunkt for lesaren- eit bakteppe som kan betre forståinga av Danmark-Noreg si rolle i Europa. Ein verkebyll for heilstaten, både politisk, militært og sosialt, var hertugdøma Slesvig-Holstein-Gottorp.<sup>32</sup>

### 2.1 Slesvig-Holstein

Store delar av 1600-talet var prega av krigføring, der eit sentralt konfliktområde var spørsmålet knytta til territoriell råderett over hertugdømmma Slesvig-Holstein-Gottorp. Lokaliseringa til desse hertugdømmma, som ligg i nordre del av dagens Tyskland, gav danskane ei sårbar grense i sør mot stormaktene, men skulle seinare vise seg som eit problem ovanfor Sverige.<sup>33</sup> Ved fleire høve ynskja Danmark-Noreg si leiing å trekkje til seg hertugdøma, særleg Slesvig, men militær maktbruk vart ikkje godteke av sterkare makter i Europa.

Spørsmålet om råderett over den gottorpske delen av Slesvig skulle få ei førebels løysing i etterkant av den Store nordiske krig, ved fredsslutninga på Fredriksborg 3 juli 1720.<sup>34</sup> Der gav svenskane sin garanti om at dei ikkje ville setje seg i mot avgjerslene kring Slesvig. Denne garantien fekk Danmark-Noreg seinare frå både Frankrike og Storbritannia.<sup>35</sup> Motstand fekk danskane likevel, spesielt frå den gottorpske hertugen Carl Friedrich, som på si side søkte hjelp hjå Preussen og Russland. Protestane gav ikkje resultat, og i august 1721 sende kong

---

<sup>29</sup> Danmark-Noreg, frå 1380 av rekna som union. Samansett stat, som etter navnet på kongefamilien kan omtalast som den oldenborgske staten. Dyrvik 1999 *Vegar til sjølvstende* : 18.

<sup>30</sup> Dyrvik 1998 *Truede Tvillingriker* : 14.

<sup>31</sup> Dyrvik 1998 : 14.

<sup>32</sup> Slesvig var dansk hertugdøme, medan Holstein var tysk. Halvparten av dei to hertugdøma tilhørde den danske kongen, og hertugfamilien av Holstein-Gottorp sat på dei to andre helvtene. Dyrvik 1999 : 20 f.

<sup>33</sup> Dyrvik 1999 : 162.

<sup>34</sup> Gregersen 1981 : 372.

<sup>35</sup> Gregersen 1981 : 372.

Fredrik IV ut det ”kongelige patent om inkorporation”<sup>36</sup>. Ved den russisk-svenske freden i 1721 enda Sverige sin periode som den leiende stormakta i Nord-Europa, og Peter den Store og Russland avløyste svenskane i nettopp den rolla.<sup>37</sup> No var den danske kongen, Fredrik IV, eineveldig i det nordlegaste hertugdømet. Men det tyske Holstein var framleis delvis styrt av den gottorpske hertugen.<sup>38</sup> Han var som regel alliert med fiendane av Danmark, men den oldenborgske staten makta å halde seg nøytral gjennom to store europeiske krigar.<sup>39</sup> Hertugdøma skulle framleis skape problem for Danmark-Noreg.

## 2.2 Fredstid og Den evige alliansen

Trass i den lange fredstida etter den store Nordiske krig, der Danmark-Noreg heldt seg nøytrale i storkonfliktene, var det ikkje mangel på utfordringar for statsleiinga. Under den austerriske arveføljekrigen 1740-48 og Sjuårskrigen 1756-63 held Danmark-Noreg seg nøytrale. Seinare skulle heilstaten få stadig aukande problem med å halde seg utanfor dei store konfliktene i Europa. Mellom anna ville ikkje problemet med den gottorpske hertugfamilien løyse seg. Den gottorpske hertugen vart gifta inn i den russiske tsarfamilien i 1725, og som eit resultat av dette ekteskapet vart Karl Peter Ulrik fødd, arving av både hertugtittelen og sjølvaste Russland.<sup>40</sup> Når i tillegg ein annan i den same gottorpske slekta, Adolf Frederik, vart vald til svensk tronføljar i 1743, var plutselig ikkje sør- og austgrensa til Danmark-Noreg like trygg lenger. No når den gottorpske slekta ekspanderte, var dette eit naturleg faremoment for heilstaten med tanke på forhistoria til hertugdømmet. Det heile kunne ha gått verkeleg gale i 1762, etter at den nykrona russiske tsaren Karl Peter Ulrik ville angripe Danmark-Noreg. Målet hans var å vinna tilbake den tapte delen av Slesvig. Russiske styrkar stod nær den danske grensa, og dei nasjonane som tidligare gav støtte til heilstaten, fell no ifrå.<sup>41</sup> Men plutselig trakk dei russiske styrkane seg tilbake. Den russiske tsaren vart drepen i eit kupp, og kona tsarina Katarina tok over statsleiinga på vegne av son sin.<sup>42</sup> Det ”gottorpske spørsmålet”, som dominerte heilstaten sitt forhold til utlandet frå freden i 1720, nærma seg ei løysing. Russland byrja ei utanrikspolitisk nyorientering.

---

<sup>36</sup> Gregersen 1981 : 373.

<sup>37</sup> Skeie 1953 : 249.

<sup>38</sup> Dyrvik 1999 : 162.

<sup>39</sup> Dyrvik 1999 : 162.

<sup>40</sup> Dyrvik 1999 : 162.

<sup>41</sup> Feldbæk 1998 : 56 f.

<sup>42</sup> Dyrvik 1999 : 162.



Ein makteskifteavtale, etter retningslinene til svenskekongen Adolf Frederik i 1749, fann stad i 1773.<sup>43</sup> Det gottorpske spørsmålet fekk no ei løysing. Makeskifteavtalen vart underteikna 1. juni 1773, men traktatarbeidet var ikkje over i St.Petersburg dette året. Den evige alliansetraktat, som skulle danne grunnlaget for forholdet mellom Russland og Danmark-Noreg, fekk navnetrekka til kongens utsending og den russiske utanriksministeren den 12 august 1773.<sup>44</sup> Ein sentral mann for Danmark-Noreg dei komande tiåra, Andreas Peter Bernstorff<sup>45</sup>, kom med dette direkte inn i sentrum av storpolitikken, etter at han vart utanriksminister det same året.<sup>46</sup> Den utanrikspolitiske kampen skulle frå no av handle om kampen for Noreg, mest på grunn av ein aggressiv svensk politikk. Kong Gustav 3 kom på trona att etter eit kupp i 1772. Eineveldet vart innført, og det vart med ein gong gjort klart at målet var å vinne Noreg.<sup>47</sup> Denne kampen skulle med vekslande intensitet halde på heilt fram til 1814.

### 2.3 Defensiv nøytralitet og gullalder for handel

Dei komande åra skulle Danmark-Noreg nyte godt av konflikter mellom erkerivalane Storbritannia og Frankrike. Perioden under den amerikanske sjølvstendekrigen<sup>48</sup> er skildra som ein økonomisk gullalder for heilstaten.<sup>49</sup> Skipsfarten og handelen gjekk lyse tider i møte, og høgkonjunktoren var eit resultat av varetransport på vegne av dei krigførande maktene. I 1780 gjekk Russland, Sverige, Nederland og Danmark-Noreg saman og danna eit *væpna nøytralitetsforbund*<sup>50</sup>, for å sikre den nøytrale skipsfarten dei drog nytte av.<sup>51</sup>

---

<sup>43</sup> 1749: Adolf Frederik godkjende tapet av Slesvig i 1720. Ville òg byte dei gottorpske delane av Holstein mot dei danske grevskapa Oldenburg-Delmenhorst. Etter makeskifteavtalen i 1773 var den danske kongen eineherskar over Holstein, og den gottorpske hertugen fekk grevskapa i byte. Dyrvik 1999 : 162 f.

<sup>44</sup> Feldbæk 1998 : 60.

<sup>45</sup> A.P Bernstorff (1735-1797) Utanriksminister 1773-80 og 1784-97. Respektert og dyktig statsmann av ”*europesk format*”. Sentral støttespelar for kronprins Fredrik. Achen&Bech (red.) 1963 : 248.

<sup>46</sup> Achen&Bech (red.) 1963 : 242.

<sup>47</sup> Dyrvik 1999 : 163.

<sup>48</sup> 13 amerikanske koloniar gjorde opprør mot det engelske styret i 1775. Frankrike gjekk inn på koloniane si side i 1778, og krigen enda i 1783. Feldbæk 1998 : 206.

<sup>49</sup> Achen&Bech (red.) 1963 : 243.

<sup>50</sup> Kong Kristian VII fulgte oppfordringa til tsar Katarina 2 om å tre inn i eit væpna forbund under Russlands leiing. Målet var å hevde ei rekkje nøytralitetsprinsipp, som mellom anna skulle beskytte medlemslanda si utnytting av handelen. Feldbæk 1996 : 26.

<sup>51</sup> Achen&Bech (red.) 1963 : 244.

Gjennom denne krigen praktiserte Danmark-Noreg ein defensiv nøytralitetspolitikk, som skulle vise seg å vere suksessfull.<sup>52</sup> Krigsperioden er omtala som det absolutte høgdepunktet for heilstaten si handelsverksemd på 1700-talet.<sup>53</sup> Dansk og norsk sjøfart tok over den handelen som dei krigførande ikkje makta å halde fram med. I Den evige alliansen med Russland skaffa Danmark-Noreg seg ein garantist for Noreg si framtid i heilstaten, men måtte samstundes gje frå seg noko av den utanrikspolitiske handlefridomen. Det var for farleg å setje seg opp mot dei strategiane som Russland hadde lagt. Danmark-Noreg stod ved nøytralitetsprinsippa, men var innstilt på ei pragmatisk tilnærming til eventuelle krav om endringar frå stormaktene, ikkje berre deira allierte i aust.<sup>54</sup>

Det same var tilfellet under neste krigsutbrot mellom Storbritannia og Frankrike i 1793, og revolusjonskrigane førte til eit sterkt politisk og militært press på Danmark-Noreg om å gå saman med dei øvrige stormaktene i kampen mot det revolusjonære Frankrike.<sup>55</sup> Middelet var å svelte Frankrike, og få attende kongemakta. Nøytralitetspolitikken til Bernstorff og heilstaten var framleis defensiv, men presset utanfrå sette den økonomisk gode perioden i fare. Heilstaten makta å halde på prinsippa. Transporten av korn til nettopp Frankrike var ein markant del av handelsverksemda, og Danmark-Noreg lukkast i å hevde ”*folkerettens og neutralitetens principper*” for evige.<sup>56</sup>

## 2.4 Offensiv nøytralitet og slaget på Københavns red

Heilstaten utnytta vidare dei gode vilkåra for skipsfarten. Men revolusjonskrigane frå 1793 skulle vise seg å vekse i intensitet og omfang, noko som til slutt sette Danmark-Noreg i fare i 1801. Men i byrjinga av krigsperioden fekk den defensive nøytralitetspolitikken spelerom, og mykje av æra for det fekk Andreas Peter Bernstorff.<sup>57</sup> Han såg kor viktig det var å halde seg roleg i konflikter med dei krigførande, og ikkje gje dei påskot om å ta knekken på den dansk-norske handelsfarten, som frakta varer til og frå Frankrike og Storbritannia. Men

---

<sup>52</sup> Dyrvik 1999 : 202 f.

<sup>53</sup> Feldbæk 1998 : 207.

<sup>54</sup> Feldbæk 1998 : 207.

<sup>55</sup> Feldbæk 1998 : 209.

<sup>56</sup> Feldbæk 1998 : 209.

<sup>57</sup> Feldbæk 1996 : 29.

utanriksministeren gjekk bort i 1797, og sonen Christian Günther Bernstorff tok over roret.<sup>58</sup> I samspel med kronprinsen endra C. Bernstorff på forholda rundt handelsflåten, som dei føreståande åra hadde ytra eit ønskje om væpna konvoiering. A.P Bernstorff hadde nekta dei det, men i 1798 endra dette seg.<sup>59</sup> No vart væpna konvoiering ein realitet, og med det endra nøytralitetspolitikken til heilstaten seg, frå defensiv til offensiv.

Dette fekk naturleg nok konsekvensar for stormaktenes forhold til den nøytrale skipsfarten som saumfarte kysten langs kontinentet. Og det var Storbritannia som sette foten ned. Etter eit samantreff mellom fregatten Frøya og ein britisk patrulje i juli 1800, der den danske konvoien måtte gje opp prinsippet om å nekte britane ein inspeksjon, formaliserte dei nøytrale landa eit nytt samarbeid.<sup>60</sup> I desember vert Russland, Danmark-Noreg, Sverige og Prøyssen einige om ei fornying av nøytralitetsforbundet av 1780.<sup>61</sup> Desse landa skulle kjempe for prinsippa om fri ferdsel for den nøytrale skipsfarten, og planen var å mobilisere ein flåte som skulle tvinge britane til å godkjenne nøytralitetsprinsippa.<sup>62</sup> Men britane handla raskare. Både britiske og russiske styresmakter la beslag på fiendens skip i sitt eige land, men det var i mars 1801 at Storbritannia synte fram si overmakt. Ein sterk britisk flåte segla inn Øresund, og slaget på Københavns red er kjend som den kontante slutten for den offensive nøytralitetspolitikken til heilstaten.<sup>63</sup> Konsekvensane var fleire, men mest sentralt er britanes gjennomslag for auka kontroll av den nøytrale skipsfarten, samstundes som handelsskipa måtte gje slepp på væpna eskortering.<sup>64</sup> I utgangspunktet var Danmark-Noreg pressa til å yte motstand, men med meldinga om at tsar Paul I var myrda, kunne danskane føre samtalar med britane utan frykt for Russland.<sup>65</sup> Slaget på Københavns red tok livet av fleire tusen, men då forhandlingane nærma seg eit samanbrot, og det såg ut til at britane på ny skulle setje i gong eit bombardement, kom informasjonen om drapet på tsaren.<sup>66</sup>

Hendingane i 1801 var eit slag i andletet for heilstaten, og politikken vart endra dei følgjande åra. Kampane mellom Frankrike og Storbritannia rasa vidare, og Danmark-Noreg sat på sidelina med ein sær sars varsam nøytralitet. Etter kvart som dei franske styrkane tok seg fram

---

<sup>58</sup> Achen&Bech (red.) 1963 : 250.

<sup>59</sup> Feldbæk 1996 : 31.

<sup>60</sup> Achen&Bech (red.) 1963 : 251.

<sup>61</sup> Achen&Bech (red.) 1963 : 251.

<sup>62</sup> Feldbæk 1996 : 30.

<sup>63</sup> Dyrvik 1999 : 204.

<sup>64</sup> Dyrvik 1999 : 204.

<sup>65</sup> Feldbæk 1996 : 31.

<sup>66</sup> Feldbæk 1998 : 213 f.

over det europeiske kontinentet, tyda meir og meir på at det snart ikkje var ope for nøytrale nasjoner. Før eg tek for meg hendingane i 1807, som var året då nettopp denne spådomen slo til, vil eg kort presentere regjeringstida til kronprins Fredrik.

## 2.5 Kronprinsen som regent

Perioden før kronprins Fredrik kom inn i politikken, var prega av radikale endringar i maktfordelinga i statsrådet, eller Geheimstatsrådet.<sup>67</sup> Far til kronprinsen, Kristian VII (1749-1808), vart ramma av sinnsjukdom i tidleg alder. Denne usikre situasjonen drog nokre sentrale skikkelsar rundt kongefamilien nytte av, og gjennom to periodar var all korrespondanse til og frå kongen dirigert via dei reelle makthavarane. Makta var i praksis ikkje hjå kongen.<sup>68</sup> Men i 1784 var den unge kronprinsen gamal nok til å ta sete i Geheimstatsrådet, og tok kontrollen med ein gong. Ove Høegh Guldberg var mannen som sidan statskuppet i 1772 hadde vore heilstatens eigentlege leiar.<sup>69</sup> Den 14. april 1784 makta sekstenåringen Fredrik, i samarbeid med nokre av Guldbergs motstandarar, å få kongens underskrift på at kronprins Fredrik skulle sitje med makta over heilstaten.<sup>70</sup> Kuppet gjekk for seg utan særleg dramatikk, men endringane var fleire. Kabinetstyret vart oppheva, gamle statsrådar fjerna og nye tilsett. Statsrådsstyret vart òg oppretta på nytt etter den gamle modellen.<sup>71</sup>

Andreas Peter Bernstorff var ein av personane som stod bak kronprinsen, og framstod på ny som ein sentral aktør etter han hadde gått av som utanriksminister i 1780. No var han attende i den same rolla.

Dei komande åra etter kuppet, måtte den unge og uerfarne kronprinsen leggje si lit til medarbeidarane rundt seg. I 1788 reiste Fredrik på Norgestur, der han understreka kor viktig Noreg var for heilstaten.<sup>72</sup> To år seinare gifta kronprinsen seg med prinsesse Marie, dotter av Fredrik sin onkel, prins Carl av Hessen.<sup>73</sup> Kronprinsen markerte seg som ein arbeidssam regent. Han viste vilje til å ta del i avgjerslene, trass i at Geheimstatsrådet spelte ein sentral

---

<sup>67</sup> Tidlegare *Geheimkonseillet*. Tilsvarande regjering, som kongen i større eller mindre grad tok hensyn til før avgjersler. Dei siste kongeperiodane hadde variert mellom konseilstyre og kabinetstyre, der sistnemnde var kongens næraste medarbeidarar i eit "lukka" kabinet. Dyrvik 1999 : 155 ff.

<sup>68</sup> Dyrvik 1999 : 156 f.

<sup>69</sup> Achen&Bech (red.) 1963 : 242.

<sup>70</sup> Achen&Bech (red.) 1963 : 244 f.

<sup>71</sup> Feldbæk 1998 : 184.

<sup>72</sup> Feldbæk 1998 : 186 f.

<sup>73</sup> Achen&Bech (red.) 1963 : 247.

rolle i perioden etter kuppet i 1784.<sup>74</sup> Kristian VII var framleis konge, trass i sjukdomsproblema hans, og han fungerte som midtpunktet i hoffet.<sup>75</sup> I praksis inntok kongen ei rolle som "underskriftsmaskin".<sup>76</sup> Desse åra var den utanrikspolitiske kursen tydeleg for Danmark-Noreg, mykje takka vere A.P. Bernstorff.<sup>77</sup> Utanriksministeren gjekk bort i 1797, og etter dette tok kronprinsen stadig meir politisk ansvar, samstundes som utøvinga av nøytraliteten endra seg.<sup>78</sup> Kronprinsen tok avgjersla om væpna konvoiering av handelsflåten, noko som òg var eit ynskje frå handelsnæringa sjølv. Han sette etter kvart krav om at alle rapportar frå generalane skulle sendast direkte til sitt eige kabinett, dei skulle ikkje innom Generalitetskollegiet.<sup>79</sup>

Eit av kjenneteikna til den unge regenten var hans stødige kurs for sine standpunkt, noko som gjennom den offensive nøytralitetspolitikken utfordra heilstatens tryggleik.<sup>80</sup> Storbritannia retta krav til Danmark-Noreg om å gje slepp på konvoiprinsippet, noko som kronprinsen inntok ei negativ haldning til. Det hadde grunnlag i lojaliteten til alliansen med Russland, som allereie hadde alliert seg med Napoleon i kampen mot Storbritannia, og forventa at Danmark gav britane motstand.<sup>81</sup> Den spente situasjonen løyste seg altså med meldinga om tsarens død, og kronprins Fredrik kunne no gå i forhandlingar med Storbritannia i håp om ein våpenkvile. Han hadde lært at heilstaten måtte framstå som varsame på kontinentet etter at det fekk merke maktutøvinga til den overlegne britiske flåten. Kursen vidare skulle vise seg å vere grunnleggjande i det meste av den utanrikspolitiske orienteringa i åra framover. Men kronprinsen tok til seg stadig meir makt. Grepet omkring hans stadig aukande forvaltningsområde vart strama, og fleire avgjersler vart tekne av kronprinsen før dei kom opp i Statsrådet.<sup>82</sup> Ole Feldbæk skildrar åra fram til krigsutbrotet i 1807 som "*utviklingen af den personlige enevælde*".<sup>83</sup> Dei rolege åra vart avløyst av eit militærpolitisk press på kronprinsen i 1807.

---

<sup>74</sup> Dyrvik 1999 : 157.

<sup>75</sup> Feldbæk 1998 : 185.

<sup>76</sup> Feldbæk 1998 : 185.

<sup>77</sup> Mykland 1978 : 103.

<sup>78</sup> Linvald 1923 : 104.

<sup>79</sup> Feldbæk 1998 : 191.

<sup>80</sup> Feldbæk 1996 : 29.

<sup>81</sup> Feldbæk 1996 : 30.

<sup>82</sup> Feldbæk 1998 : 192.

<sup>83</sup> Feldbæk 1998 : 192.

Kronprinsens behov for kontroll lot seg vise ved fleire delar av den daglige praksisen. Forholdet til hans rådgjevarar og medarbeidarar, og behandlinga av offentleg kritikk, bar preg av ei poengtering av at det var han sjølv som sat med ansvaret.<sup>84</sup> På same tid var han merksam på forhold som kunne trekkje ned omdømet til embetsstanden, for det kunne på sikt ”*svække den Respekt og Anseelse, der var nødvendig for Opretholdelsen af dens Stilling*”.<sup>85</sup> Pliktkjensla stod sterkt i kronprinsregenten, noko som han òg sette som krav til sine medarbeidarar. Kanskje skapte den store arbeidskapasiteten til kronprinsen, i kombinasjon med hans oppfatning av at landets leiar skulle ta del i ”alt”, ei ulempe for handteringa av vanskelege spørsmål.<sup>86</sup> Frå 1807 av makta ikkje kronprins Fredrik å halde Danmark-Noreg nøytralt, og det var startskotet for både krigsdeltakinga og ein av dei mørkare periodane til heilstaten.

---

<sup>84</sup> Linvald 1923 : 39.

<sup>85</sup> Linvald 1923 : 40 f.

<sup>86</sup> Linvald 1923 : 24 f.

### 3. 1807: Danmark-Noreg inn i krigen

#### 3.1 Hendingsrekke 1807

1807 var året då Danmark-Noreg vart tvinga med i storkonflikta på det europeiske kontinent. Siste halvdel av året bar preg av store utanrikspolitiske oppgåver, og fleire på kort tid. Heilstaten vart sett under eit stort press frå stormaktene Storbritannia og Frankrike. Eg vil i følgjande del skape eit rammeverk av dei sentrale hendingane, slik at både eg og lesaren betre kan forstå handlingane til min sentrale aktør, og samstundes kunne stille spørsmål til litteraturen som tek for seg desse hendingane. Det britiske bombardementet og Flåteranet er i historieskrivinga dei største hendingane, men dei brukar eg ikkje særleg plass på med mitt aktørfokus.

##### 3.1.1 Kristian Fredrik i Kiel

Kronprinsen og utanriksminister Christian Bernstorff slo seg ned i Holstein i 1805, etter å ha brukt meir og meir tid der dei siste åra. Dette var motivert av behovet for å vere nærmare dei europeiske konfliktområda.<sup>87</sup> Samstundes var det viktig for Danmark-Noreg å vise vilje til å forsvare nøytraliteten, og kronprinsen rusta opp forsvaret i Holstein, mellom anna som ein konsekvens av fransk kontroll over fyrstedømmet Hannover.<sup>88</sup> Dei siste hundre åra hadde hertugdøma og sydgrensa til Danmark vore arena for konflikter. Napoleons frammarsj dei føregåande åra var òg ein faktor å tenkje på for kronprinsen. Hertugdømmet var inngangsdøra til den jyske halvøya, og med franske troppar like sør for denne, skapte det ein usikker og vanskeleg periode for Danmark. Napoleon oppfordra på same tid kronprins Fredrik til trekke Holstein inn i det dansk-norske kongeriket.<sup>89</sup> Mykje av krigføringa føregjekk sør for heilstaten si grense, og difor måtte store ressursar og troppar plasserast nettopp her. Danmark-Noreg var nøytralt og stod fast på at dansk territorium ikkje skulle vere ein del av krigen.

---

<sup>87</sup> Mykland 1978 : 140.

<sup>88</sup> Mentz 2007 : 89.

<sup>89</sup> Bjørn 1990 : 97.

### 3.1.2 Fastlandssperringa og Orders in Council

I ettertid av slaget ved Trafalgar i 1805, der den britiske flåten sigra over ein fransk-spansk styrke, sat britane med det definitive herredømet til sjøs.<sup>90</sup> Men Napoleon innleia det første av ei rekkje felttog som skulle gje Frankrike stadig større områder av det europeiske kontinentet. I 1805 sigra han over Austerrike, og året etter vart det tysk-romerske keisarriket oppløyst, og erstatta av Rhinforbundet, ei samanslutning av tyske statar til eit fransk-kontrollert område.<sup>91</sup> Men det var ikkje berre det faktum at Napoleon tok til å stramme grepet omkring Europa som fekk konsekvensar for Danmark-Noreg. Krigføringa vart praktisert på andre område enn slagmarka.

I Berlin den 21. november 1806 kunngjorde Napoleon ei økonomisk krigføring retta mot handelsorienterte Storbritannia.<sup>92</sup> Fastlandssystemet, òg kjend som fastlandssperringa, omfatta dei områda som var under direkte fransk kontroll, og statane som var Frankrikes allierte. Målet var å stengje alle havner for handel med Storbritannia, og på den måten kvele britanes stridskraft over tid. ”*Kunne ikke England knekkes militært, kunne det knekkes økonomisk*”<sup>93</sup>. Det neste trekket stod britane for, gjennom deira svar på den franske fastlandssperringa.

”*The Orders in Council were the British response to Napoleon`s Berlin Decree of 21 November 1806,..*”<sup>94</sup>. I januar 1807 innførte den britiske regjeringa eit tiltak som var meint å råke den franske handelsnæringa på same måte som fastlandssperringa.<sup>95</sup>

I praksis fekk dette konsekvensar for all handel og frakt mellom havner der det britiske flagget ikkje var velkomen. Storbritannia ville handheve desse tiltaka ved å angripe all trafikk mellom franske havner og havnene til deira allierte.<sup>96</sup> Som følgje av desse handelsrestriksjonane gjekk Danmark-Noreg inn i ei vanskeleg tid. Med stadig tettare krigføring på kontinentet, og med den militære framgangen til Napoleon, såg det mørkt ut for den danske nøytraliteten. På sommaren 1807 hadde dei franske styrkane flytta sitt tyngdepunkt lengre aust i Europa. 14 juni vart russiske troppar nedkjempa i slaget ved Friedland, ikkje langt ifrå den russiske grensa. Ikkje lenge etter sette Napoleon og tsar Alexander seg ved forhandlingsbordet, og utforma ein fredsavtale som skulle få konsekvensar

---

<sup>90</sup> Feldbæk 1998 : 311.

<sup>91</sup> Mentz 2007 : 88.

<sup>92</sup> Munch 2007 : 55.

<sup>93</sup> Mykland 1978 : 148.

<sup>94</sup> Munch 2007 : 55.

<sup>95</sup> Munch 2007 : 54 ff.

<sup>96</sup> Øverland 1891-95 : 1721.



for Danmark-Noreg.<sup>97</sup> Russland, som sidan 1773 var i allianse med Danmark-Noreg, var no pressa på defensiven av Napoleon. No ynskja den franske keisaren å få med seg tsar Alexander inn i Fastlandssperringa, og etter kvart skulle dei nøytrale statane tvingast til å gjere det same.

### 3.1.3 Freden i Tilsit – Juli 1807

Frå 25. juni, datoen då tsar Alexander I og Napoleon ankom kvar sin elvebreidd ved Njemen, skulle dei avgjere det framtidige forholdet mellom dei to stormaktene.<sup>98</sup> Forhandlingane ved Tilsit gjekk over eit par veker, og fredsavtalen mellom Russland og Frankrike vart slutta 7. juli 1807.<sup>99</sup> Det var på det utanrikspolitiske plan at avtalen fekk størst ringverknader. Russland vart einig med Napoleon om eit samarbeid der Russland forplikta seg til å fungere som fredsmeklar mellom Frankrike og Storbritannia.<sup>100</sup> Freden skulle rett nok baserast på retningsliner utforma av Napoleon, mellom anna at britane måtte gje frå seg koloniar dei hadde erobra. Gjekk ikkje Storbritannia med på desse vilkåra i fredsforhandlingane, skulle tsaren åtvare britane om at Russland var klar til å kjempe saman med Frankrike.

Danmark-Noreg sitt forhold til Russland var fastlagt i *den evige alliansen* frå 1773. ”*Denmark’s association with Russia was the ultimate guarantee of her continued hold on Norway,...*”<sup>101</sup>. Tida etter Tilsit utfordra dette samarbeidet.

”*In this event, France and Russia would act in concert to demand that Denmark, Portugal and Sweden should close their ports to British shipping and declare war on Britain. If one or more of these three powers refused, they would be treated as enemies by France and Russia*”<sup>102</sup>

Om desse landa nekta å samarbeide etter Napoleons instruksar, skulle dei reknast som Russland og Frankrikes fiendar.<sup>103</sup>

Russland inngjekk ein avtale der landet i praksis forlet si rolle som samarbeidspartnar- og militær støttespelar til heilstaten, og tok på seg ei oppgåve der dei nærmast dikterte vilkåra for den utanrikspolitiske framtida til Danmark-Noreg.<sup>104</sup>

---

<sup>97</sup> Bjørn 1990 : 107.

<sup>98</sup> Munch 2007 : 23 ff.

<sup>99</sup> Munch 2007 : 24.

<sup>100</sup> Munch 2007 : 31.

<sup>101</sup> Munch 2007 : 41.

<sup>102</sup> Munch 2007 : 31.

<sup>103</sup> Mykland 1978 : 149.

### 3.1.4 Britisk flåte til dansk farvatn

Storbritannia var usikre på Danmark-Noregs vilje til å halde på nøytraliteten. Under utanriksminister George Canning planla britane ei førebuing av ein aksjon til dei danske farvatna.<sup>105</sup> Britiske troppar var allereie stasjonert i svensk Pommern, aust for dei danske hertugdøma. Dette var eit argument som kunne forsvare sendinga av ei krigsflåte til Øresund.<sup>106</sup> Det var redselen for fransk invasjon av den jyske halvøya som gjorde britane årvåkne. Fransk okkupasjon av Jylland ville vore eit trugsmål for deira sentrale handelssamkvem med Østersjølanda.<sup>107</sup> Om britane skulle få spørsmål frå dansk hold om kvifor dei segla med krigsskip i dansk farvatn, skulle dei få følgjande svar: Flåten skulle levere forsyningar til troppane i Pommern, eller fungere som eit skjold for ei eventuell tilbaketrekking av dei same troppane.<sup>108</sup>

Canning fekk ikkje kjennskap til at det hadde vore eit møte på elva Njemen før 16. juli, og då var den britiske regjeringa allereie i gong med klargjeringa av flåten.<sup>109</sup>

Innhaldet og resultatet av samtalanene kjende britane ikkje til, men dei frykta ein separat fred mellom dei to stormaktene. Det formelle forslaget om ei fredsmekling frå russisk hald kom 1 august, og planen til Storbritannia var å dra ut tida for å kunne få den naudsynte kunnskapen om fredsavtalen i Tilsit. Faktisk kjende ikkje Canning og britane til innhaldet av the *public treaty* mellom Frankrike og Russland før 12. august, og då var presset allereie lagt på Danmark.<sup>110</sup>

Britane var usikre på lovnaden til Russland om å arbeide fram ein fred, og var redde for at danskane ville gje etter for eit fransk press. I ettertid kan ein lese at eit av motiva for åtaket mot Danmark var ”to stun Russia into her senses again”<sup>111</sup>, skriv Munch. Dei ville sende eit tydeleg signal til både tsar Alexander og keisar Napoleon. No kom det nye ordrer til skipa på veg mot Pommern. Målet var København.<sup>112</sup>

---

<sup>104</sup> Munch 2007 : 31.

<sup>105</sup> Holm 1912 (7:1) : 244.

<sup>106</sup> Munch 2007 : 101.

<sup>107</sup> Munch 2007 : 98.

<sup>108</sup> Munch 2007 : 105.

<sup>109</sup> Feldbæk 1998 : 314.

<sup>110</sup> Munch 2007 : 133.

<sup>111</sup> Munch 2007 : 116.

<sup>112</sup> Mentz 2007 : 91.

Tidleg i august kom dei britiske krigsskipa til Øresund. Storbritannias utsending, Francis Jackson, kom til Kiel med krav om eit britisk-dansk forbund, og ei mellombels utlevering av den danske flåten mot erstatning etter krigen. Den franske utanriksministeren Talleyrand ba om eit møte med den danske sendemannen i Paris, Christopher Dreyer. Dreyer tok imot den kontante beskjeden 6. august: Om ikkje den britiske regjeringa godtok meklingsforslaget frå Russland, fekk Danmark-Noreg valet mellom å gå til krig mot britane, eller å verte Frankrikes fiende.<sup>113</sup> I Kiel fekk Jackson prata med utanriksminister Bernstorff og kronprinsen. Trass i at både Bernstorff og kronprins Fredrik var klar over det franske trugsmålet, kjende dei seg ikkje direkte i faresona på kort sikt, og nekta for at dette var eit gyldig argument for britiske tiltak.<sup>114</sup> Bernstorff avslutta møtet med eit hissig utbrot. Neste dag hadde Jackson samtalar med kronprins Fredrik. Det engelske ultimatum laud: ”*enten en alliance, hvorunder flåden skulle stilles under engelsk kommando, eller en udlevering af flåden som pant på helstatens neutralitet*”<sup>115</sup>. Med andre ord ville Danmark-Noreg uansett misse flåten, og skilnaden i alternativa låg på om dei ynskja å støtte Storbritannia eller ikkje.

Samtalen mellom Jackson og kronprinsen var òg prega av ein aggressiv tone, og den enda utan at Jackson fekk eit tydeleg svar frå kronprinsen. ”*He (Fredrik) deployed all the arguments that Christian Bernstorff had already used*”<sup>116</sup>. Argumenta var at britane handla ut i frå falske rykter om ein fransk offensiv mot Danmark. Kronprinsen la òg vekt på at han hadde stor tru på at meklinga leia av Russland ville ende i ein fredsavtale. No var Fredrik klar over at han måtte skunde seg til København for å setje hovudstaden i stand til eit britisk åtak, og han reiste nordover påfølgjande natt.<sup>117</sup> Christian Bernstorff sitt ynskje var at kronprinsen skulle reise til København, medan han sjølv skulle halde fram samtalane med Jackson i Kiel.<sup>118</sup> For Jackson sin del var det avgjerande å få tak i kronprinsen igjen så raskt som mogleg. Mandatet hans, som var presentasjonen av det britiske ultimatumet, hadde ein tidsfrist på 8 dagar. Britane frykta ei taktisk uthaling av tida, og ville unngå å misse overraskingsmomentet. Jackson følgde forgjeves etter kronprinsen. Fredrik hadde allereie reist attende til Kiel då Francis Jackson ankom København.

---

<sup>113</sup> Mentz 2007 : 92.

<sup>114</sup> Munch 2007 : 151.

<sup>115</sup> Feldbæk 1998 : 315.

<sup>116</sup> Munch 2007 : 157.

<sup>117</sup> Munch 2007 : 158.

<sup>118</sup> Munch 2007 : 154.

Kronprinsen gav Joachim Bernstorff, bror til Christian og direktør for utanriksministeriet, fullmakt til å forhandle med Jackson i København, med nokre retningslinjer. Bernstorff kunne, om nødvendig, garantere at Danmark ikkje ville stengje havnene sine for britiske handelsskip.<sup>119</sup> Jackson var lettare irritert over å ha jaga etter kronprinsen utan å få treffe han igjen, og var kun ute etter svar på èitt spørsmål: Danmark-Noreg si stilling til det britiske ultimatumet. Dette var ikkje Joachim Bernstorff i posisjon til å svare på, og Jackson forklarte at han ikkje lenger hadde noko val.<sup>120</sup> Difor vende han tilbake til den britiske flåten 13. august, og gav beskjed om at forhandlingane ikkje hadde kome til nokon konklusjon. Ordrene skulle utførast, og 16. august gjorde britiske styrker landgang på dansk jord.<sup>121</sup> Den same dagen gjorde kronprinsen det klart at Danmark-Noreg var i krig med Storbritannia.<sup>122</sup>

### 3.1.5 Flåteranet og allianse i Fontainebleau

Kronprins Fredrik tok til med å klargjere ein total krig mot invasjonsmakta. Frå Kiel sende han ut ei melding datert 20. august 1807 som oppfordra amtmennene på Sjælland til å mobilisere, aller mest gjennom væpning av innbyggjarane.<sup>123</sup> Utanriksminister Christian Bernstorff formulerte eit forslag som skulle fungere som ei utstrekt hand til Frankrike, utan at han og kronprinsen kjende seg trygge på Napoleon. Det franske ultimatumet, presentert i Paris 6. august, kom ikkje til kronprinsen før britane hadde sett sine føter på dansk jord. Det var viktig at det franske ultimatumet ikkje vart presentert offentleg, då det kunne legitimere britanes invasjon av Danmark.

Forslaget til Bernstorff gjekk ut på at dei franske troppane kunne gjere seg klare til å støtte dei danske troppane, men at dei førebels skulle halde seg sør for hertugdøma. 18. august sende Napoleon instruksar til Bernadotte, som leia dei franske styrkane.<sup>124</sup> Bernadotte skulle marsjere med troppane han råda over, ”*either to the assistance of Denmark or, depending on the turn taken by events, against Denmark.*”<sup>125</sup> Samstundes skulle Bernadotte skrive til

---

<sup>119</sup> Munch 2007 : 162.

<sup>120</sup> Munch 2007 : 162.

<sup>121</sup> Feldbæk 1998 : 316.

<sup>122</sup> Feldbæk 1998 : 318.

<sup>123</sup> Mentz 2009 : 21.

<sup>124</sup> Munch 2007 : 188.

<sup>125</sup> Munch 2007 : 188.

kronprins Fredrik og fortelje at Frankrike var klar til å tilby all hjelp han trong for å stå imot offensiven frå Storbritannia.

Dei engelske troppane omringa København mot slutten av august, og 2. september byrja bombardementet av hovudstaden.<sup>126</sup> København fekk store skader som følgje av bombene, og den militære kommandanten i byen skreiv under på kapitulasjonen 7. september. No måtte danskane levere frå seg orlogsflåten og britane brukte over ein månad på å klargjere seglasen til Storbritannia. Hendinga er kjend i historieskrivinga som *Flåteranet*.<sup>127</sup> Rett etter kronprinsen tok imot informasjonen om Københavns kapitulasjon, handla han raskt. Han søkte støtte frå sør gjennom to sentrale grep. Utanriksministeren vart sendt til Hamburg, der Bernadotte var stasjonert med troppar, for å be om militær hjelp til å sikre sørgrensa av heilstaten. Kronprinsen retta samstundes fokuset mot Paris, og sendte brev til Napoleon.<sup>128</sup>

*”Hvor knusende end dette slag er for mig, har det ikke knækket mit mod, og så længe jeg vover at stole på Deres Majestæts hjælp, vil jeg ikke underhandle med en fjende, som jeg har tilfelles med Deres Majestæt”.*<sup>129</sup>

I mellomtida hadde Storbritannia nok ein gong retta eit allianseforslag til heilstaten. 28. september reiste ein britisk kurør til Danmark med tilbodet frå Canning, etter initiativ frå den britiske kongen. No var alternativa allianse eller den gamle nøytraliteten, men då med tap av den danske flåten i dei neste tre år.<sup>130</sup> Tilbodet vart avvist.

Gjennom september og oktober forhandla franske og danske representantar fram ein allianse som vart formalisert 31. oktober 1807. I Fontainebleau tok Danmark-Noreg eit standpunkt i storkonflikta og inngjekk ein allianse som knytta dei til fastlandssperringa, og lova samstundes å støtte opp om Frankrike og Russlands arbeid for å tvinge Sverige med.<sup>131</sup>

---

<sup>126</sup> Mykland 1978 : 146.

<sup>127</sup> Feldbæk 1996 : 90.

<sup>128</sup> Mentz 2007 : 100.

<sup>129</sup> Mentz 2007 : 101.

<sup>130</sup> Holm 1912 (7:1) : 380.

<sup>131</sup> Feldbæk 1996 : 90.

## 3.2 Spørsmål til historieskrivinga kring kronprins Fredrik i 1807

Hovudoppgåva mi er å vurdere Fredrik (VI) sine evner som politkar og strateg. Når det gjeld hendingane i 1807, er det viktig å ha oversikt over den kunnskapen som aktørane til ei kvar tid sit inne med. Kjelder frå perioden, i form av brev og dagbøker, vil kunne gi nyttige førstehandsopplysningar, men spørsmålet mitt er i kva grad den historiske litteraturen har makta å skape treffande personskildringar.

No ynskjer eg å stoppe opp ved enkelte områder av den realhistoriske gjennomgangen eg opna kapitlet med. Her vil eg gå gjennom dei taktiske vala til min hovudaktør, og arbeide fram spørsmål til litteraturen som eg meiner er av interesse for vurdering av kronprinsen dette året. Korleis reagerte kronprinsen på viktig informasjon, og på kva måte påverka det hans neste trekk? Var kronprinsen den einaste som var involvert når avgjerslene skulle bli fatta? Dette er døme på spørsmål som vil prege min gjennomgang av litteraturen, som kjem til slutt i kapitlet.

### 3.2.1 Konsekvensane av Tilsit

Som eg tok opp i den realhistoriske gjennomgangen, gjorde Tilsit-avtalen innhogg i dei gjeldande allianseforholda. Russland og Danmark-Noreg hadde eit formalisert samarbeid, gjennom *den evige alliansen*, noko som vart sett på prøve etter at russarane hadde blitt medlem av fastlandssperringa og på same tid lova å tvinge dei nøytrale statane til å gjere det same.<sup>132</sup>

*”Neutralitetspolitikken var baseret på den klassiske magtbalance, hvor England og Rusland var allierede. Så længe konstellationen opretholdtes, var monarkiets to kerneområder sikre, nemlig Norges tilknytning til Danmark, idet Russland stod som garant mod Sveriges erobningsplaner, samt en udbygning af den danske handelssektor gennem adgang til verdenshavene”.*<sup>133</sup>

Så lenge Russland var Frankrike sin motstandar kunne den danske utanriksleiinga vurdere eit brot med Frankrike. Etter at både Austerrike og Preussen var nedkjempa og Russland var i

---

<sup>132</sup> Feldbæk 1998 : 314.

<sup>133</sup> Mentz 2007 : 91.

allianse med Frankrike, var situasjonen ”radikalt endret”.<sup>134</sup> Dette la føringar på utanrikspolitikken til Russland, men kva var stillinga til heilstaten etter Tilsit i juli? Den danske nøytralitetspolitikken eksisterte framleis, trass i at presset frå stormaktene auka på. Kva skriv historikarane om den politiske situasjonen til heilstaten, og kjem det fram noko om vurderinga til heilstatens politiske leiarar etter Tilsit?

Eit anna interessant tema med omsyn til tolking av kronprinsen, er Fredrik og utanriksminister Bernstorffs val av opphaldsstad. Dette har ikkje vore eit like sentralt tema for alle historikarar. Kiel var hovudkvarteret deira frå og med 1805 til oppløysinga av heilstaten i 1814.<sup>135</sup> Dette skapte utfordringar innanfor kommunikasjon og logistikk, i og med at Geheimestatsrådet sat i København. Var valet av Kiel ei bevisst handling for at kronprinsen kunne auke sin personlege innverknad på heilstatens avgjersler? Eller hadde kronprinsen rett og slett busett seg der han meinte at Danmark-Noreg var mest sårbare? Då han endeleg tok turen til København, etter han mottok det britiske ultimatumet 8. august, var det berre for å snu attende dagen etter.<sup>136</sup> Kva skriv historikarane om kronprinsens retur til Kiel? Joachim Bernstorff var mannen som hadde kontakt med Francis Jackson i København etter at kronprinsen reiste attende til Kiel. Kan Fredrik ha sett for seg ein avtale mellom Jackson og Bernstorff, då sistnevnde hadde mandat til å love at Danmark-Noreg ikkje skulle tre inn i fastlandssperringa, og at nettopp det var årsaka til den raske reisa sørover igjen?<sup>137</sup> Frykta for Napoleons reaksjon på eit slikt standpunkt kunne vore motivet. Eller var han redd for å ta del i forsvaret mot det komande britiske åttaket?

### 3.2.2 Forhandlingar mellom britane og kronprinsen / rådgjevarar

Samtalen mellom den britiske sendemannen og utanriksminister Bernstorff fann stad 7. august, og dagen etter fekk Jackson audiens hjå kronprinsen. Det britiske ultimatumet er tydeleg formulert fleire stadar i litteraturen, og den akutte reaksjonen til mottakarane er som regel òg tatt med. Men er det tydeleg at kronprinsen har oppfatta det britiske ultimatumet slik som det var meint å framstillast? Kva skriv historikarane om den nøyaktige ordlyden som Francis Jackson presenterte, og kva svar han fekk attende? Kjem det tydeleg fram kva mandat

---

<sup>134</sup> Mykland 1978 : 155.

<sup>135</sup> Mentz 2007 : 89.

<sup>136</sup> Mykland 1978 : 152.

<sup>137</sup> Munch 2007 : 162.

den britiske sendemannen faktisk har, og kva moglegheiter han har til forhandling med den danske leiinga? Samstundes kan det vere spanande å undersøke om tidlegare historikarar tek for seg samtalen i Kiel i detalj, der Thomas Munch har ei klar vurdering av argumentasjonen til kronprinsen. ”*He (Fredrik) deployed all the arguments that Christian Bernstorff had already used*”.<sup>138</sup> Kan det ligge noko i nettopp dette utsagnet? Dette leiar meg over på eit sentralt område, nemleg kronprinsens næraste omgangskrets. Frå 1797 var det Christian Bernstorffs oppgåve å følgje i fotspora til sin far, Andreas Peter Bernstorff.<sup>139</sup> Kva påverknad hadde Christian på avgjerslene i 1807, og fekk kronprinsen eventuelt råd frå fleire personar enn sin utanriksminister? For meg vert dette sentralt for å kunne vurdere kva strategiar og val som kronprinsen stod for åleine, og kva som eventuelt ikkje berre kan leggjast på kronprinsen sine skuldrer. Mellom anna er det bror til Christian Bernstorff, Joachim, som fekk i oppdrag å forhandla med Francis Jackson i København. Var kronprinsen sikker på at Jackson kom etter han, og at han ville kome i kontakt med Joachim Bernstorff? Eller var det andre årsaker som gjorde at Joachim fekk fullmakt til å gje skriftleg lovnad om at heilstaten ikkje ville delta i dei økonomiske sanksjonane mot Storbritannia?

### 3.2.3 Kronprinsens handlingar etter 16 august

Etter den britiske landgangen 16. august 1807 var heilstaten no i krig mot invasjonsmakta. Er kronprinsens handlingar, i første omgang klargjeringa av heilstaten til krig, kartlagd godt i litteraturen? På kva tidspunkt fekk kronprinsen informasjon om samtalan ved Tilsit, og ikkje minst innhaldet i fredsavtalen? Kva tankar gjorde han seg omkring København si forsvarsevne, i og med at han sjølv ikkje var der? Krigserklæringa mot Storbritannia var eit brot med nøytralitetspolitikken som prega dei politiske vala til Danmark-Noreg. Eg vil og freiste å finne ut meir om kronprinsen legg opp til forhandlingar med britane, både ved hans møte med Jackson 8. august, men og hans disposisjonar i ettertid. Kanskje hadde ikkje kronprinsen forventa eit brutalt oppgjær med Storbritannia? Med britane på eine sida av konflikta, og keisar Napoleon på andre, skulle ein tru at kronprinsen var nøydd til å opprette kontakt med Frankrike i håp om militær hjelp. Flåteranet fann stad i byrjinga av september, og enno var det ikkje ein formell avtale på plass mellom Danmark-Noreg og Frankrike. Målet om å halde landet nøytralt var no tapt, men likevel var ikkje alliansen ein realitet før 31. oktober.

---

<sup>138</sup> Munch 2007 : 157.

<sup>139</sup> Feldbæk 1996 : 26.



### 3.3 1807: Kronprins Fredrik i historieskrivinga

#### 3.3.1 Danmark-Noreg etter Tilsit

Før eg tar for meg historieskrivinga og i kva grad den tek opp tematikken rundt spørsmåla mine, er det viktig å stadfeste historikarane si vurdering av Tilsit-avtalens konsekvensar, og la desse ligge til grunn for den vidare gjennomgangen. Heilstaten ynskja å føre ein politikk som var avhengig av det tradisjonelle forholdet mellom stormakter som Russland og Frankrike. Kva var den naturlege vegen å velje vidare, ifølgje litteraturen, no når desse stormaktene samla kreftene? Og kva var det som eventuelt endra spelereglane, som gjorde at Danmark-Noreg ”måtte” alliere seg med Frankrike?

*”Skulle den danske regering vælge i første halvår af 1807, ville man dog af to onder have valgt alliancen med Storbritannien.”*<sup>140</sup> Claus Bjørn summerar opp oppfattinga til fleire av mine historikarar i band 10 av *Gyldendal og Politikens Danmarkshistorie*. Tilsit-avtalen burde i utgangspunktet byggje opp under nettopp dette synet. Alliansen mellom Russland og Frankrike ville normalt leia til at Napoleon, med sin pågåande politikk, kom til å drive Danmark-Noreg rett inn i armene til Storbritannia.<sup>141</sup> Dette er synet til Ole Andreas Øverland i femte bandet av *Illustreret Norges Historie*. Øverland sitt arbeid karakteriserast av Ottar Dahl som eit produkt av omfattande kjeldestudier, men at desse fyldige kjeldereferata går ut over ein klar og samlande heilskapsoppfatning.<sup>142</sup> *”Ganske særlig for nordmænderne vilde et brud med England være en stor ulykke”*, skriv Oscar Albert Johnsen i *Norges Historie-Fremstillet for det norske folk*.<sup>143</sup> Sympatien låg på Storbritannia si side.<sup>144</sup> Edvard Holm ser noko annleis på konsekvensen av eit fransk-russisk press. Frå det sjuande bandet av *Danmark-Norges Historie- fra den nordiske Krigs Slutning til Rigernes Adskillelse*, frå 1912, siterer eg: *”(...) den dansk-norske Regering rimeligvis mindre vilde vove at gjøre Motstand imod Opfordringen til at lukke Havnene, naar Russland stod paa Frankrigs Side.”*<sup>145</sup>

---

<sup>140</sup> Bjørn 1990 : 107.

<sup>141</sup> Øverland 1891-95 : 1724.

<sup>142</sup> Dahl 1992 : 228.

<sup>143</sup> Johnsen 1914 : 235.

<sup>144</sup> Johnsen 1914 : 235.

<sup>145</sup> Holm 1912 (7:1) : 275.

Kjenneteiknet for hendingsrekkja etter Tilsit, skriv Holm, var dei hurtige vendingane samanlikna med etterspelet til tidlegare fredsforhandlingar.<sup>146</sup> Ole Feldbæk skriv korleis dette utspelte seg i praksis. ”Danmark-Norges skjebne kom til å avhenge av hvem av de krigførende som reagerte hurtigst”.<sup>147</sup> Det gjorde Storbritannia. Medan dei britiske krigsskipa segla inn i Øresund, byrja mi vurdering av kronprinsen i historieskrivinga.

### 3.3.2 Forhandlingane med britane / kronprinsens rådgjevarar

*”I stedet for det heroiske havde det givetvis været mer til gavn for rigerne, hvis Frederik havde forsøgt at nå til en ordning med Jackson. Men det kunne altså ikke lade sig gøre på grund af hans militære ære”.*<sup>148</sup>

Sitatet er karakteristisk for tonen i den ferske biografien om Fredrik VI. *Den standhaftige tinsoldat* har som biografi ei anna form enn mykje av litteraturen eg har tatt for meg, og når eg i tillegg finn ein klar tendens i personskildringa, er det viktig å lese boka med eit våkent blikk. Likevel fortener den nok å vurderast. Engberg har eit nærmast overdreve fokus på kronprinsens moralske prinsipp, og hevdar at det var desse som nærmast åleine prega vala til Fredrik. Eg finn fleire andre stadar ei liknande vurdering av kronprinsen som ein real hedersmann, men er det mogleg at kun dette påverka alle hans politiske vurderingar? 8. august fekk kronprinsen det britiske ultimatumet servert av Francis Jackson. Møtet vart avbrutt, med høg temperatur, og Jackson fekk ikkje svar på sitt spørsmål. Mandatet til Jackson var eit spørsmål med to moglege svar, ja eller nei. I praksis skulle han ha flåten, og nettopp dette kravet er kjernen i ultimatumet som kronprinsen fekk. Søren Mentz siterar Jackson: ”Jeg havde en samtale med kronprinsen og fremførte klart, at jeg var beordret til at kræve den danske flåde forenet med den engelske(...)”.<sup>149</sup> Thomas Munch-Petersen skriv følgande om Jacksons rapport til Canning: ”he (Jackson) stopped talking about a `pledge` and did now explicitly demand `the immediate junction of the Danish fleet to that of His Majesty.”<sup>150</sup> Igjen var altså flåten det sentrale, og det prega nok samtalen.

---

<sup>146</sup> Holm 1912 (7:1) : 257.

<sup>147</sup> Feldbæk 1996 : 88.

<sup>148</sup> Engberg 2009 : 330.

<sup>149</sup> Mentz 2007 : 78.

<sup>150</sup> Munch 2007 : 157.

Men kva veit kronprinsen om situasjonen, anna enn at han får presentert eit vanskeleg dilemma. Var han klar over innhaldet i Tilsit-avtalen? Dette kjem ikkje fram i Engberg si bok. Men han skriv at kronprinsen, trass si misnøye med situasjonen, gav Jackson lovnad om at heilstaten ville slutte seg til britisk side om Napoleon sende franske troppar inn i Holstein.<sup>151</sup> Kanskje ei utstrekt hand? Dette følgjer argumentasjonen om at eit dansk-britisk samarbeid var meir sansynlig enn ein allianse mellom kronprins Fredrik og Napoleon. Edvard Holm støttar opp om at det var ”(...) *graverende og uretfærdigt at ville tvinge Danmark til at opgive sin Neutralitet*”.<sup>152</sup> Heilstaten ville bli den naturlige allierte til britane om Holstein vart invadert av franske troppar. I det store og det heile forstår eg argumentasjonen til kronprinsen 8. august, som dels eit uttrykk for frustrasjon over behandlinga av heilstaten, og dels mangel på informasjon om det konkrete utfallet av Tilsit. Eg finn ikkje mykje informasjon i litteraturen om kva kronprinsen sit inne med av kunnskap under forhandlingane, anna enn at både han og Christian Bernstorff var klar over eit mogleg fransk trugsmål. Det er heller ikkje sikkert at detaljane i Tilsit-avtalen ville hatt innverknad på kronprinsens handlingar i august. Rett nok kunne kronprinsen då vurdere britanes økonomiske framtid som usikker, men spørsmålet er om han av den grunn ville kasta seg i armene til Napoleon?

Forholdet mellom kronprinsen og hans næraste politiske omgangskrets vert for alvor interessant desse dagane i august. Den nærmaste ministerkretsen var Christian Bernstorff, Ernst Schimmelmann og Christian Ditlev Reventlow.<sup>153</sup> Med omsyn til kven av dei som eg finn oftast igjen i historieskrivinga, vil eg fokusere på utanriksminister Bernstorff. ”(...) *er der ikke bevaret tilstrækkelige skriftlige Vidnesbyrd, som giver et Billede af deres Samarbejde*”.<sup>154</sup> Desse orda om forholdet mellom Christian Bernstorff og kronprinsen kjem frå Axel Linvald, og *Kronprins Frederik og hans Regering 1797-1807* frå 1923. Med tida kan ein likevel finne informasjon i litteraturen som set i gong tankar om forholdet. I samtalen med Jackson 8. august fekk briten presentert den same argumenttrekkja som han hadde fått av Bernstorff dagen før.<sup>155</sup> Dette skriv Munch Petersen, som òg trekk fram at det var utanriksministerens ynskje at kronprinsen skulle reise til København, medan han sjølv kunne halde fram samtalen med Jackson.<sup>156</sup> Knut Mykland trekk òg fram frustrasjonen til Bernstorff over det britiske ultimatumet, og seier at utanriksministerens skildring av alliansetilbodet

---

<sup>151</sup> Engberg 2009 : 329.

<sup>152</sup> Holm 1912 (7:1) : 288.

<sup>153</sup> Linvald 1923 : 72.

<sup>154</sup> Linvald 1923 : 72.

<sup>155</sup> Munch 2007 : 157.

<sup>156</sup> Munch 2007 : 154.

”(...) dekker uten tvil også kronprinsens oppfatning”.<sup>157</sup> Kronprinsen er omtala som regenten som gradvis auka si personlege rolle i styringa av Danmark-Noreg, og tok mindre og mindre hensyn til regjeringa si rolle. Utdelinga av skuld fram mot heilstatens sprengning er stort sett retta mot enkeltindividet, men det hadde vore spennande å kunne vurdere samspelet mellom regent og minister enno tettare. Eg har presentert nokre døme som tyde på at Christian Bernstorff kom med avgjerande innspel som kronprinsen sette ut i praksis, og kanskje i endå større grad enn det eg finn i historieskrivinga.

### 3.3.3 Kvifor Kiel og ikkje København?

Med dei franske styrkane veltande framover på kontinentet, var sørgrensa og hertugdøma dei sårbare områda for Danmark-Noreg. Tradisjonelt sett var òg områda sør for Slesvig og Holstein krigskodeplassar ved fleire høve, så kronprinsens plassering av seg sjølv og danske troppar er på ingen måte unaturleg. Men det skapte utfordringar for den formelle styringa av heilstaten. Regjeringa sat i hovudstaden, medan kronprinsen og hans næraste medarbeidarar sat i hertugdøma. Det meste av litteraturen finn det naturleg at kronprinsen plasserte seg nærast dei krigstruga områda, sjølv om historikarane påpeikar innsnevringa av maktforholdet i heilstaten. Jens Engbergs konklusjon er noko meir bombastisk. *”Hvor katastrofalt det var, at Frederik alene styrede politikken fra Kiel, blev klart i den følgende tid”*<sup>158</sup>.

Det interessante med kronprinsens raske reise til København og tilbake til Kiel i august, er at ho gir utgangspunkt for å vurdere kronprinsen si forståing av situasjonen. Korleis er reisa oppfatta, både blant det danske folket og historikarar i ettertid, og er skildringane av kronprinsens tankegang eintydige? Søren Mentz hevdar, i *Kronprins Frederik- En kæk soldat i den retfærdige sags tjeneste*, at kronprins Fredrik sin raske retur frå København stod i sterk kontrast til Fredriks patriotiske tenkemåte, men at det samstundes passa til den politiske kursen om å halde på nøytraliteten. Mentz meiner at det var ein sta tankegang, som likna den som kronprinsen hadde før Slaget på Reden i 1801.<sup>159</sup> Då vart han redda av tsar Pauls død. Men fokuset til Mentz ligg på at kronprinsen skulle halde Danmark-Noreg nøytralt og at dette nærmast blokkerte for ein meir rasjonell framgangsmåte. Kvifor deltok ikkje kronprinsen i forsvaret av hovudstaden?

---

<sup>157</sup> Mykland 1978 : 150.

<sup>158</sup> Engberg 2009 : 328.

<sup>159</sup> Mentz 2007 : 79 ff.

Jens Engberg har sine tankar om dette. Utgangspunktet for reisa til København, ifølgje Engberg, var at Fredrik sjølv skulle stille seg i spissen for forsvaret av byen.<sup>160</sup> ”*Væk var hos Frederik alle tanker om, at en alliance med England kunne være at foretrække frem for en med Frankrig*”.<sup>161</sup> Ei eventuell løysing mellom Jackson og Christian Bernstorff, eller mellom Joachim Bernstorff og Jackson når den tid kom, var ikkje eit aktuelt utfall for kronprinsen, skal vi tru Engberg. Men då kan eg spørje kvifor kronprinsen absolutt såg det som avgjerande å kome attende til Kiel? ”*Hans hurtige bortrejse fra København havde et umiskendeligt præg af flugt*”, er ei av Engbergs vurderingar.<sup>162</sup> Ein mogleg innfallsvinkel er at kronprinsen hadde tatt høgde for at forhandlingane mellom Joachim Bernstorff og Jackson kunne føre til ei semje. Dette er etter mi meining ikkje lett å vurdere gjennom litteraturen. Det gjer den ikkje mindre aktuell eller realistisk. Ved eit slikt scenario kan returen til Kiel vurderast som ei førebuing på fransk invasjon av Danmark, og ein kronprins som vurderte at hovudstaden var trygg. Realpolitisk ville nok dette underbygge kritikken mot kronprinsen som øverstkommanderande, som Engberg påpeikar.

”*Det var naivt af ham at tro, at han med 30.000 mand på nogen måde ville have kunnet standse den franske hær, hvis den havde villet trænge op i Jylland*”.<sup>163</sup> Men med sine militære omgrep om ære, som var karakteristiske for han, er ikkje ein slik tankegang urealistisk. Stort sett gjekk kronprinsens tid i København ut på samtalar med Statsrådet, der den militære situasjonen var tema. At kronprinsen forlet hovudstaden overraska både innbyggjarane og Napoleon, skriv Mentz. Keisaren hadde forventa eit bastant forsvar av den danske hovudstaden, og ”*(...)blev da også stærkt forundret over reaktionsmønsteret (...)*”<sup>164</sup>

Joachim Bernstorff og kronprinsen hadde ein lang samtale i København, før sistnemde såg seg nøydd til å reise.<sup>165</sup> Her fekk kronprinsen informasjon om samtalar som Joachim Bernstorff hadde hatt med den britiske diplomaten Brooke Taylor, skriv Mentz. Kanskje kan ein utbetre litteraturen, i den grad det er mogleg, og skaffe betre kunnskap om kva kronprinsen fekk informasjon om, og ikkje minst kva tankar han delte med Joachim Bernstorff. Var det informasjonen om Tilsit som skremde kronprinsen sørover? Fekk han vite noko om Storbritannias frykt for økonomisk isolasjon? Eller kjende han seg mest truga av

---

<sup>160</sup> Engberg 2009 : 330.

<sup>161</sup> Engberg 2009 : 330.

<sup>162</sup> Engberg 2009 : 330.

<sup>163</sup> Engberg 2009 : 333.

<sup>164</sup> Mentz 2007 : 79.

<sup>165</sup> Mentz 2007 : 94.

Napoleon, og informerte Joachim Bernstorff om framgangsmåten for å halde britane i sjakk, medan innsatsen kunne mobiliserast i hertugdøma? Historieskrivinga trekk fram årsaker som at Fredrik følte at han måtte vere i Kiel på grunn av Danmarks tryggleik, eller at han rett og slett flykta. Det er vanskelig å argumentere for desse hypotesene ved bruk av historieskrivinga. Ein kan uansett vurdere dei politiske tiltaka Fredrik sette i verk.

### 3.3.4 Forholdet til Napoleon før og etter landgangen

Keisar Napoleon og kronprins Fredrik, seinare Fredrik VI, skulle vise seg å halde følgje heilt til heilstatens brot i 1814. Høgst kritikkverdig, skriv historikarane. Fredriks vegval skal eg ta for meg seinare i oppgåva, men eg ynskjer å få eit inntrykk av forholdet mellom Napoleon og kronprins Fredrik før krigsutbrotet i august 1807. Finn eg noko i historiebøkene om kommunikasjonen mellom dei to? Og aller mest sentralt, kva hadde den britiske landgangen å seie for kommunikasjonen mellom Danmark og Frankrike ?

Respekten for Napoleon var i høgste grad gjeldande hjå den danske regjeringa, og i 1803 rusta kronprinsen opp delar av hæren i frykt for det franske militærmaskineriet.<sup>166</sup> For Jens Engberg er det tydeleg at kronprinsen og hans offiserar beundra Napoleon som soldat og feltherre, men at det ikkje eksisterte personlig medkjensle for keisaren, ”*som blev betragtet som en opkomling og en usurpator*”.<sup>167</sup>

I ettertid av kapitulasjonen av København, som kom som ei overrasking på Napoleon, var den franske keisaren sær misnøgd med den danske innsatsen, skriv Edvard Holm. Han forventa ei snarleg dansk ytring i audmjuk form. Fekk han ikkje dette, så ”*vilde det være sandsynligt, at man fra fransk side traf Forholdsregler imod det (Danmark)*”.<sup>168</sup> Med andre ord låg ballen på den danske regjeringa sin banehalvdel, og Ole Andreas Øverland påpeikar at kronprinsen var fullstendig klar over dette. Trass i at Napoleons ”*(...) Vennskap vilde være så dyrekjøpt, som best tænkes kan*”, såg kronprinsen at det var avgjerande å halde seg på godsida med Napoleon.<sup>169</sup> Med bakgrunn i forholdet mellom Danmark-Noreg og stormaktene før krigsutbrotet, er mi meining at tonen i brevet som kronprinsen sende til Napoleon, som er

---

<sup>166</sup> Øverland 1891-95 : 1714.

<sup>167</sup> Engberg 2009 : 327.

<sup>168</sup> Holm 1912 (7:1) : 352.

<sup>169</sup> Øverland 1891-95 : 2074.

udatert i min litteratur, ville ha overraska kronprinsen om han såg det nokre år i førevegen. Brevet kan oppsummerast gjennom ei av dei første setningane: "(...) *har jeg følt Trang til at udtale for Deres Majestæt den ubetingede Tillid*".<sup>170</sup> Var kronprinsen klar over Napoleons irritasjon over britisk triumf, og såg på dette "frieriet" som preventivt med tanke på å unngå fransk hærsetjing? Eller var det berre det einaste alternativet, i ein kritisk situasjon, som store delar av litteraturen konkluderar med? Eg finn lite detaljert informasjon om forholdet mellom Napoleon og kronprinsen i Engberg si bok. Det same gjeld mykje av dei nyare historiebidraga, i alle fall samanlikna med historikarar som Øverland og Holm. Men endå viktigare er det å undersøke det formelle forholdet mellom kronprinsen og Napoleon. I utgangspunktet var ikkje kronprins Fredrik klar for å søkje fransk støtte. Men så kom beskjeden om Københavns kapitulasjon.

### 3.3.5 Kronprinsens handlingar etter britisk landgang- 16 august

Fredrik heldt motet oppe hjå seg sjølv og folket. Han klargjorde landet for den totale krig, heilt fram til han fekk beskjeden om Københavns kapitulasjon 11. september.<sup>171</sup> Med ei forventning om at hovudstaden kunne halde stand i minimum 3 månader, fekk dette konsekvensar for kronprinsens framferd, skriv Mentz.<sup>172</sup> Brevet med kronprinsens audmjuke førespurnad til keisar Napoleon, som eg har karakterisert i punktet ovanfor, vart rett nok sendt til Napoleon i Paris direkte etter han fekk informasjon om København.<sup>173</sup> Kva får eg vite om taktikken til kronprinsen etter 16 august og fram mot Fontainebleau? Og korleis er innsatsen hans vurdert i litteraturen? Vendepunktet var, ifølgje historieskrivinga, 11. september. Kronprinsen la ned ein stor innsats for å samle saman troppar som skulle støtte opp om forsvaret av hovudstaden, akkurat som han hadde lova innbyggjarane på sin korte stopp 12. august.<sup>174</sup> Holm trekk fram Fredriks vurdering av Københavns motstandsevne som overdreven, noko eg finn hjå andre historikarar, og at denne feilaktige vurderinga fekk konsekvensar for tidsbruken i mobiliseringa. Først 28. august, skriv Holm, vart det sendt eit relativt lite korps frå Holstein.<sup>175</sup>

---

<sup>170</sup> Øverland 1891-95 : 2075.

<sup>171</sup> Mentz 2007 : 98.

<sup>172</sup> Mentz 2007 : 98.

<sup>173</sup> Mentz 2007 : 100.

<sup>174</sup> Holm 1912 (7:1) : 326.

<sup>175</sup> Holm 1912 (7:1) : 326.

”Dum, irrasjonell og naiv” er ord som eg finn i skildringa av krigsmobiliseringa i Holstein og på Sjælland. Men dei aller fleste er like raske med å konkludere med at dette var kursen som ein stødig og prinsippfast mann hadde peika ut. Men kanskje sat hovudpersonen og hans næraste med evna til å sjå eit verre utfall enn eit militært oppgjer mot Storbritannia. Eit nytt britisk allianseforslag, i slutten av september, vart ikkje godteke. Mellom anna truga britane med å invadere København, og samarbeide med Sverige om hærsetjing av Noreg.<sup>176</sup> Kvifor avslå i den situasjonen dei var i? Holm presenterar Christian Bernstorffs ord om avslaget: *”Frankrig vilde ikke mer indrømme os den Neutralitet, som dets Fjender havde krænkede paa den mest skrigende Maade”*.<sup>177</sup> Frykten for fransk invasjon var mest truleg årsaken til at dei ikkje kunne setje ein strek over kampene i august og september. For Jens Engberg ligg hevnlysta hjå kronprinsen sentral, faktisk så sentral at den skal ha blokkert for vurderingsevna desse vekene fram mot Fontainebleu. *”Igjen var det altså for Frederik en sag om fornærmelse og hans militære ære. At noget langt mere alvorlig var på spil, indså han tilsyneladende ikke”*.<sup>178</sup> Spørsmålet er om han heldt hovudet kaldt, eller om han var på hevntokt?

Etter 11. september såg kronprinsen berre ein utveg, meiner Holm, og korrespondansen til den franske keisaren bar preg av ein audmjuk og knelande kronprins. Var det skodespel, eller hadde han ubetinga tru på Napoleon som redningsmann? For Holm var ordlyden eit rosande frieri, *”(…) som stode i en skarp Modsætning til hans virkelige Følelser for denne (Napoleon)”*<sup>179</sup>. Det var ein kombinasjon av hevnkjensle mot britane, og ein frykt for Frankrikes militære krefter, som teikna kursen til kronprinsen fram mot Fontainebleu, skriv Holm.<sup>180</sup>

Til slutt betalte heilstaten for garantien om territoriell integritet med å love å slutte seg til fastlandssperringa, og på same tid hjelpe Frankrike og Russland med å tvinge Sverige med.<sup>181</sup> Danmark-Noreg måtte til slutt ta eit standpunkt i rivaliseringa mellom stormaktene. Men kva seier litteraturen om handlingsrommet til den danske statsleiinga? Eg finn ein tydeleg konsensus for dei positive sidene ved regenten som hedersmann, prinsippfast og konsekvent. Men var han faktisk *for* stabil, i eit stadig skiftande politisk spel?

---

<sup>176</sup> Feldbæk 1996 : 90.

<sup>177</sup> Holm 1912 (7:1) : 382.

<sup>178</sup> Engberg 2009 : 338.

<sup>179</sup> Holm 1912 (7:1) : 374.

<sup>180</sup> Holm 1912 (7:1) : 374.

<sup>181</sup> Feldbæk 1996 : 90.



### 3.4 Oppsummering

Hovudforklaringa på kvifor Danmark-Noreg handla som det gjorde i 1807, synest å vere den same i store delar av litteraturen. Eit dansk-britisk samarbeid var utelukka etter bombardementet av København og Flåteranet. Så kan ein spørje seg kva tankar som var styrande for kronprinsen og leiinga det første tiåret av 1800-talet? Fyrst og fremst å halde på nøytraliteten, skal ein tru litteraturen. Etter Storbritannia sitt klare bodskap under Slaget på Reden i 1801, er det naturleg å sjå for seg ei endring i heilstatens utanrikspolitiske praksis. Det var tydeleg at dei offensive nøytralitetspolitikken skaffa Danmark-Noreg trøbbel, og eg skulle gjerne funne meir informasjon om hendingane i 1801 gjorde kronprinsen meir pragmatisk og tilpassingsdyktig. Eg sit med ei oppfatning av at den langsiktige strategien frå byrjinga av 1800-talet fekk seg ein real trøkk i 1807. Nøytralitet var framleis målet, men etter Tilsit-avtalen kunne ikkje den politikken halde fram. Då må fokuset ha vore heilstatens territorielle integritet. Å halde Danmark og Noreg samla var det sentrale målet, hevdar historikarane. Er det truleg at dette er det einaste motivet før og under krigsåra? Uansett, korleis handle mest mogleg fornuftig i 1807 ut i frå eit slikt mål?

Johnsen påpeikar at flåta, mest truleg, ville hamna i britiske hender uansett kva kronprins Fredrik gjorde. Ein kan berre tenkje seg kva omdøme kronprinsen hadde fått i historieskrivinga om han faktisk gav frå seg heile den danske flåten til Storbritannia. Johnsen tek med omsynet til Norge, og kor viktig utanrikshandelen var for dei. Men samstundes meiner han at den militære makta til Napoleon og frykta for ein invasjon i sør var for stor, og at valet av alliert – ”..kunde saaledes ikke være tvilsom”<sup>182</sup>. Her skriv Johnsen om dei politiske disposisjonane i 1807 som dei mest naturlege vala. Målet om å halde Noreg ved Danmark si side var umogleg å gjennomføre om heile den danske halvøya skulle bli okkupert. Med bakgrunn i det britiske flåteranet, Danmark-Norge sin militære situasjon og Napoleon si sterke militærmakt, meinte Ole A. Øverland at kronprinsen ikkje hadde anna val enn å slå seg saman med den franske keisaren.<sup>183</sup>

Knut Mykland tek kronprins Fredrik delvis i forsvar i *Kampen om Norge*, og hevdar at kritikarar som reagerar på valet av Frankrike har gyldige argument frå ein realpolitisk ståstad, men at kritikken er misvisande frå eit moralsk synspunkt.<sup>184</sup> ”*Det engelske overfallet*”, som

---

<sup>182</sup> Johnsen 1914 : 235.

<sup>183</sup> Øverland 1894 : 2075.

<sup>184</sup> Mykland 1978 : 154.

Mykland skriv, sette kronprinsen på prøve med eit dilemma der konsekvensane av krig ikkje kunne fordelast likt på Danmark og Noreg.<sup>185</sup> Eit val av Storbritannia som alliansepartner ville gje fatale etterspel for Danmark, i form av fransk hærsetjing i hertugdøma og Jylland, samstundes som Norge kunne fortsetje sitt handelssamkvem med britane. Ei utstrekkt hand til Napoleon og Frankrike ville gje dårlege framtidsutsikter for Norge, men Danmark og hertugdømmma kunne overleve. Storbritannia ville då sperra all handelstrafikk til Noreg. Mykland oppsummerar med at omsynet til Danmark og hertugdøma i sør måtte vege tyngst, og gjev kronprinsen ei viss støtte. ”*Blokade og nød i Norge var en uønsket, men nødvendig konsekvens.*”<sup>186</sup> Allereie i 1806, og oppløysinga av det tysk-romerske keisarriket, kan vi finne ei kobling mellom kronprinsen og Napoleon. Det er ikkje utenkjeleg at kronprinsen frykta at Napoleon ville krevje Holstein attende, som ein tidligare del av det tyske området. Var kronprinsen påverka av dette i 1807? Kvifor var det så viktig for Fredrik å kome raskt tilbake til Kiel? Hadde han ikkje trua på at Storbritannia kunne gjere alvor av trugsmålet, eller kan det skuldast at han frykta Napoleon endå meir?

Eit sentralt punkt i historieskrivinga kring 1807, er forhandlingane som finn stad i Kiel og København. Majoriteten av historikarane skriv at hendingsrekka mest truleg var vanskeleg å endre, og at det var ikkje mykje Danmark-Noreg kunne gjort annleis. Eg meiner at vilkåra for forhandlingane, spesielt i Kiel, heller ikkje gjorde det mogleg med eit anna utfall. Mandatet til Cannings sendemann var klart og tydeleg: Britane skulle ha den danske flåten, og dette kravet skulle presenterast som eit ultimatum. Knut Mykland skildrar den britiske politikken i august som ein medviten politikk, som han hevdar britane visste ville føre til brot med Danmark-Noreg.<sup>187</sup> Ein kan ikkje verte overraska over at forhandlingane i Kiel ikkje gav noko svar, om britanes utsending ikkje hadde løyve til å diskutere vilkår. Var danskane meir positive til eit dansk-britisk samarbeid enn det litteraturen presenterer? Kronprinsen gav jo lovnad til Jackson om heilstaten ville slutte seg til britisk side, om Napoleon faktisk sende franske troppar inn på dansk jord.<sup>188</sup> Joachim Bernstorff fekk myndigheit frå kronprinsen om å forhandle med Jackson i København. Han kunne heller ikkje gje vekk den danske flåten til Storbritannia, men kun love at heilstaten ikkje ville delta i fastlandssperringa til Napoleon. Dette ville, eller mest truleg, kunne ikkje Jackson gå vidare med. Etter mi meining er kanskje ikkje dei korte møta i Kiel eit resultat av manglande forståing eller vilje til forhandling, men

---

<sup>185</sup> Mykland 1978 : 154.

<sup>186</sup> Mykland 1978 : 155.

<sup>187</sup> Mykland 1978 : 152.

<sup>188</sup> Engberg 2009 : 329.

snarare på grunn av ulike utgangspunkt for den danske og britiske parten. Eg vil tru at ei kapitulering av den danske flåten ville fått tøffare konsekvensar for ettermålet til kronprinsen i 1807.

Ei mogleg vurdering av vala i 1807 er at dei var det minst gunstige for Noreg på kort sikt, men med best framtidsutsikter for heilstaten. Stort sett konkluderar historikarane med at utfallet mellom anna skuldast det aggressive og brutale åtalet frå Storbritannia, og at nettopp deira aggressivitet pressa Danmark-Noreg over på Napoleon si side. Eg finn fleire argument som set spørsmålsteikn ved kronprinsens handlingar, og spesielt Jens Engberg er offensiv med sine forslag til kva som skulle vore gjort, men ingen konkluderar med at det var tydelege feilval som var årsaken til heilstatens krigsdeltaking. Heilstatens strategi frå 1801 vart sett på prøve av Storbritannia, som nærmast pressa fram alliansen mellom Frankrike og Danmark-Noreg.

## 4. 1813 : Framleis Napoleon

### 4.1 Hendingsrekke 1812-1813

Trass i at Frankrike hadde lidd fleire alvorlege nederlag, stod Fredrik VI på same sida i storkonflikta i utgangen av 1813.<sup>189</sup> Men før eg kjem til årskiftet 1813-1814, der kampen for heilstaten vart intensivert, vil eg trekkje fram høgdepunkta i åra mellom alliansen i Fontainebleau 1807, og det politiske spelet mot slutten av 1813. Framleis er hovudfokuset Fredrik VI og dei utanrikspolitiske disposisjonane hans. Hendingane fram til 1813 er mange, så bakgrunnsdelen til desse åra er naturleg nok prega av ei komprimert framstilling. Jamvel er det viktig å skildre krigsperioden så grundig som mogleg, med særskild omsyn til krigsfrontane på kontinentet, og orienteringsarbeidet til den danske leiinga, med Fredrik VI i spissen. Før eg tek for meg mine spørsmål til historielitteraturen, skal eg dekke det mest sentrale stoffet gjennom 1813. Det er òg eit poeng å trekkje fram Kristian Fredrik (1786-1848), og hans reise til Noreg som statthaldar i mai 1813.<sup>190</sup> Han spelar ein sentral rolle i litteraturen som skildrar Fredrik VI's innsats før og etter Kielfreden.

#### 4.1.1 Danmark-Noreg i krig (1808-1812)

Fastlandssperringa til Napoleon var ein sentral del av krigføringa, som òg heilstaten måtte følgje. Men Danmark-Noreg var i krig, og måtte etter kvart trekkje våpen både til sjøs og på landjorda. Som ein del av alliansen frå 1807 forplikta Danmark-Noreg seg til å støtte opp om arbeidet med å tvinge Sverige inn i den økonomiske saboteringa av Storbritannia.<sup>191</sup> 14. mars 1808, dagen etter Kristian VII sin død, kunngjorde Fredrik VI at heilstaten var i krig med Sverige. Sjølv krigen vart kortvarig, med ei våpenkvile som gjekk frå desember 1808 og fram til ein separat fred i desember 1809.<sup>192</sup> Men Sverige tapte Finland til Russland det same året, og det fekk konsekvensar for Sveriges utanrikspolitiske plan, noko som sette Noreg i

---

<sup>189</sup> Krona til konge av Danmark-Noreg i mars 1808, etter Kristian VII's død 13 mars 1808. Feldebæk 1998 : 320.

<sup>190</sup> Eldste son av arveprins Fredrik. Utrusta med *ypperlige Naturanlæg*. Tilhengjar av naturvitenskap og kunst og ein populær og sosial livsnytar. Kom i fokus hjå Fredrik (VI) under ein takketale som følgje av opprettinga av universitetet i Christiania, 1811. Statthaldar i Noreg frå mai 1813, og sentral aktør i den norske motstanden i ettertid av Kielfreden. Dansk biografisk leksikon III band. Bricka 1889 : 515 ff.

<sup>191</sup> Feldebæk 1996 : 92.

<sup>192</sup> Feldebæk 1996 : 92.

fare. Sveriges neste tronføljar skulle kome frå Frankrike. Jean Baptiste Bernadotte (1763-1844), såg på Noreg som løysinga for å betre Sveriges utanrikspolitiske situasjon.<sup>193</sup> Han var franskmann, fyrste av Ponte Corvo, ein av Napoleons næraste militære støttespelarar, og vart Fredrik VI sin tøffaste motspelar i kampen om Noreg.<sup>194</sup> Eigentleg var det tronføljaren Christian August som låg an til å ta over trona i Sverige, men han døydde under ein militærmanøver i Skåne 1810. No kom fleire innspel og forslag til ny tronføljar, mellom anna var Fredrik VI ein kandidat, det same var Kristian Fredrik.<sup>195</sup> Men den svenske riksdagen gjekk til slutt for den franske marskalken. Kombinasjonen av Sveriges tap av Finland og Jean Baptiste Bernadottes arbeid for å utjamne tapet, var ikkje heldig for Fredrik VI og særskild ikkje for Noreg. Det hjalp heller ikkje at Napoleon gjekk harde tider i møte.

Napoleon og Frankrike sat med eit overtak i Europa tidleg i 1812, og det var lite som tyda på at dette skulle endre seg. Det franske keisardømet bestod av Frankrike, Nederlandene og områder i dagens Italia. Allierte områder var Danmark-Noreg, Prøyssen og Austerrike.<sup>196</sup> Med andre ord prega Napoleon kontinentet. Men på nyåret 1812 byrja det diplomatiske spelet å endre på biletet. Russland frykta eit føreståande angrep frå Frankrike, og etter at den offensive Karl Johan retta sine tilbod til naboane i aust, gjekk dei saman og slutta St. Petersburg-traktaten 5. april 1812.<sup>197</sup> For Russland var det éin nabo mindre å frykte, og på same tid skaffa Sverige seg ein tungvektar som kunne leggje meir kraft bak kravet som skulle rettast mot Danmark-Noreg: Heilstaten skulle gje frå seg Noreg til Sverige, enten gjennom ei fredeleg løysing, eller ved eit svensk-russisk åtak på Sjælland.<sup>198</sup> Fredrik VI på si side forplikta seg til å støtte Napoleon i Nord-Tyskland i samsvar med keisarens planar om eit felttog mot Russland. Ein ny fransk-dansk forbundstraktat vart underteikna 7. mars 1812.<sup>199</sup> Men invasjonen av Russland var byrjinga på nedturen for Frankrike, og på sikt fekk det konsekvensar for heilstaten. Dei franske troppane marsjerte over den russiske grensa i juni 1812, med heile 430 000 mann.<sup>200</sup> Utan nevneverdig motstand kom hæren til Moskva i september, og ting tyda på ein ny triumf for Napoleon. Men berre ein månad seinare byrja tilbakereisa for dei franske styrkane, og etter ein katastrofal ferd i den russiske vinteren var

---

<sup>193</sup> Mykland 1978 : 222.

<sup>194</sup> Dyrvik 1999 : 218.

<sup>195</sup> Mykland 1978 : 216.

<sup>196</sup> Feldbæk 1996 : 94.

<sup>197</sup> Mykland 1978 : 225.

<sup>198</sup> Mykland 1978 : 225.

<sup>199</sup> Mykland 1978 : 227.

<sup>200</sup> Feldbæk 1996 : 94.

det berre 10 000 mann som kunne setje sine føter på polsk territorium 8. desember 1812.<sup>201</sup> Dette var eit hardt slag for Napoleon. Det diplomatiske spelet for å skaffe seg samarbeidspartnarar auka i omfang, og det franske herredømet stod i fare. Motstandarane samla etter kvart krefter, og utover 1813 fekk ein sjå konsekvensane av Napoleon sitt nederlag i Russland.

#### 4.1.2 Alliansepolitikk 1813

Allereie sommaren 1812 slutta Storbritannia og Sverige ein separat fred, men det var fyrst i mars 1813 at Storbritannia slutta seg til den svensk-russiske traktaten, der mellom anna Karl Johan hadde sikra seg garantiar om å knytte til seg Noreg.<sup>202</sup> Kort tid etter kom Prøyssen med, og erklærte krig mot Frankrike den 16. mars 1813.<sup>203</sup> Austerrike sette krav om at Frankrike skulle godta meklingsforslaget som Austerrike kom med, eller så ville landet slutte seg til dei allierte sin kamp mot Napoleon. Karl Johan kjempa no mot sin tidlegare øvstkommanderande i Frankrike. Fredrik VI var medviten om endringane i det politiske landskapet, og korleis desse kunne setje Danmark-Noreg i ein utsatt posisjon. Ved fleire høve fekk han tydelege råd frå sin utanriksminister, Niels Rosenkrantz<sup>204</sup>, som tok over etter Christian Bernstorff i 1810, og tronfølgjar Kristian Fredrik. Ei varsam sondering til Storbritannia om ein handelsfred i januar 1813 fekk ingen resultat. Men etter at kongen mottok informasjon om at Napoleon hadde akseptert Austerrike som fredsmeklar mellom Frankrike og dei allierte, utan å rådføre seg med kongen sjølv, retta Fredrik eit direkte ynskje til den britiske regjeringa i april 1813.<sup>205</sup> Han ville ha fred. Men forhandlingane mellom Storbritannia, Russland, Sverige og Prøyssen satte ein stoppar for det. No skaffa Karl Johan seg endå meir støtte bak sine krav om avståinga av Noreg, og etter kvart viste den russiske tsaren seg utolmodig og kravde i april at heilstaten straks skulle avstå Trondheim stift til Sverige, og resten av Noreg etter krigen.<sup>206</sup> Desse vilkåra var retta frå Russland og Sverige, og er kjend som *maivilkåra*, og vart avvist av Fredrik VI. Etter Napoleons feilslåtte tilbakemarsj frå Russland hadde Fredrik VI motteke russiske oppfordringar om å slutte seg til alliansen mot Napoleon. Då var òg Noreg prisen å

---

<sup>201</sup> Dyrvik 1999 : 217.

<sup>202</sup> Mykland 1978 : 226.

<sup>203</sup> Feldbæk 1996 : 126.

<sup>204</sup> Niels Rosenkrantz (1757-1824) Fødd i Noreg. I Fredrik VI sin omgangskrets frå 1773, sentral forhandlar kring fredstraktaten mellom Sverige og Danmark-Noreg frå desember 1809. 27 april utnevnt som ny utanriksminister. Dansk Biografisk Leksikon, XIV band. Bricka 1900 : 267 ff.

<sup>205</sup> Feldbæk 1996 : 95.

<sup>206</sup> Dyrvik 1999 : 217 f.

betale, rett nok i byte for landområder i Nord-Tyskland.<sup>207</sup> Fredrik stod ved fleire høve fast på si oppgåve om å halde Danmark-Noreg samla.

Det danske fredsforslaget fekk negativt svar frå London 18. mai 1813.<sup>208</sup> Etter ein periode med håp om ein utveg frå alliansen med Frankrike, fekk no Fredrik VI knapt alternativ å velje mellom. Det var berre Napoleon si eventuelle krigslukke som kunne redde heilstaten frå krava til dei allierte maktene. Danmark-Noreg hadde ved fleire høve stadfesta si rolle som trufast samarbeidspartnar til Napoleon, og den 10. juli 1813 fornya heilstaten og Frankrike sitt forbund. For siste gong hadde Fredrik VI teke eit standpunkt i alliansepolitikken.<sup>209</sup> Samstundes skulle ein ny aktør settast i spel i kampen om Noreg. Fredrik VI sende prins Kristian Fredrik, syskenbarnet sitt og tronarving, til Noreg. Han skulle ta over som statthaldar og militær øvstkommanderande.<sup>210</sup>

#### 4.1.3 Kristian Fredrik til Noreg som statthaldar

Perioden 1810-1813 sat prins Fredrik av Hessen<sup>211</sup>, med tittelen visestatthaldar, som den øvste sivile myndighet i Noreg. Før 1810 hadde ei regjeringskommisjon vore den forlenga armen til kongen i Noreg.<sup>212</sup> Kristian Fredrik steig i land på Hvaler om morgonen 22 mai 1813. Med seg hadde han tydelege instruksar frå kongen sjølv.<sup>213</sup>

Kristian Fredrik fekk med seg eit mandat frå kongen før avreise, som kan oppsummerast gjennom fire punkt. Kronprinsen skulle søkje å samle det norske folket i støtte til kongehuset, som eit samlingsmerke for folket. Den neste oppgåva var utfordringa med korntilførselen til eit svelteråka Noreg, og arbeidet for å betre desse forholda.<sup>214</sup> Dei to siste oppgåvene tok for seg Noreg si rolle i det politiske spelet. Kongen ville at tronfølgjaren skulle hjelpe han med ei utanrikspolitisk tilnærming til Storbritannia.<sup>215</sup> *”Det værste for os er, om Freden med*

---

<sup>207</sup> Feldbæk 1982 : 304.

<sup>208</sup> Feldbæk 1996 : 95.

<sup>209</sup> Mykland 1978 : 230.

<sup>210</sup> Dyrvik 1999 : 219 f.

<sup>211</sup> Fredrik, prins av Hessen-Kassel (1771-1845) Øvstkommanderande i det sønnafjelske Noreg frå 1809, visestatthaldar i Noreg frå 9 januar 1810. Dansk Biografisk Leksikon, band V. Bricka 1891 : 336 ff.

<sup>212</sup> Mykland 1978 : 257.

<sup>213</sup> Mykland 1978 : 260.

<sup>214</sup> Dyrvik 1996 : 119.

<sup>215</sup> Dyrvik 1999 : 221.

*England ei sluttes, thi da er Krigen med Sverige uundgaaelig (...)*”.<sup>216</sup> Som siste ledd av mandatet frå Fredrik VI måtte kronprinsen gjere sitt for å førebu Noreg på krig. Fredrik VI såg kva utsatt posisjon Danmark var i, og at Noreg kunne spele ein offensiv rolle i kampen mot dei allierte, og særskild Sverige. Med Karl Johan sine auger retta mot andre oppgåver lenger sør, ville det vore mogleg med eit åtak på Sverige frå norsk jord.<sup>217</sup> 15. mai fekk Kristian Fredrik informasjon om britanes avslag på det danske tilbodet om samarbeid, som etter kvart danna grunnlaget for 10. juli-avtalen mellom Danmark-Noreg og Frankrike.<sup>218</sup> Då hadde han allereie fått instruksar frå Fredrik VI, og var på veg nordover. I Noreg stod utfordringane i kø for tronarvingen. Engelsk blokade, krig mot Sverige, pengemangel og naud var problem som meir eller mindre sette krav til Kristian Fredrik.<sup>219</sup> Den nye statthaldaren var fokusert på spørsmålet om korntilførsel, og sette seg sjølv i provideringskommisjonen i Kristiania for å *”gi den større tyngde og autoritet”*.<sup>220</sup> Som person er Kristian Fredrik skildra som vakker, sjarmerande, med ei god utdanning i ryggen.<sup>221</sup> Han hadde god språkkunskap og var dyktig til å framlegge sine standpunkt, både skriftleg og muntleg.<sup>222</sup> Ei utfordring var hans mangel på yrkesmilitær utdanning. Allereie den første tida i Noreg makta han å skape eit godt forhold til hans forgjengar, prins Fredrik av Hessen.<sup>223</sup> Kristian Fredrik fekk ei sentral rolle seint i 1813 og utover 1814.

## 4.2 Spørsmål til historieskrivinga kring Fredrik VI i 1812-1813

Hendingsrekkja fram til Kielfreden i 1814 er tett, og inneheldt fleire innanrikspolitiske utfordringar for Fredrik VI. Innførsla av matkorn til Noreg vart påverka av konflikta med Storbritannia. I 1809 spreidde hungersnauða seg på Austlandet.<sup>224</sup> Innstrammingar i handelsblokaden, mellom anna etter fornyinga av den dansk-franske traktaten i 1812, gjorde det enno verre for trelasthandel og import av kolonivarer.<sup>225</sup> Men for min del vert alliansepolitikken utover krigen meir sentral å undersøkje. Den franske keisaren stod på toppen av si karriere i 1812, men det heile skulle endre seg det same året. Trass i Napoleons

---

<sup>216</sup> Dyrvik 1996 : 119.

<sup>217</sup> Dyrvik 1999 : 221.

<sup>218</sup> Holm 1912 (7:2) : 401.

<sup>219</sup> Mykland 1978 : 269.

<sup>220</sup> Mykland 1978 : 280.

<sup>221</sup> Dyrvik 1996 : 118.

<sup>222</sup> Dyrvik 1996 : 118.

<sup>223</sup> Linvald 1952 : 44 f.

<sup>224</sup> Dyrvik 2000 : 173.

<sup>225</sup> Mykland 1978 : 234.



motgang i 1812 og 1813, så stod Danmark-Noreg på same sida av konflikta heilt til freden i Kiel. Kva skriv historikarane om moglege utvegar for Fredrik VI, og korleis han eventuelt vurderte desse? Kom fredsforarane til Storbritannia på rett tidspunkt? Og kva var motivet bak valet av Kristian Fredrik som Noregs statthaldar?

#### 4.2.1 Konsekvensane av Napoleons nederlag i 1812

Napoleons nederlag mot slutten av 1812 var byrjinga på slutten for den franske keisaren, og på same tid ein inspirasjon til motstand mot det franske herredømet. I Spania vart franske styrkar pressa tilbake over Pyreneene, og Austerrike tok avstand frå Frankrike ved å erklære seg nøytralt.<sup>226</sup> Kva med Danmark-Noreg? Fredrik VI hadde vore trufast i sin allianse, mellom anna på grunn av frykta for fransk okkupasjon av Danmark. Den politiske situasjonen burde kanskje ha ført til eit brot med Frankrike? Hungersnaud i Noreg var eit anna argument for eit samarbeid med Storbritannia, som på same tid kunne sabotere Sveriges planar om å ta Noreg. I januar 1813 mottok kongen ein fransk førespurnad om Napoleon framleis kunne rekne med dansk støtte, og Fredrik VI gav eit tydeleg ja.<sup>227</sup> Men kongen såg Alvoret i Frankrikes tilbakeslag. Kva skriv historikarane om kongens handtering av sine rådgjevarar og deira synspunkt? Var desse utslagsgjevande for dei danske fredsforarane til Storbritannia i januar? Og kva var kongen sitt argument for å søke hjelp hjå Russland og Storbritannia i april? Karl Johan sitt arbeid for å sikre seg Noreg fekk vanskelegare vilkår i etterkant av Frankrikes mislukka felttog. Svenskane sin støtte i krigen mot Napoleon var ikkje like viktig, og dei allierte trong ikkje lenger gje dei same garantiane til Karl Johan.<sup>228</sup> Det vil òg vere interessant å leite etter vurderingar av Fredrik VI si nyorientering etter årskiftet, og om historikarane meiner fredsforarane kom på rett tidspunkt.

#### 4.2.2 Passiv Danmark-Noreg? Utanrikspolitisk isolasjon i 1813

Fredrik VI er skildra som ein stabil og prinsippfast mann, som hadde trua på at den patriotiske stemninga i heilstaten kunne sigre over ei stormakt.<sup>229</sup> Dette er kjenneteikn som heilt sikkert har prega han i krigsåra, men spørsmålet er i kva grad nederlaget i 1807 prega kongens

---

<sup>226</sup> Mykland 1978 : 227 f.

<sup>227</sup> Feldbæk 1996 : 95.

<sup>228</sup> Feldbæk 1996 : 95.

<sup>229</sup> Mentz 2009 : 21.

handlingsmønster dei følgjande åra. Han hadde kjennskap til Napoleons feilslåtte felttog allereie i november 1812, men stod fast på at heilstaten si framtid låg i Napoleons hender. Men samtalar med britiske og russiske styresmakter i byrjinga av 1813 tyder på at noko endra seg. Fredsfølarane frå Danmark-Noreg til dei allierte vart avvist. I januar 1813 retta Sverige og Russland eit krav om at heilstaten skulle avstå Noreg til Sverige. Fredrik VI avviste kravet.<sup>230</sup> Kunne Fredrik orientert seg mot dei allierte tidligare? Såg han framleis på Napoleon som ein potensiell fare for Danmark?

Etter kvart som dei allierte slo seg saman, og Danmark-Noreg nok ein gong stadfesta sitt samarbeid med Frankrike, så vart det tydeleg at heilstaten hadde navigert seg fram til å vere Napoleons siste allierte. Kan ein på nokon måte forstå passiviteten, som den er skildra, til Fredrik VI og Danmark-Noreg? Var det så naturleg å vurdere Napoleons æra som over? Det kjem tydeleg fram kva utanriksminister Rosenkrantz meinte om den utanrikspolitiske situasjonen i 1812 og 1813.

#### 4.2.3 Kongens nærmaste. Niels Rosenkrantz – Kristian Fredrik til Noreg

Samspelet mellom kongen og hans rådgjevarar er eit emne med god dekning i historielitteraturen, og kanskje er krigsåra 1812-1814 dei mest interessante når det gjeld kommunikasjonen innad i den danske leiinga. Niels Rosenkrantz er ein gjennomgangsfigur i litteraturen, og eit fellestrekk er utanriksministerens meiningsutveksling med kongen om vurderingane kring allianseval.<sup>231</sup> Han såg Sverige som eit alvorleg trugsmål mot den territorielle integriteten til heilstaten, og hadde ikkje den same spådomen av Napoleons felttog i Russland.<sup>232</sup> Rolla til utanriksministeren vert òg sentral på nyåret 1814, men allereie mot slutten av 1812 kan ein sjå ein skilnad på vurderingane til Rosenkrantz og Fredrik VI. Kva synspunkt hadde kongens omgangskrets på heilstatens utanrikspolitikk i 1812 og 1813? Korleis vart desse synspunkta presentert for kongen, og i kva grad meiner historikarane at kongen vurderte å følgje råda? Var det tydelege feilvurderingar som burde vore unngått?

Kristian Fredrik spelar for alvor ei hovudrolle rett før og etter avståinga av Noreg i Kjølfreden januar 1814. Først då kan ein trekkje saman trådane til historieskrivinga, og vurdere hans rolle

---

<sup>230</sup> Dyrvik 1999 : 217.

<sup>231</sup> Feldbæk 1996 : 94.

<sup>232</sup> Feldbæk 1996 : 94.

opp mot mandatet og strategien til kongen. Fokuset mitt er ikkje kva oppgåver kronprinsen løyste i Noreg, i alle fall ikkje før vi kjem til 1814, men heller motivet til kongen for å sende han. Eg har teikna opp mandatet som Kristian Fredrik fekk presentert, men kva meiner historikarane om bruken av den unge kronprinsen i Noreg? Var det kun på eige initiativ at Fredrik VI såg det nødvendig å skifte ut kongens forlenga arm i Noreg? Kan eg hjå enkelte historikarar finne døme på ein meir langsiktig strategi for Kristian Fredrik, som kongen eller regjeringa i Danmark stod bak, som gjekk utover dei fire punkta i mandatet? Kronprinsen markerte seg sterkt første halvåret av 1814. Finn eg svar i litteraturen på om dette var resultatet av eigen vilje og pågangsmot, eller eit resultat av oppgåvene han fekk med seg eit år i førevegen?

### 4.3 1812-1813: Fredrik VI i historieskrivinga

#### 4.3.1 Tok Fredrik VI lærdom av Napoleons nederlag i 1812?

10. desember 1812 mottok den danske regjeringa ei svensk førespurnad, der spørsmålet om Noreg for fyrste gong vart offentleg ytra.<sup>233</sup> Ikkje lenge etter la ein fransk sendemann fram Napoleons ønskje om stadfesting av samarbeidet mellom Frankrike og Danmark-Noreg. Trass i keisarens dramatiske tilbakeslag mot slutten av 1812, var Fredrik VI sikker på at heilstaten ikkje kunne skilje lag med Frankrike.

I januar 1813 stadfesta Rosenkrantz at heilstaten framleis var tru mot Napoleon, men la med nokre punkt som heilstaten ville ha gjennomslag for. I all hovudsak gjekk dei ut på Danmarks behov for å behalde troppane sine på den jyske halvøya, og at Frankrike difor ikkje måtte rette krav om militære ressursar lenger aust i Europa.<sup>234</sup> Edvard Holm tolkar desse ”krava” som ei vidareføring av nøytralitetslinja som Fredrik VI hadde praktisert fram til krigsutbrotet i 1807. Han hevdar at passiviteten til kongen strir imot målet om heilstatens territoriale integritet. Nøytralitet var ikkje lenger eit alternativ, skriv Holm, og Danmark-Noregs skjebne kom til å ligge i hendene til Napoleons fiendar.<sup>235</sup> Men kvifor ville ikkje kongen vurdere eit brot med Napoleon? Holm skildrar kongen som nølande, og at Russland allereie hadde gjort det klart at

---

<sup>233</sup> Øverland 1891-95 : 2322.

<sup>234</sup> Holm 1912 (7:2) : 360.

<sup>235</sup> Holm 1912 (7:2) : 360.

uthaling av tid ikkje ville føre fram. Vidare skriv han at kongen ikkje vurderte å gå over på Russland si side, fordi han var overtydd om at russarane, om dei tok seg fram forbi Elben, ville lide same skjebne som dei franske troppane mot slutten av 1812.<sup>236</sup> Motivet for ei fredsytring til Storbritannia ligg mellom anna i Noregs situasjon. Det svelteråka landet trong ei rask auke i korntilførsel, og problemet kunne løysast med ein dansk-britisk handelsavtale på tvers av fastlandssperringa. ”Men uheldigvis stod Frederik VI i sin Opfattelse af, hva der kunde opnaas fra Englands Side ved en Fred med det, paa et utrolig naivt Standpunkt”.<sup>237</sup> Holm listar opp punkta som Fredrik VI lanserte som rammevilkåra for ein fredsavtale. Det viktigaste var fjerning av kravet om avståinga av Noreg. Kongen ville òg at tidlegare danske koloniar i Asia og Vest-India samt den danske flåten skulle returnerast til heilstaten. Kritikken mot situasjonsvurderinga til kongen er tydeleg. ”Det var unægtelig et ejendommelig Standpunkt at stille sig paa, naar det gjaldt om at vinde en stor Magts Velvilje og om mulig dens hjælp”.<sup>238</sup>

Så kan ein spørje seg om kva posisjon Storbritannia hadde då dei fekk kongens fredsforslag, og i kva grad dei hadde bunde seg opp til Sverige? Ole Feldbæk skriv at Storbritannia i mars 1813 slutta seg til dei svensk-russiske avtalene om at Sverige skulle overta Noreg.<sup>239</sup> Mykland poengterer òg at forslaget om handelsfred kom for seint, då den svensk-britiske traktaten allereie var eit faktum.<sup>240</sup> Når det gjeld kritikken mot innhaldet i Fredrik VI's fredsforslag, så kunne det vore interessant å vurdert britanes oppfatning av forslaget, og ta omsyn til deira forhold til alliansen med Russland og Sverige. Ville Danmark-Noregs fredsforslag vore aktuelt for Storbritannia om dei ikkje hadde forplikta seg i mars 1813? Eller var krava ei feilvurdering frå dansk side, som måtte mislukkast?

Kjenneteikn for skildringa av kongen rundt årskiftet 1812-1813 er hans passive og negative haldning til ei endring av den politiske kursen. Trass ytre påverknad, som eg kjem tilbake til, gjekk det fleire månader før ei kursendring tok form i handling. Då var det allereie for seint. Oscar Albert Johnsen hevdar at ”Fredrik VI's holdning bidrog kun til at knytte forbundet mellem England og Sverige fastere”.<sup>241</sup> Sverre Steen skriv det same som Johnsen når det gjeld kongens fokus på nøytraliteten, og at Fredrik VI var for seint ute med å opprette kontakt med

---

<sup>236</sup> Holm 1912 (7:2) : 370.

<sup>237</sup> Holm 1912 (7:2) : 372.

<sup>238</sup> Holm 1912 (7:2) : 372.

<sup>239</sup> Feldbæk 1996 : 94.

<sup>240</sup> Mykland 1978 : 228.

<sup>241</sup> Johnsen 1914 : 272.

britane.<sup>242</sup> Felles for forfattarane er mangelen på vurdering av kvifor denne nølinga fann stad. Eg trur ikkje ein berre kan leggje skulda på kongens overdrevne tru på Napoleon, som den er skildra, og heller ikkje overvurdere kritikken retta mot kongens manglande bruk av rådgjeving. Edvard Holm trekk fram kongens uro for Napoleons militære krefter som stod i dei Nord-tyske områda, og at desse var *"tilstrækkelige til at knuse os, førend der kunde komme Hjælp"*.<sup>243</sup> Var verkeleg eit allianseskifte så opplagt?

Jørgen Weibull har si forklaring på kvifor heilstaten ikkje makta å skape eit samarbeid med Russland. I boka *"Carl Johan och Norge 1810-1814"* frå 1957 seier Weibull seg einig med Holm i at samarbeid med Russland var lite aktuelt. *"Forhandlingene strandade emellertid dels på grund av Fredrik VI:s avvisande hållning (...)"*.<sup>244</sup> Utover det finn eg ikkje moglege årsaker til kvifor kongen ikkje endra kurs. Det same gjeld Axel Coldevin sin omtale i *"Vårt folks historie"* frå 1963. Han skriv at kongen hadde lova Napoleon si støtte i 1807, og at han ikkje ville bryte sitt ord.<sup>245</sup> Ei vidare forklaring på kvifor kongen først i april vurderte ein annan politisk kurs, finn eg heller ikkje her. Rett nok endra spelereglane seg, i form av at Russland sitt behov for svensk støtte ikkje var like prekært, noko som kunne opne for revurdering av dei allierte sin lovnad til Karl Johan. Delar av kongens omgangskrets tala for eit brot med den franske keisaren, men utover desse argumenta er det lite handfaste argument på kvifor det gjekk nesten eit halvår frå Napoleons feilslåtte felttog til Danmark-Noregs fredsforslag til Storbritannia. Knut Mykland siterar kongens frykt for fransk hærsetjing av Jylland. Jylland var *"Norges spisekammer, ligesom Holsten er det for Sjælland"*.<sup>246</sup> Æra til kongen vart sett på ei prøve, skriv Mykland, og det var ei prøve som han skulle bestå.<sup>247</sup>

Jens Engberg meiner kongens nøling rundt årsskiftet skuldast overdreven respekt for Napoleon. Aller fyrst trekk han fram Fredrik VI's frykt for fransk invasjon av hertugdøma og Jylland, og at dette var argumenta til kongen i samtalar med Niels Rosenkrantz.<sup>248</sup> Vidare rettar Engberg kritikk mot kongens ytring til England på nyåret, og krava som kongen la til grunn for ein eventuell avtale. Desse var urimelige, skriv Engberg, og ville i praksis fungere

---

<sup>242</sup> Steen 1933 : 336.

<sup>243</sup> Holm 1912 (7:2) : 349.

<sup>244</sup> Weibull 1957 : 88.

<sup>245</sup> Coldevin 1963 : 475.

<sup>246</sup> Mykland 1978 : 227.

<sup>247</sup> Mykland 1978 : 227.

<sup>248</sup> Engberg 2009 : 371.

som ei britisk orsaking for overfallet på Danmark i 1807.<sup>249</sup> For Engberg er det tydeleg at den danske fredsfølaren til Storbritannia mislukkast på grunn av urimelig høge krav. Innstillinga til å søkje russisk støtte var heller ikkje til stades, samstundes som Fredrik var klar over at kravet om Noregs framtid i heilstaten ikkje kunne slå gjennom hjå Russland.<sup>250</sup> Russland hadde behov for Noreg som lokkemat for svenskane, som hadde missa Finland til Russland.

Trass i oppmodingar frå både utanriksminister Rosenkrantz og kronprins Kristian Fredrik, gjekk det lang tid før kongen tok til med eit diplomatisk risikospel. Der freista han å leggje til rette for nye løysingar samstundes som han ikkje ville risikere å stå att åleine. Kongen hadde ei bestemt tru på Napoleon i hans marsj mot Moskva, noko som ikkje galdt for alle omkring han.

#### 4.3.2 Forsinka fredsfølarar og Fredrik VI sin omgangskrets

Allereie i september 1812 var utanriksminister Rosenkrantz framme med sine synspunkt på framtida til Napoleon, og ikkje minst framtida til Danmark-Noreg.<sup>251</sup> Kristian Fredrik oppmoda Fredrik VI, på kongens bursdag, om å bryte med Napoleon.<sup>252</sup> Eg vil undersøke forholdet mellom Rosenkrantz og Fredrik VI, og eventuelt kva side historikarane står på. Det er rett nok fleire aktørar som var i kongens nærleik rundt årskiftet, men Rosenkrantz er truleg den mest omtalte i litteraturen og vert difor eit naturleg val for meg.

Fredrik VI stod som nevnt med fast tru på Napoleon. Korleis presenterte mellom andre Niels Rosenkrantz synet sitt for kongen, og kva var det basert på? Edvard Holm gjer det klart at Rosenkrantz var forsiktig i sin argumentasjon, trass i at *"Grundsynet paa, hva der var overenstemmende med Statens Fordel", var meget forskjelligt hos ham (Rosenkrantz) og hos Kongen*".<sup>253</sup> Sverre Steen påpeikar Rosenkrantz si manglande evne til å lokke kongen over til sitt standpunkt, og at han som regel *"bøide sig lojalt for kongen"*.<sup>254</sup> Rosenkrantz hadde òg ei vanskeligare oppgåve enn nokon tidligare i hans posisjon, meiner Steen, som han heller ikkje makta å løyse.<sup>255</sup> Her ser vi at den vanskelige situasjonen prega fleire enn kongen sjølv. Byrjinga på eit av dei meir siterte utsegna til Rosenkrantz er tydeleg: *"Danmark skal udslettes*

---

<sup>249</sup> Engberg 2009 : 375.

<sup>250</sup> Engberg 2009 : 375.

<sup>251</sup> Feldbæk 1996 : 94.

<sup>252</sup> Mykland 1978 : 228.

<sup>253</sup> Holm 1912 (7:2) : 320.

<sup>254</sup> Steen 1933 : 330.

<sup>255</sup> Steen 1933 : 330.

*af de uafhængige Staters Tal (...)*”.<sup>256</sup> Allereie då hadde Rosenkrantz si bestemte meining om utfallet av det franske felttoget, eit utfall som truleg verken Fredrik VI eller Napoleon såg på som aktuelt. Kort tid etter stod den franske keisaren ved Moskva. Kvifor er det retta så skarp kritikk mot kongens tiltru til sin allierte, også i ein periode der Frankrike framleis var på offensiven? For Edvard Holm er det bemerkelsesverdig at Rosenkrantz kom med desse spådomane på dette tidspunktet.<sup>257</sup> Monarkiets territoriale integritet var det som stod i sentrum, skriv Ole Feldbæk.

*”Det var ikke personlig stædighet eller misforstået loyalitet, der fik ham til så konsekvent at fastholde alliancen med Frankrig, men alene en vurdering af Napoleon som den eneste der ville og kunne garantere helstaten.”*<sup>258</sup>

Med dette talar Feldbæk for at kongen si vurdering ikkje berre var prega av kongens eigenskapar som god eller dårleg statsleiar, eller den dårlege opplevinga i 1807, men at Napoleon var det rette valet i forhold til strategien som til ei kvar tid låg i Fredriks hovud. *”Hans Majestæts helbred har aldrig været bedre”*.<sup>259</sup> Dette er Napoleons offentlege ytring i ettertid av Frankrikes åtak mot Russland i 1812. Kanskje er det naturleg å vurdere slike utsegn som ein forsterkande faktor på det inntrykket som Fredrik VI sjølv sat med: ein burde ikkje endre allianse- det var framleis håp om at Napoleon kunne reise seg.

Jens Engberg tek i første omgang kongen si side i skildringa av hans tru på Napoleon. Aller fyrst trekker han fram Rosenkrantz sin argumentasjon, som hovudsakleg sa at samarbeidet med Frankrike hadde tent ferdig sitt formål ved å sikre hertugdøma og sørgrensa for åtak. No var Sverige trugsmålet.<sup>260</sup> Kongens argument tok meir for seg dei faktiske forholda, skriv Engberg. Faktumet var at Napoleon no hadde kome seg fram til Moskva, og dette kunne neppe vurderast som starten på eit nederlag.<sup>261</sup> Russland hadde utfordringar i eige land, held Engberg fram, og Bernadotte hadde jo ikkje styrkar til å angripe Sjælland utan russisk hjelp.<sup>262</sup> Ein kan nesten vurdere dette som eit positiv synspunkt frå Engberg si side, noko som rett nok er kortvarig: *”Frederiks system, som han kaldte sin politik og sin styreform, hvilede*

---

<sup>256</sup> Rosenkrantz til kongen i september 1812. Holm 1912 : 339.

<sup>257</sup> Holm 1912 (7:2) : 340.

<sup>258</sup> Feldbæk 1982 : 304.

<sup>259</sup> Feldbæk 1998 : 347.

<sup>260</sup> Engberg 2009 : 370.

<sup>261</sup> Engberg 2009 : 371.

<sup>262</sup> Engberg 2009 : 371.

på den ufravigelige accept af, at det var ham alene, der bestemte i alt.”<sup>263</sup> No er kritikken retta mot den eineveldige kongen.

”Frederiks afvisning af alle forslag om at skifte side skyldtes hans stædighed og mangel på smidighed, hans overbevisning om, at det var ham, der vidste best, sammen med hans mangel på evne til at tro på, at en given uheldig situation med en behændig og dristig indsats måske kunne ændres til noget bedre”.<sup>264</sup>

Både før og seinare i biografien *Den standhaftige tinsoldat*, er Engberg ofte på plass med skildringar som ikkje gjev kongen kreditt som ein mann med tankar og evner til *en behændig og dristig indsats*. Kvifor han meiner at kongen no, når heile Danmark-Noreg si framtid stod på spel, skulle inneha desse kvalitetane, er ikkje godt å seie. Det er godt mogleg at Fredrik VI ikkje ville ta nokre sjansar, og kanskje var det rett vurdering i eit spel med landområder som innsats. Men til slutt tok altså kongen kontakt med Storbritannia i håp om ei løysing. Kva endra meininga hans?

Ovanfor har eg presentert nokre av årsaksforklaringane til kvifor kongen stod fast på sitt samarbeid med Frankrike. Når det gjeld spørsmålet om kvifor han endeleg freista å søkje støtte hjå Napoleons fiendar, er det variabel informasjon i litteraturen. Nokre kommenterer berre at kongen sende sine forslag om fred til Storbritannia, men at dette kom for seint. Dette gjeld mellom andre Holm, Steen og Coldevin. Jamvel har enkelte sine synspunkt på kva som kan ha endra synet til kongen. Knut Mykland skriv at kongen stod fast på systemet sitt, men at motargumenta til dei rundt han ikkje hadde nokon effekt i første omgang. Visestatthaldar Fredrik av Hessen bad kongen om å slutte våpenkvile med Storbritannia, og kronprins Kristian Fredrik oppmoda kongen om det same. ”Under det nye presset gav Fredrik VI etter”.<sup>265</sup> Ole Feldbæk ser heller ein meir taktisk djerv konge, som såg sjansen til å sikre Noreg ved å endre allianse. Kongens endring i sitt syn på ei tilnærming til Storbritannia, skriv Feldbæk, kom som eit resultat av hans oppfatting av Sverige som mindre avgjerande for dei allierte.<sup>266</sup> No når Napoleon hadde tapt store styrkar i Russland, var det usikkert om dei allierte ville halde fram med sin lovnad til Sverige. Difor såg kongen sjansen til å slutte ein

---

<sup>263</sup> Engberg 2009 : 373.

<sup>264</sup> Engberg 2009 : 376.

<sup>265</sup> Mykland 1978 : 228.

<sup>266</sup> Feldbæk 1982 : 304.



fred som kunne hindre planane til Karl Johan.<sup>267</sup> Det kjem i liten grad fram kva faktorar som kan ha påverka kongen aller mest, og det vert gjerne spekulasjonar for både forfattarane og meg sjølv. Sjølv biografien til Engberg nevner berre at kongen i april var villig til å endre allianse, men ikkje kvifor han tok eit nytt standpunkt.<sup>268</sup>

Før kongen fekk stadfesta at dei allierte stod ved sin lovnad til Sverige, hadde han allereie gjennomført èitt av to avgjerande trekk. Tronføljar Kristian Fredrik tok plassen til visestathaldar Fredrik av Hessen, og spelte ei sentral rolle i tida fram mot Kielfreden i 1814. I neste kapittel vil eg ta for meg litteraturen si vurdering av samspelet mellom Fredrik og Kristian Fredrik. Det er i mellomtida interessant å leite etter historikarane sine tankar kring statthaldarbytet i Noreg.

#### 4.3.3 Kristian Fredrik til Noreg mai 1813

Kronprinsen fekk med seg fleire oppgåver til Noreg, og fleire av dei kan koblast opp i mot den utanrikspolitiske situasjonen. Kva finn eg i litteraturen om utsendinga av den nye statthaldaren, og kjem forfattarane med ulike årsaker eller strategier bak statthaldarbytet? Kristian Fredrik vart send til Noreg som eit ledd i planane om at prins Fredrik av Hessen skulle ta over styrkar i sørlege delar av Danmark, i kampen mot Napoleon.<sup>269</sup> Dette skriv Edvard Holm i 1912. Holm hevdar at dette var ein av tankane bak statthaldarbytet, ein tanke som kongen hadde før han mottok det britiske avslaget om samarbeid. Holm held fram med å påpeike at instruksane som Kristian Fredrik fekk 10. mai, kom medan Fredrik framleis hadde trua på ein fred med Storbritannia.<sup>270</sup> Ein av instruksane var å klargjere Noreg til krig. "*Han (Fredrik) giver derfor forskjellige Ordre med denne Mulighed for Øje.*"<sup>271</sup> Det er usikkert kva handlingsrom statthaldaren fekk i arbeidet for å hindre ei samanslåing med Sverige. Hovudmålet var å halde heilstaten samla, men hjå Sverre Steen kan ein sjå for seg at det sentrale for Fredrik var å hindre at Noreg fell i henda på ein anna nasjon, sjølv om dette innebar ein separat utanrikspolitikk for Danmark og Noreg. Dette kjem eg attende til. Mannen bak biografien om Kristian Fredrik, Axel Linvald, trekk fram personlege og militærpolitiske årsakar for statthaldarbytet.<sup>272</sup> I *Christian VIII – Norges Statholder* frå 1952 hevdar Linvald at

---

<sup>267</sup> Feldbæk 1982 : 304.

<sup>268</sup> Engberg 2009 : 374 ff.

<sup>269</sup> Holm 1912 (7:2) : 400 f.

<sup>270</sup> Holm 1912 (7:2) : 401.

<sup>271</sup> Holm 1912 (7:2) : 401.

<sup>272</sup> Linvald 1952 : 49 f.

det var personlege hensyn som var bakgrunnen for statthaldarbyttet. Både for den tidligare visestatthaldar Fredrik av Hessen, tronfølgjar Kristian Fredrik, men òg kongens behov for ein evnerik krigsleiar.<sup>273</sup> Eit ledd i den siste traktaten mellom Frankrike og Danmark-Noreg sa at heilstaten skulle stille 10 000 mann til disposisjon etter Napoleons behov, og Frankrike skulle love 15 000 mann til støtte for eventuelle åtak på hertugdøma eller Jylland. Kongen valde Fredrik av Hessen som leiar for det norske korpset.<sup>274</sup> Dette byggjer Steen vidare på. Han skriv at mellom anna Kristian Fredriks iver etter å ta over statthaldarposisjonen var ein av årsakene til at nettopp det hende, men legg samstundes større vekt på kongens behov for Fredrik av Hessen som øvstkommanderande i sør.<sup>275</sup> *”Adskilligt tyder på, at sandheten ligger de siste gisninger nærmest.”*<sup>276</sup>

Linvald held fram med at kongen fokuserte sterkt på heilstatens framtid, og Linvald hevdar at kongen ikkje vurderte å skilje skjebnene til Danmark og Noreg.<sup>277</sup> Det er ikkje enkelt å vurdere om Linvald utelukkar at kongen sat med ein reserveplan, men han hevdar at *”Tanken om at skille Norges og Danmarks skæbne har i hvert fald næppe gjort sig gældende.”*<sup>278</sup> Denne skildringa står altså i kontrast til Holm og Steen sine tankar. Kongen si vurdering av situasjonen, skriv Steen, var at det var nødvendig med fleire alternative strategier. Han skriv at Kristian Fredrik i *”nødsfall skulde stille sig i spissen for et selvstendig rike og hindre forening med Sverige.”*<sup>279</sup> Dette var ifølgje Steen tankar som Fredrik VI hadde i april og mai 1813.<sup>280</sup>

Kongen stod bak instruksane til Kristian Fredrik, men det var òg andre som såg behovet for ein kongeleg samlingsperson i Noreg. Det var *”ingen ny tanke å sende kronprinsen til Norge.”*<sup>281</sup> Carsten Anker<sup>282</sup>, som hadde eit nært forhold til Kristian Fredrik, hadde ved eit par høve bedt om å få prinsen til Noreg, skriv Steen.<sup>283</sup> Den same mannen får kreditt hjå Oscar A. Johnsen for arbeidet med å framheve tronfølgjaren som den rette mannen for det kriseråka Noreg. Johnsen skriv at Anker påpeika Kristian Fredriks evner som dei rette for å få Noreg på

---

<sup>273</sup> Linvald 1952 : 49.

<sup>274</sup> Skeie 1953 : 349.

<sup>275</sup> Linvald 1952 : 49.

<sup>276</sup> Linvald 1952 : 49.

<sup>277</sup> Linvald 1952 : 50.

<sup>278</sup> Linvald 1952 : 49 f.

<sup>279</sup> Steen 1933 : 337.

<sup>280</sup> Steen 1933 : 337.

<sup>281</sup> Steen 1933 : 337.

<sup>282</sup> Carsten Anker (1747-1824) Sentral rådgjevar og god ven for Kristian Fredrik, både i København og under statthaldartida. Arbeida òg i sentraladministrasjonen, og var ein vellukka forretningsmann. Feldbæk 1998 : 361.

<sup>283</sup> Steen 1933 : 337.

rett kjøl, uavhengig av Danmarks skjebne.<sup>284</sup> Kronprinsen utretta fleire ting, mellom anna oppretta han ein ny regjeringskommisjon og fulgte mandatet til kongen ved å auke kornimporten til Noreg.<sup>285</sup> Hans politiske evner vil eg sjå nærmare på i neste kapittel. Kongen var fyrst usikker på kva ein leiarskikkelse kunne gjere i eit Noreg prega av ”sprengningslyster”, og tok ikkje sjansen før i mai 1813. Steen hevdar Fredrik VI burde ha tatt valet før. ”*En stor statsmann vilde ha gjort det.*”<sup>286</sup> Ståle Dyrvik skriv om kongen sitt håp om ei tilnærming til Storbritannia, gjerne med hjelp frå Kristian Fredrik, og at Noreg var tiltenkt ei offensiv rolle i den moglege krigsperioden, med planar om åtak på Sverige.<sup>287</sup>

Litteraturen har sine skildringar om situasjonen i april og mai 1813, og kva konsekvensar som kom til å følgje av kongens utsending av Kristian Fredrik. Linvald understrekar kongens optimistiske tru på ei britisk tilnærming, og at han såg ei løysing på ulukka som alliansen med Frankrike hadde utvikla seg til. ”*Snarere skyldtes hans udnævnelse at kongen betragtede faren som afværget.*”<sup>288</sup> I biografien om Fredrik VI har ikkje forfattaren funne det nødvendig å ta for seg utsendinga av Kristian Fredrik til Noreg, og han vurderer heller då ikkje eventuelle motiv bak dette. Rett nok kjem tronfølgjaren i fokus seinare i boka, i samband med tida før og etter Kielfreden. Samarbeidet mellom desse to aktørane er lettare å vurdere i etterkant av neste kapittel. Nokre skildringar kan jamvel skape ei forventning hjå lesaren. Knut Mykland omtalar kongen som optimistisk i si tiltru til dei danske styrkane i sør, medan Kristian Fredrik var ”*derimot realist og pessimist*”, og såg for seg ei vanskeleg framtid.<sup>289</sup> Ole Feldbæk opnar eit avsnitt, som tek for seg arbeidet på Eidsvoll i 1814, med følgjande setning. ”*Frederik 6. havde en Norgespolitik. Det samme havde hans statholder. Men de var ikke ens.*”<sup>290</sup> Eg vil kome nærare inn på dette samarbeidet i neste kapittel.

#### 4.4 Oppsummering

Ein tydeleg tendens i historieskrivinga er utviklinga omtalen av Fredrik VI, både som person og leiar for heilstaten. I 1807 var valet av allianse, ifølgje mykje av litteraturen, ein naturleg konsekvens av ytre påverknad. Det var britane som kom med desse *urimelige* krava, og etter

---

<sup>284</sup> Johnsen 1914 : 274 f.

<sup>285</sup> Johnsen 1914 : 276.

<sup>286</sup> Steen 1933 : 337.

<sup>287</sup> Dyrvik 1999 : 220 f.

<sup>288</sup> Linvald 1952 : 50.

<sup>289</sup> Mykland 1978 : 270.

<sup>290</sup> Feldbæk 1998 : 359.

angrepet på København var dei som naturlege fiendar å rekne. Essensen i oppsummeringa er at historikarane i stor grad skildrar hendingane i 1807 som eit resultat av det brutale åtaket frå Storbritannia, og at nettopp deira aggressivitet måtte få konsekvensar. Kronprins Fredrik handla riktig innanfor dei rammene han kunne påverke.

Dette synet endrar seg, til tider drastisk, etter kvart som krigen utvikla seg. Eg finn i mykje større grad kritiske vurderingar av kongen i 1812 og 1813, i nokre tilfeller på grensa til latterleggjering. Hjå mine utvalgte døme har fleire av Fredriks utanrikspolitiske strategier vore skildra som *feilvurderingar*. Kva er ankepunktene til historikarane? Det kjem fram i litteraturen at kongen ynskte å halde sine militære ressursar utanfor krigsskodeplassen, i alle fall så lenge det lot seg gjere. Det var ei bevisst vidareføring av nøytralitetslinja, praktisert gjennom ei varsam handtering av stormaktene. I etterkant av Napoleons katastrofale felttog til Russland, som rett nok ikkje var slutten på hans militære karriere, gjorde ikkje Fredrik VI noko for å søkje andre løysingar. Kongens taktikk, heilt fram til fredsfølarane i april 1813, er karakterisert som *nølande* med liten *vilje* til å sjå det som litteraturen karakteriserer som det openbare. Ifølgje historielitteraturen var det mykje som tala for ein utanrikspolitisk nyorientering i overgangen 1812/1813: Sverige arbeida for å skaffe seg krefter bak kravet om Noreg. Napoleon hadde missa i ein militær operasjon mot ein av dei største maktene i Europa. Det same inntrykket gjer seg gjeldande etter eg har granska Fredriks bruk av rådgjevarar.

Noko av kritikken til historikarane fokuserar på Fredrik VI's *tru* på Napoleons krigsslukke, til tider karakterisert som rein *stahet*. Kristian Fredrik, Niels Rosenkrantz og prins Fredrik av Hessen kom med sine innspel om kva som var det rette å gjere, utan at dette fekk konsekvensar før det var for seint. Jens Engberg dreg fram kongens respekt for Napoleons militære krefter i dei nord-tyske områda, sjølv etter felttoget til Moskva.<sup>291</sup> Engberg meiner at denne respekten var overdreven, utan å utdjupe det noko meir. Edvard Holm trekk fram Rosenkrantz si overtyding om Napoleons usikre framtid, og meiner at denne rådgjevinga var *bemerkelsesverdige* med tanke på den militære situasjonen.<sup>292</sup> Burde det vore så naturleg for kongen å oppfatte rådgjevinga som det *riktige*? Den franske keisaren var på veg mot Moskva, på toppen av Frankrikes territorielle ekspansjon, og tok seg utan problemar heilt fram til den russiske hovudstaden. Det er mogleg, men vanskeleg, å vurdere denne respekten for Napoleon som ei feilvurdering.

---

<sup>291</sup> Engberg 2009 : 371.

<sup>292</sup> Holm 1912 (7:2) : 340.

Med tanke på kongens langsiktige strategi, som ifølge litteraturen i all hovudsak gjekk ut på å halde Noreg i heilstaten, var kanskje ikkje kongen fullt så passiv som eg i første omgang fekk inntrykk av. Kravet frå dei allierte, som kongen fekk i to omgangar, var eigentleg basert på at kongen måtte gje frå seg Noreg til Sverige. Dette var eit kriterie for at kongen i det heile fekk sjansen til å endre allianse, frå Frankrike til dei allierte. Kritikken mot at denne endringa ikkje fann stad er tydeleg fleire stadar. Ole Feldbæk skriv at denne tanken truleg stod sterkt i kongen, i det han nærma seg Storbritannia i håp om ein avtale.<sup>293</sup> Kunne kongen hindre at Sverige overtok Noreg på kort sikt, ville det auke moglegheiten for ein samla heilstat i framtida.<sup>294</sup> Kanskje hadde kongen eit større mangfald i sine taktiske disposisjonar enn berre å klamre seg fast til Frankrike? Kristian Fredrik fekk i oppdrag å førebu krigføring frå Noreg, prins Fredrik av Hessen var tiltenkt ei sentral rolle i hertugdøma, og på same tid var ein allianse med Storbritannia høgaktuell for Fredrik VI. Mandatet til Kristian Fredrik sa at han skulle førebu Noreg til krig, og dette er nok eit teikn på at kongen no såg kva fare som Karl Johan og Sverige representerte. Kongen hadde altså planar om ein motoffensiv der svenskane minst venta det. Men i all hovudsak så gjorde kongen nokre prioriteringar som har fått ein hard dom i ettertid, og det er særleg i denne hendingsrekkja eg finn ankepunkt mot kongen. Kritkarane har uansett meir å ta tak i, og årsskiftet 1813-14 er ikkje annleis.

---

<sup>293</sup> Feldbæk 1982 : 304.

<sup>294</sup> Feldbæk 1982 : 304.

## 5. 1814: Heilstatens brot- ein utspelt konge?

### 5.1 Hendingsrekke vinteren 1813-1814

Året 1807 er byrjinga for mi historiografiske analyse av Fredrik VI, og markerar eit brot i heilstatens rolle i krigen på kontinentet. Eg har freista å trekkje opp eit bakteppe med eit utval av skildringar frå litteraturen, som gjev lesaren ei betre forståing av kongen som politisk aktør, og ikkje minst historikarane sine vurderingar av denne aktøren. Desse kan verte sentrale i det eg skal ta for meg hendingane før og etter Kielfreden, der kongen til slutt må gje slepp på Noreg. Den 14. januar 1814 vart Kieltraktaten slutta, og hovudfokuset mitt er å sjå den tette hendingsrekkja rundt årskiftet i ein eventuell samanheng med kongens strategi både før og etter Kielfreden.<sup>295</sup> Meir enn nokon gong vert det viktig å presentere ein god bakgrunn for lesaren, aller mest som følgje av at hendingsrekkja og kommunikasjonen mellom dei sentrale aktørane var særst tett. Litteraturen eg tek for meg vil skape ein naturleg god debatt omkring kongen, då han har sentral i historikar-debattar i ulike fora dei siste tiåra. Eg forventar gjerne skarpare motsetnadar her enn kva tilfellet har vore før.

#### 5.1.1 Allierte styrkar og slaget ved Leipzig

Kongens val av Kristian Fredrik som norsk statthaldar våren 1813, og den nye traktaten med Frankrike i juli same året, knytte heilstaten for alvor til Frankrikes krigsskjebne. På same tid rusta dei allierte styrkane seg til eit endeleg oppgjær med Napoleon.<sup>296</sup> Etter eige ynskje og kongens behov var prins Fredrik av Hessen no kommandør over danske styrkar som samarbeida med franske styrkar under leiing av marskalk Louis Nicolas Davout.<sup>297</sup> Krigens framtid låg no i utfallet av fredsforhandlingane mellom dei allierte og keisar Napoleon.<sup>298</sup> Som følgje av traktaten mellom Danmark-Noreg og Frankrike i juli plikta begge partar å erklære Sverige og dei allierte krig om ikkje forhandlingane enda i ein avtale.<sup>299</sup> Krigen braut

---

<sup>295</sup> Dyrvik 2005 : 29.

<sup>296</sup> Dyrvik 2005 : 24.

<sup>297</sup> Achen&Bech (red) 1963 : 257.

<sup>298</sup> Frankrike missa stadig allierte og nøytrale statar til motstandaren etter 1810, og både Prøyssen og Austerrike var ikkje lenger potensielle medspelarar for Napoleon. Tidleg 1813 stod Danmark-Noreg som einaste alliert til Frankrike. Dyrvik 2005 : 24.

<sup>299</sup> Feldbæk 1998 : 348.

ut att den 10. august 1813.<sup>300</sup> No stod det mellom dansk-franske styrkar og dei allierte med Russland, Sverige og Prøyssen i førarsetet. Det var i det nordlege og sentrale Tyskland at krigen skulle få sine avgjerande hendingar.<sup>301</sup> No var Karl Johan leiar for den allierte Nordarmeen i kampen mot sine landsmenn og sin tidlegare leiar.<sup>302</sup> Den svenske tronfølgjaren skulle spele ei sentral rolle etter det store slaget ved Leipzig. Før den tid var dansk-franske styrkar, under leiing av Davout, samla i arbeidet for å setje saman eit sterkt forsvar mellom Lübeck og Hamburg.<sup>303</sup> Planen var å marsjere til neste mål lenger aust, som var Schwerin, og halde stand i påvente av nye ordrer frå keisar Napoleon.<sup>304</sup> Fredrik VI såg for seg at forsvaret av Sverige måtte bli svekka som følgje av den innsatsen Karl Johan la ned på kontinentet, og oppmoda Kristian Fredrik i september til eit åtak mot nabolandet.<sup>305</sup> Statthaldaren argumenterte med at dei norske styrkane ikkje var førebudd på ein slik aksjon, og angrepet vart heller ikkje noko av.<sup>306</sup> Men i mellomtida byrja det første store oppgjeret mellom dei krigførande.

Napoleon vann nokre mindre sigrar i etterkant av krigsutbrotet i august og september 1813.<sup>307</sup> Men dei franske troppane var i undertal, og keisaren tapte det avgjerande slaget mellom den 16. og 19. oktober 1813.<sup>308</sup> Dei allierte var i overtal og tvinga etter kvart dei franske styrkane på defensiven, med store tap.<sup>309</sup> Napoleons hær vart redusert med 70 000 mann, og *"slaget ved Leipzig betydde slutten på Napoleons hegemoni i Europa."*<sup>310</sup> Den 30. oktober fekk Fredrik informasjon om Napoleons nederlag ved Leipzig, og nekta å tru det han las.<sup>311</sup> I etterkant av Leipzig stod Danmark og hertugdøma i direkte fare for å verte ein del av krigsskodeplassen. Stoda i Europa var heilt annleis enn kva tilfellet var i byrjinga av 1812. Austerrike, Prøyssen, Russland og Storbritannia stod samla i krigen mot Napoleon, og områda som er dagens Tyskland og Nederland var i opprør etter Leipzig-slaget, noko som opna vegen til Frankrike.<sup>312</sup> Nordarmeen og Karl Johan hadde som oppgåve å dekkje høgre flanke i marsjen vestover, og ruta gjekk innom Hamburg og gjennom Nordvest-Tyskland. På dette

---

<sup>300</sup> Feldbæk 1998 : 348.

<sup>301</sup> Feldbæk 1996 : 126.

<sup>302</sup> Dyrvik 1999 : 225.

<sup>303</sup> Holm 1912 (7:2) : 428.

<sup>304</sup> Holm 1912 (7:2) : 429.

<sup>305</sup> Holm 1912 (7:2) : 461 ff.

<sup>306</sup> Holm 1912 (7:2) : 462.

<sup>307</sup> Feldbæk 1998 : 348.

<sup>308</sup> Feldbæk 1998 : 348.

<sup>309</sup> Holm 1912 (2) : 431.

<sup>310</sup> Mykland 1978 : 288.

<sup>311</sup> Feldbæk 1996 : 127.

<sup>312</sup> Mykland 1978 : 290.

tidspunktet hadde Austerrike tatt ansvar som meklar i København, og skulle etter kvart spele ei sentral rolle i det diplomatiske spelet som nærma seg. Deira utsending, grev L.P Bombelles, skulle i første omgang få kongen til å slutte fred på dei same vilkåra som han av slo i mai 1813.<sup>313</sup> På same tid som desse meklingsane byrja, hadde dei svenske styrkane endra fokus. Karl Johan såg sin sjanse til å realisere politikken sin gjennom fire år, og skulle med makt sørge for at danskane måtte gje slepp på Noreg.<sup>314</sup>

Den svenske tronfølgjaren endra ruta for sine svenske styrkar den 26 november 1813.<sup>315</sup> No skulle dei rykke inn i Holstein, og på denne måten kome i direkte forhandlingar med Fredrik VI. Karl Johan var usikker på samarbeidet med dei allierte. Dei andre stormaktene hadde no eit mindre behov for Sverige i oppgjeret mot Frankrike, og Karl Johan nytta høvet til å unngå eit politisk nederlag ved ein seinare storfred.<sup>316</sup> Den 5. desember rykka Karl Johan inn i Lübeck. Eit fransk korps som skulle forsvare Jylland måtte no søkje dekning i Hamburg, og situasjonen såg stadig mørkare ut for hertugdøma.<sup>317</sup> Dei danske soldatane i Holstein var i undertal, og måtte trekkje seg attende til festningane sine. Fredrik av Hessen stod fram som ein markant leiar, men i byrjinga av desember 1813 vart overmakta for stor og han måtte ta med seg styrkane sine i forsvarsstilling.<sup>318</sup> Karl Johan hadde no kome seg godt inn i Slesvig, men forholdet til stormaktene hadde surna etter kvart som dei oppdaga at Karl Johan tok ting i eigne hender.<sup>319</sup> Fredrik VI kalla saman statsrådet for første gong på fleire år og bad om deira vurdering av situasjonen. Statsrådet møttes den 3. desember, og kom i byrjinga fram til same konklusjon som Fredrik. Men etter innspel frå mellom andre Rosenkrantz godtok kongen Austerrikes meklingsforslag.<sup>320</sup> Sverige og Danmark-Noreg slutta ein våpenstillstand den 15. desember 1813.<sup>321</sup> Til no hadde krigsmaskineriet prega hendingsrekka i dei tyske områda. *”Resten skulle skje ved forhandlingsbordet”*.<sup>322</sup>

No stod Fredrik VI og Danmark-Noreg isolert. Kongen hadde samla store delar av hæren sin på Fyn. Våpenstillstanden var i utgangspunktet på to veker, men i Kiel makta kongens

---

<sup>313</sup> Mykland 1978 : 291 f.

<sup>314</sup> Feldbæk 1996 : 127.

<sup>315</sup> Dyrvik 2005 : 27.

<sup>316</sup> Mykland 1978 : 292 f.

<sup>317</sup> Feldbæk 1996 : 127.

<sup>318</sup> Feldbæk 1996 : 128.

<sup>319</sup> Mykland 1978 : 294.

<sup>320</sup> Nørregård 1954 : 98 f.

<sup>321</sup> Dyrvik 2005 : 27.

<sup>322</sup> Mykland 1978 : 294.



utsending å forlengje den til 5. januar 1814.<sup>323</sup> Men Karl Johan gjorde det klart at han var bestemt på å byrja krigen att om nødvendig. Mannen som fekk ordrer frå Fredrik VI om å reise til svenskanes hovudkvarter i Kiel, saman med grev Bombelles, var diplomaten Edmund Bourke.<sup>324</sup> Desse ankom Kiel den 23. desember 1813, og kom i samtalar med Karl Johan i håp om å oppnå ei fredsmekling under leiing av Austerrike. Edmund Bourke hadde sjølv berre fullmakt til å forlengje våpenstillstanden, noko som skulle vise seg å hale ut prosessen i tid. Innhaldet i Bombelles sitt forslag gjekk ut på at Sverige skulle få Trondheim stift som sin del av Noreg.<sup>325</sup> Karl Johan avviste det austerrikske meklingsforslaget, og retta fokuset over på sine krav til kongen av Danmark.<sup>326</sup> Dette forslaget inneheld krav om å overta heile Noreg, men avståinga kunne gjennomførast på to måtar. Kongen kunne avstå Trondheim stift straks, utan nokon økonomisk erstatning og ved fredsslutninga skulle resten av Noreg følgje etter.<sup>327</sup> Rett nok skulle Sverige arbeide for ein høveleg territoriell erstatning. Det andre alternativet var å avstå heile Noreg til Sverige med ein gong, mot erstatning i form av svenske Vorpommern og 1 million riksdaler.<sup>328</sup> 400 000 av desse skulle betalast ved fredsslutninga, og deretter 100 000 om månaden.<sup>329</sup> Også her skulle svenskane arbeide for ei endå betre erstatning etter fredsslutninga. Bourke reiste attende til København med Karl Johans forslag, og med det byrja eit intenst diplomatisk spel.

### 5.1.2 Noreg som innsats- kommunikasjon og forhandlingar

Korrespondansen mellom Fredrik VI og Kristian Fredrik dei siste vekene av 1813, kan danne ein viktig bakgrunn for rammevilkåra til kongen i byrjinga av 1814. Kristian Fredrik hadde den 15. november søkt om lov til å ordne eit separat samarbeid mellom Noreg og Storbritannia.<sup>330</sup> På same tid var kongen under påverknad av Austerrike si vurdering av situasjonen. Bakgrunnen for deira involvering i forhandlingane var mellom anna ønsket om to sterke flankemakter i Europa, Russland og Frankrike, med dei sjølve som ein meklende part.<sup>331</sup> Grev Louis Bombelles hadde allereie i november rådd kongen til å avstå Trondheim stift og på same tid gå inn i krigen mot Napoleon i håp om ei betre løysing ved

---

<sup>323</sup> Feldbæk 1998 : 348.

<sup>324</sup> Holm 1912 (7:2) : 453.

<sup>325</sup> Koht 1914 : 15.

<sup>326</sup> Mykland 1978 : 294.

<sup>327</sup> Feldbæk 1998 : 349.

<sup>328</sup> Feldbæk 1998 : 349.

<sup>329</sup> Nørregård 1954 : 115.

<sup>330</sup> Dyrvik 2005 : 64.

<sup>331</sup> Feldbæk 1996 : 128.

fredsoppgjøret.<sup>332</sup> Bombelles rådgjeving kan ha spelt ei rolle, for kongen informerte statthaldaren om at det gjekk mot ei avståing av Trondheim stift til Sverige.<sup>333</sup> Brevet hadde og følgjande oppfordring frå kongen: Avståinga av Trondheim stift ”kunde undgås, når trondhjemmerne sagde: Vi vil blive hos vår konge!”.<sup>334</sup> Første juledag svara Kristian Fredrik, i det som er kjend som *juledagsdepesjen*.<sup>335</sup> Den inneheld store delar av planane som statthaldaren freista å setje ut i livet berre nokre veker seinare, men det mest kjende sitatet er eit direkte spørsmål til Fredrik:

*”Naar Dannemarks Redning, som nu fordrer ubetinget Adskillelse af en Deel af Riget, og det øvrige Rige ikke vil løsrives derfra, da spørges, og jeg udbeder mig herpaa Deres Majestæts Svar; skal jeg stille mig i Spidsen for det norske Folk og handle uafhængig af Forbindelsen med Danmark? Eller skal jeg erklære de troeste af Deres Majestæts Undersaatter for ulydige og forlade et Riges Styrelse som jeg ikke mere kan rygte i Deres Majestæts Navn?”*<sup>336</sup>

Ståle Dyrvik oppsummerar ytringa kompakt. ”Skal eg (Kristian Fredrik) gå frå borde når avståinga er ei kjensgjerning, eller skal eg setja meg til motverje?”<sup>337</sup> Desse orda mottok kongen om morgonen 5. januar 1814. No hadde han plassert seg på slottet Hindsgavl ved Middelfart.<sup>338</sup> Dagen før, den 4. januar, hadde Edmund Bourke levert Fredriks svar på Karl Johans fredsforslag. Der godtok Fredrik VI å avstå Trondheim stift, mot godtgjersle, men spørsmålet om heile Noreg skulle vente til fredsslutninga.<sup>339</sup> Karl Johan nekta noko form for kompromiss, sterk i trua etter lovnadar frå tsaren om at Austerrike no skulle overtalast til å gje opp si støtte til Danmark-Noreg.<sup>340</sup> Den danske diplomaten måtte reise attende med desse tydelege beskjedane, dagen før våpenstillstanden var over. 6. januar var krigshandlingane i gong, og Karl Johans styrkar tok seg inn i festninga Glückstadt medan nokre troppar trengde oppover gjennom Slesvig.<sup>341</sup> 7. januar var dagen då kongen fekk resultatet av forhandlingane dei siste dagane. Eit brev frå Bourke gjorde det klart at Sverige hadde avvist fredstilboda den 4. januar. Utanriksminister Niels Rosenkrantz fortalte kongen at Jylland vart invadert av

---

<sup>332</sup> Dyrvik 1999 : 227.

<sup>333</sup> Dyrvik 1999 : 227.

<sup>334</sup> Dyrvik 2005 : 65.

<sup>335</sup> Mykland 1967 : 47 f.

<sup>336</sup> Mykland 1967 : 48.

<sup>337</sup> Dyrvik 1999 : 227.

<sup>338</sup> Feldbæk 1996 : 130.

<sup>339</sup> Koht 1914 : 20.

<sup>340</sup> Koht 1914 : 20.

<sup>341</sup> Koht 1914 : 23.

fiendtlege styrkar, og oppmoda sterkt til å gå med på ei fredsløysing, uavhengig av vilkår.<sup>342</sup> Om ikkje det var nok, fekk kongen stadfesta at Austerrike måtte gi seg som meklar, etter press frå Russland.<sup>343</sup> Trass i desse negative meldingane var ikkje kongen klar for å gje opp. Grev Bombelles kom til Middelfart på kvelden den 7. januar. I eit par timar samtala greven med Fredrik VI i einerom, og deretter gav kongen ordrene som enda det 434 år lange statsfelleskapet mellom Danmark og Noreg.<sup>344</sup> Kva Bombelles sa til kongen er ukjent.<sup>345</sup> Informasjonen om dette valet vart sendt med kurer til Karl Johan, og i mellomtida førebudde Bourke seg til dei avsluttande forhandlingane. 8. januar gjekk med til instruksar og utarbeiding av eit utkast til ein fredstraktat.<sup>346</sup> Same dag mottok Karl Johans fremste forhandlar i Kiel, Gustaf av Wetterstedt, brevet som Rosenkrantz hadde sendt frå Hindsgavl. I brevet stod det at kongen godtok fredsforhandling etter Karl Johans forslag, og krigshandlingane vart raskt stogga.<sup>347</sup> Natt til 10. januar 1814 kom Edmund Bourke til Kiel for tredje gong på kort tid. Med seg hadde han fullmakt til å gå i forhandlingar på grunnlag av dei svenske vilkåra.<sup>348</sup>

No var partane einige om kva forhandlingane skulle ta utgangspunkt i. Bourke måtte forholde seg til Storbritannias utsending i tillegg til Wetterstedt. Edward Thornton var mannen som skulle sørge for at britanes lovnad til Sverige vart etterfulgt i praksis, og oppgåva hans var å støtte dei svenske krava.<sup>349</sup> Edmund Bourke hadde fullmakt til å avstå heile Noreg, men understreka først eit viktig krav: Danmark ville ha tilbake kontrollen over Slesvig-Holstein, og Karl Johan måtte love å trekkje hæren sin ut av hertugdøma. Kravet vekte mistanke hjå Wetterstedt og Thornton, som trudde at denne opninga var meint for å skaffe tid til ei reising i Noreg.<sup>350</sup> Men dei allierte hadde dårleg tid. Felttoget mot Napoleon var enno ikkje over, og dagen før Kiel-traktaten vart slutta kom det ei bestemt oppmoding til Thornton frå Storbritannias utanriksminister Castlereagh: Han hadde ikkje tid til å vente meir på Karl Johan og hans hær, og truga med fjerning av økonomiske støtte og tilbaketrekking av den hannoveranske hæren som støtta svenskane.<sup>351</sup> Dette tidspresset fekk sine konsekvensar for

---

<sup>342</sup> Koht 1914 : 24.

<sup>343</sup> Feldbæk 1996 : 130.

<sup>344</sup> Feldbæk 1996 : 130 f.

<sup>345</sup> Feldbæk 1996 : 130.

<sup>346</sup> Koht 1914 : 25.

<sup>347</sup> Koht 1914 : 26.

<sup>348</sup> Koht 1914 : 26.

<sup>349</sup> Koht 1914 : 29.

<sup>350</sup> Koht 1914 : 29.

<sup>351</sup> Koht 1914 : 30.

innspurten av forhandlingane. Wetterstedt og Thornton kunne ikkje lenger bruke mykje tid på detaljar i traktaten, som Bourke hadde vore dyktig i å dvele ved, noko som igjen gav Bourke betre spelerom enn kva tilfellet hadde vore dagane før.<sup>352</sup> Karl Johan ville ikkje gå med på tilbaketrekking av sine troppar, i alle fall ikkje dei han hadde i Holstein og Glückstadt.<sup>353</sup> Men den 14. januar erklærte han at også desse områda skulle tømast for svenske styrkar. Berre ei mindre russisk avdeling skulle bli igjen i Holstein.<sup>354</sup> Alt låg no til rette for ei løysing.

### 5.1.3 Kieltraktaten

Kieltraktaten vart slutta natt til 15. januar 1814. Innhaldet har, i like stor grad som førespelet, vore sentrum for debatt i ettertid. Ordlyden i den fjerde artikkelen omhandlar hovudpoenget i Kieltraktaten:

*”Hans Majestæt kongen av Danmark frasiger sig, saavel for sig selv som for sine efterfølgere til tronen og kongeriget Danmark, uigjenkaldeligen og for bestandig til fordel for H.M kongen av Sverige og for hans efterfølgere til tronen og kongeriget Sverige, alle sine rettigheter og adkomster til kongeriget Norge.”*<sup>355</sup>

Den største skilnaden frå den endelege traktaten og utkasta i arbeidsprosessen, var kven som stod som mottakar av Noreg. I byrjinga stod *Sverige* som mottakar, men i den endelege versjonen var mottakaren *kongen av Sverige*.<sup>356</sup> Årsaka til dette kan ha vore framtidige planar frå Karl Johan si side. Den førre kongeslekta kunne kome attende til trona i framtida, men i så fall ville Noreg framleis tilhøyre Bernadotte-slekta, og ikkje kongeriket Sverige.<sup>357</sup> Noreg vart avstått, men dei nord-atlantiske øyene Island, Grønland og Færøyene, som hadde vore norske frå 1200-talet, fylgde ikkje med.<sup>358</sup> Wetterstedt arbeidde truleg under eit stort tidspress dei siste timane, og kanskje var dette ein årsak til at han ikkje tok seg tid til å endre på desse

---

<sup>352</sup> Koht 1914 : 30.

<sup>353</sup> Nørregård 1954 : 169 f.

<sup>354</sup> Nørregård 1954 : 170.

<sup>355</sup> Koht 1914 : 33.

<sup>356</sup> Dyrvik 2005 : 28.

<sup>357</sup> Dyrvik 2005 : 28.

<sup>358</sup> Koht 1914 : 32.

vilkåra.<sup>359</sup> Den same dagen som Kieltraktaten vart slutta, sende Fredrik VI ordrer til fleire amtmenn i Danmark med beskjed om å auke kornutsendinga til Noreg raskt.<sup>360</sup>

#### 5.1.4 Fredrik VI etter Kielfreden

Den 16. januar 1814 mottok Fredrik VI informasjonen om den endelege Kielfreden. Han sette straks i gong med å oppdatere den danske regjeringa i København.<sup>361</sup> Han informerte om den politiske situasjonen dei siste dagane, og fortalte at det var ei stor sorg å måtte gje frå seg sitt *kjære Norge*.<sup>362</sup> Dagen etter sende kongen det fyrste av to brev til Kristian Fredrik. Det fyrste brevet tok kureren Carl Rømer med til Noreg, men men brevet inneheldt ikkje den fullstendige traktaten. Kongen heldt mellom anna tilbake artikkel fire, detaljane om avståinga, og oppmoda statthaldaren om å reise attende til Danmark så snart han hadde sørgja for at sentrale festningar i Noreg kom under svensk kommando.<sup>363</sup> Dette brevet mottok Kristian Fredrik den 24. januar 1814.<sup>364</sup> Utan å vere sikker på kva kongen hadde planar om, handla han dagen etter. 25. januar informerte han sentrale hærsejfar i Noreg. No skulle Noreg setje seg til motverje mot Sverige.<sup>365</sup> Det andre brevet som kongen sende nordover, denne gong med Ludvig Brock som kurer, inneheldt meir informasjon. Då Brock kom til Trondheim med brevet den 6. februar kunne Kristian Fredrik lese dei mest relevante delane av traktaten, og truleg hadde Brock med muntlege beskjedar frå kongen. Dei kan ha vore svar på statthaldarens spørsmål i *juledagsdepesjen*.<sup>366</sup>

Fredrik VI var ikkje passiv i ettertid av Kielfreden. Han fulgte opp vilkåra i traktaten, og alt tre dagar etter fredsslutninga kom kongen med krigserklæringa mot Frankrike.<sup>367</sup> I eit offentleg brev, datert 18. januar 1814, løyste han nordmennene frå sin truskapseid til den danske kongen.<sup>368</sup> I Noreg reiste Kristian Fredrik til Trondheim i byrjinga av februar, der han mellom anna freista å søkje politisk støtte for reisninga.<sup>369</sup> Karl Johan på si side var tydeleg i møte med Niels Rosenkrantz berre nokre dagar etter traktaten vart slutta. Ein opposisjon frå

---

<sup>359</sup> Dyrvik 2005 : 28.

<sup>360</sup> Mykland 1967 : 56

<sup>361</sup> Koht 1914 : 37.

<sup>362</sup> Koht 1914 : 38.

<sup>363</sup> Koht 1914 : 38.

<sup>364</sup> Dyrvik 2005 : 58.

<sup>365</sup> Dyrvik 2005 : 58.

<sup>366</sup> Mykland 1978 : 301.

<sup>367</sup> Mykland 1978 : 302.

<sup>368</sup> Koht 1914 : 39.

<sup>369</sup> Dyrvik 2005 : 58.

nordmennene ville skape store problem for heile landet. Det smartaste danskane kunne gjere var å be nordmennene ta i mot svenskane som *landsmænd*.<sup>370</sup> Nordmennene reagerte med vantru på meldinga om at Danmark hadde gitt vekk Noreg utan noko motstand. No byrja ein politisk maktkamp i Noreg.

### 5.1.5 Norsk motstand – Fredrik VI ute av biletet?

I Noreg vaks motstanden utover 1814, og perioden februar-mai var hendingsrik og avgjerande fram mot den norske grunnlova den 17. mai 1814. Etter reisa til Trondheim i februar kalla Kristian Fredrik inn ei rekkje sivile og militære embetsmenn til eit stormannsmøte på Eidsvoll den 16. februar.<sup>371</sup> Her var det mellom anna varsla eit nytt møte på Eidsvoll den 10. april, som skulle ha som mål å gje Noreg ei forfatning. Det var folkesuvereniteten som skulle råde. Kristian Fredrik gjorde det klart i same proklamasjon at han var viljug til å styre Noreg som regent inntil den representative forsamlinga på Eidsvoll hadde avgjort statsforma.<sup>372</sup> Etter valet i Noreg sine kyrkjelydar, der totalt 112 representantar vart plukka ut, kom desse til Eidsvoll og arbeida med effektivitet og presisjon i over ein månad. Alt arbeidet leidde som vi veit fram til vedtaket av grunnlova den 17. mai 1814. Noreg var førebels ein sjølvstendig nasjon, med Kristian Fredrik som konge frå 17. mai, men historia fortel oss at dette endra seg mot slutten av 1814.

Kommunikasjonen mellom Fredrik VI og Kristian Fredrik heldt fram utover nyåret 1814, der det endeleg puntumet for mi undersøking er brevet som kongen sende nordover den 21. mars. Statthaldaren tok imot dette den 1. april 1814, og kunne lese at Fredrik VI no gav klar beskjed om korleis han vurderte situasjonen. Han bad statthaldaren om å gje slepp på motstandsreisinga i Noreg, og håpa at Kristian Fredrik ville sjå ”*den nøgne Sandhed*”.<sup>373</sup> Kongen var under press frå stormaktene, som understreka at Noreg ikkje kunne finne støtte hjå dei. Danmark stod i fare dersom Noreg ikkje ville følgje Kieltraktaten, noko som kongen understreka for statthaldaren.<sup>374</sup> Kristian Fredrik avlo å gi opp arbeidet han allereie var i gong med, og gjekk til verks med stor tru på ei god framtid for det norske folket.<sup>375</sup>

---

<sup>370</sup> Nørregård 1954 : 189.

<sup>371</sup> Dyrvik 2005 : 47 f.

<sup>372</sup> Dyrvik 2005 : 51.

<sup>373</sup> Koht 1914 : 132.

<sup>374</sup> Koht 1914 : 132 f.

<sup>375</sup> Koht 1914 : 151 ff.

## 5.2 Spørsmål til historieskrivinga kring Fredrik VI i 1814

Den tradisjonelle historielitteraturen eg har tatt i bruk (oversiktsverk, biografier) møter utfordringar i dette temaet. Spesielt i nyare tid har det vore ein debatt, til tider oppildna, i ulike tidsskrift. Desse vil ha ei meir sentral rolle no enn litteraturen som har vore i sentrum i tidlegare kapittel, aller mest på grunn av at meiningsutvekslinga i desse debattane er som skapt for mitt prosjekt. Eg finn nokre av synspunkta til historikarane i deira større verk, men no i langt meir spissformulert form. Eg kjem attende til desse kjeldene i analysedelen.

### 5.2.1 Grepet strammar seg. Holstein invadert og kongen rådfører seg

Hovudpersonen for 1814-hendingane hjå nokre historikarar, Kristian Fredrik, ynskja altså ei norsk tilnærming til Storbritannia allereie i november.<sup>376</sup> Dette fekk han eit negativt svar på av Fredrik VI 7. desember. Kva meiner historikarane om kongens handtering av dette utspelet? Er denne vurderinga eit siste krampetak i kongens fastlåste behov for å halde Noreg under sine vinger, eller var ikkje avslaget så tydeleg likevel? Fredriks varsame ytring om konsekvensane av motstand frå *trondhjemmerne* er ei formulering som historikarane har funne interessant. Kan eg finne indisier på at nettopp dette brevet, som i all hovudsak nekta politisk lausriving av Noreg, sette tankar i gong hjå Kristian Fredrik, som igjen nedfelte seg i *juledagsdepesjen* og spørsmålet om norsk motstand?<sup>377</sup>

Karl Johan sine styrkar endra brått marsjruta si, som i utgangspunktet var den nordre flanken på vegen mot Frankrike og Paris. Overraskingsmomentet sette nok sitt preg på den danske motstanden i Holstein, men krigshandlingane var kanskje mindre enn forventa. Ein fiendtleg styrke invaderte dansk territorium. Kva finn eg i litteraturen om den militære motstanden i Holstein tidleg desember 1813, og i kva grad er kongens val kobla mot hendingane i hertugdøma? Mangelen på motstand, og deretter våpenstillstanden, kunne verte eit problem på lengre sikt. Korleis ville nordmennene reagere på at Danmark ikkje la meir i kampen mot fienden? Kva har påverka kongen i tida fram mot våpenstillstanden i midten av desember? Kongen hadde i desember eit tettare samspel med ein større krins enn på mange år. Statsrådet

---

<sup>376</sup> Dyrvik 2005 : 64.

<sup>377</sup> Mykland 1967 : 48.

vart kalla saman, og han godtok Bombelles som meklar. Var det eit større samspel mellom Bombelles og Fredrik VI enn berre målet om fred med Sverige? Og kva tankar gjer historikarane seg om innkallinga av statsrådet? Var det eit teikn på ein vaklande og usikker konge, eller gjev dei han skryt for å ta til seg viktige innspel og informasjon?

### 5.2.2 Fram mot Kielfreden

Niels Rosenkrantz, Kristian Fredrik, Louis Bombelles, Edmund Bourke: Dette er nokre aktørar som kommuniserte med kongen i perioden fram mot fredsløysinga 14. januar. Eg er på utkikk etter tankar omkring deira påverknadskraft på kongen, og i kva grad han tok i bruk desse personane i sin strategi. Spesielt er det interessant å leite etter historikaranes vurdering av forhandlingane mellom kongens sendemann Bourke, og Karl Johan sin forhandlar, Wetterstedt. Kanskje dei mest sentrale dagane i framkant av Kielfreden, og jamvel for mi undersøking, er perioden 5-7 januar. Kongen mottok Kristian Fredriks *juledagsdepesje* om morgonen den 5. januar. Berre to dagar etter kom dei negative meldingane på rekkje og rad. Kva tankar gjorde kongen seg denne korte tida, ifølgje historikarane, og kva påverka avgjerslene hans? Var Kristian Fredriks spørsmål om motstand i Noreg ein avgjerande faktor? Gjorde kongen det riktige i det han bestemte seg for å godta det svenske kravet? Kva med kongens krav om tilbaketrekking av dei fiendtlege styrkane i Holstein? Var desse landområda særskilt verdifulle for heilstaten, eller ligg det meir strategiske årsaker bak dette kravet? Dette er nokre spørsmål som eg vil ta med meg til mitt litteraturutval, som til saman dannar eit detaljert bilete av den tette hendingsrekka.

### 5.2.3 Kielfredens etterspel – Noreg på eiga hand?

Kongen var i utgangspunktet lova økonomisk godtgjersle for tapet av Noreg, ein lovnad som Karl Johan fyrst gjekk bort i frå, før han til slutt endra meining.<sup>378</sup> Var Fredrik VI klar over ein eventuell signaleffekt av mangelen på militær motstand, men òg Karl Johans forslag om økonomisk godtgjersle? Kva meiner historikarane om denne handteringa? Vurderinga av kongens rolle i den norske reisinga er eit sentralt tema for enkelte historikarar. I utgangspunktet er aktørgalleriet i denne samanhengen komplekst, og det aller beste er å sjå grundigare på fleire aktørar over tid. Dette er nok ikkje mogleg i ei avhandling av dette

---

<sup>378</sup> Nørregård 1954 : 168.



omfanget, men heller ikkje hovudfokuset. Det er uansett nokre spørsmål som kan kaste eit lys over kongens rolle i perioden rundt Kielfreden og utover året, i alle fall vurdere i kva grad hans politiske handlingar hadde "ein effekt". Kongen informerte mellom anna statthaldaren om fredsutfallet i to omgangar. Kvifor heldt han tilbake sentrale delar av Kieltraktaten i det fyrste brevet? Dei utfyllande dokumenta kom til statthaldaren i Trondheim den 7. februar, omtrent to veker etter at Rømer hadde vore i Noreg med den ufullstendige budskapet om freden. Er dette relevant for historikarane, og kva er deira vurdering av akkurat denne handlinga? Kongen gav òg statthaldaren instruksar om kva han skulle gjere. I meldinga Kristian Fredrik mottok 24. januar stod det at statthaldaren skulle vende tilbake til Danmark.<sup>379</sup> Var motstanden i Noreg utover våren stikk i strid med kongens ordrer, eller var Fredriks *offentlege* instruksar til statthaldaren eit spel for galleriet? Ville han at Kristian Fredrik skulle setje seg i spissen for denne motstanden?

### 5.3 1814: Fredrik VI i historieskrivinga

Årskiftet 1813-1814 var innhaldsrikt. Kanskje er jakta på Napoleon og dei storpolitiske forhandlingane det mest sentrale, og aktørgalleriet er stort. Norsk historieskriving legg mykje vekt på hendingane i Noreg og Eidsvoll fram til 17. mai, også her med eit aktørgalleri som er viktig, men som fell utanfor ramma til oppgåva. For kva rolle spelte Fredrik VI i det samansette diplomatiske spelet i 1814?

#### 5.3.1 Rådføring og våpenstillstand – For dårleg motstand?

Samankallinga av statsrådet i byrjinga av desember 1813 var ei drastisk endring i maktutøvinga til kongen. Dette er òg ei hending som fleire historikarar tek seg tid til å vurdere, aller mest fordi det markerte ei mogleg endring hjå Fredrik VI, som fram til då stod fast i si tru på Napoleon. Var han ikkje lenger trygg? Edvard Holm skriv at kongen såg det som nødvendig å "*høre flere Mænds mening*".<sup>380</sup> Dette var ei merkverdig vurdering å kome med så seint, skriv Holm, som hevdar at det ved fleire høve dei siste åra burde vore kongens

---

<sup>379</sup> Koht 1914 : 38.

<sup>380</sup> Holm 1912 (7:2) : 446.

plikt å høyre eit råds meining. ”Men, man må sige, bedre sent end aldrig”.<sup>381</sup> Oscar Albert Johnsen hevdar at kongen no såg alvoret i situasjonen, og at ”han vovede ikke længer at staa helt alene med ansvaret (...)”.<sup>382</sup> Georg Nørregård skildrar samankallinga i *Freden i Kiel-1814* frå 1954 på følgjande måte: (...) *betegnede så noget nær en statsomveltning*”.<sup>383</sup> Ifølgje Holm enda forhandlingane i statsrådet med at kongen, mest truleg til Rosenkrantz sin frustrasjon, stod med styrka tru på at ingen del av Noreg skulle avståast.<sup>384</sup> Sverre Steen trekk fram det same, men legg til at statsrådet etter kvart såg seg nøydd til å godta ei forhandling med Sverige, trass i at dei tidligare hadde avvist meklingsvilkåra.<sup>385</sup> Edvard Holm sitt syn på statsrådets fyrste resultat set dei komande samtalanane med grev Bombelles i eit endå meir interessant lys. Knut Mykland skriv at Bombelles sitt tilbod om meklingshjelp var det som til slutt gjorde Fredrik viljug til å skifte koalisjon og avstå Trondheim stift.<sup>386</sup> Ole Feldbæk trekk òg fram at kongen fekk råd frå statsrådet om ”at motsætte sig så vel en afståelse af dele af Norge som hele Norge.”<sup>387</sup> Feldbæk hevdar at det var det aukande stormaktspresset som endra kongens standpunkt.<sup>388</sup> Kva som hadde størst betydning for endringa av Fredriks strategi, etter at statsrådet i utgangspunktet var negative til ei avståing, er ikkje enkelt å spekulere i. Kongen tok uansett avgjersla om å følgje Austerrike til mekling den 6. desember 1813.<sup>389</sup> Biografen Engberg har sine tankar om Fredrik i byrjinga av desember 1813. ”Det (statsrådsmøtet) måtte dog ikke hedde sådan, men blev patetisk kaldt *De Tro Mænds Råd*”, skriv Engberg om samankallinga av statsrådet.<sup>390</sup> Det nyaste bidraget til historieskrivinga om Fredrik VI er heller ikkje imponert over utviklinga i desember, og særskilt mangelen på kampvilje.

I Rendsborg, der prins Fredrik av Hessen stod fast, hadde det danske forsvaret 10 000 mann til disposisjon. Kongen kunne, skriv Engberg, overføre ytterligare 30 000 mann frå Sjælland, Fyn og Als.<sup>391</sup> Engberg gjer det klart at desse styrkane framleis ville vore færre enn Karl Johans samla troppar, før han minnar om dei franske styrkane sør for hertugdøma, og kva trussel desse utgjorde for den svenske tronfølgjaren. Men kvifor stod store delar av den

---

<sup>381</sup> Holm 1912 (7:2) : 446.

<sup>382</sup> Johnsen 1914 : 279.

<sup>383</sup> Nørregård 1954 : 59.

<sup>384</sup> Holm 1912 (7:2) : 449.

<sup>385</sup> Steen 1933 : 348.

<sup>386</sup> Mykland 1978 : 291 f.

<sup>387</sup> Feldbæk 1982 : 305

<sup>388</sup> Feldbæk 1982 : 305

<sup>389</sup> Holm 1912 (7:2) : 450.

<sup>390</sup> Engberg 2009 : 379.

<sup>391</sup> Engberg 2009 : 380.

danske hæren på Fyn, og ikkje i Jylland eller hertugdøma? Fredrik VI hadde faktisk i 1811 forklart for prins Fredrik av Hessen at han såg det som sjølvsagt at dansk-norske soldatar alltid burde sloss mot fienden, sjølv om dei var i undertal.<sup>392</sup> Men no skjedde det altså ”ingenting”, og Engberg er ikkje utan forklaringar på dette. Mangelen på motstand kunne vore ein del av eit planlagt bakholdsangrep mot svenske styrkar som makta å ta seg opp i Jylland, eller det kunne skuldast at kongen frykta ein russisk hær som på sikt kunne øydeleggje Danmark. Det verkar ikkje som Engberg sjølv har skikkeleg tru på desse teoriane, snarare kunne det tenkjast at ”*Frederik havde tabt modet eller måske ligefrem aldrig havde haft det, når det kom til stykket.*”<sup>393</sup> Det er jamvel fleire argument frå eldre litteratur som er like godt grunngeevne. Fredrik av Hessen sikra berre ein tilfluktsstad for sine soldatar ved Rendsborg, og på sikt var det lite truleg at desse kunne krige seg ut og gjennom fiendens frontline.<sup>394</sup> Eg finn med andre ord fleire moglege motiv for at kongen ikkje sette større troppesamlingar i dei akutt utsette områda, som Jylland og hertugdøma. Nokre meiner at det var ei feilaktiv vurdering som kom som ein konsekvens av Fredriks manglande kampvilje, medan andre ser at kongen ynskja å minimere naudn i Danmark. Edvard Holm skriv at det var grev Bombelles, med ein kombinasjon av kløkt og presentasjon av den militærpolitiske stillinga, som gav Fredrik eit håp om at Trondheim stift kunne verte det einaste tapet ved ein endeleg fredsmekling.<sup>395</sup> Kanskje såg kongen det som ein utveg å sikre eit så lite tap som mogleg? Axel Linvald er inne på den samme tanken i biografien til Kristian Fredrik. Det er rett nok ganske upresist, men Linvald leikar med tanken om at Fredrik VI kunne hale ut tida ved diplomati eller militær motstand, og med det auke presset på Karl Johan, som allereie hadde dårleg tid.<sup>396</sup> Målet om å halde Noreg kunne då verte ein realitet. Men Linvald er tydeleg på at mangelen på ”*heroisk kamp*” var uheldig for den norske stemninga overfor brødrefolket i sør, og at dette sat lenge i det norske folket.<sup>397</sup>

Der Jens Engberg kritiserar kongen for dårlege evner til krigsmobilisering, gjev andre han kreditt for eit stadig opnare syn på situasjonen. Georg Nørregård skriv at kongen gradvis endra standpunktet sitt i byrjinga av desember, mykje grunna Niels Rosenkrantz og grev Bombelles.<sup>398</sup> Såg kongen andre utveggar enn å ta opp kampen med Karl Johan? ”(...) *kan man*

---

<sup>392</sup> Engberg 2009 : 381 f.

<sup>393</sup> Engberg 2009 : 382.

<sup>394</sup> Holm 1912 (7:2) : 440 f.

<sup>395</sup> Holm 1912 (7:2) : 445.

<sup>396</sup> Linvald 1952 : 182.

<sup>397</sup> Linvald 1952 : 182.

<sup>398</sup> Nørregård 1954 : 57 f.

dog ikke se bort fra, at han (Fredrik) virkelig i dette tilfælde kan have tænkt sig, at vanskelighederne kunne overvindes ved kløgt og diplomati”.<sup>399</sup> Dette står i kontrast til mellom andre Engbergs skildring av Fredrik som politisk strateg.<sup>400</sup> Nørregård held fram med å presentere kongens frykt for øydelegging av Hamburg og Altona, og hans skuffelse over at dei franske styrkane trakk seg inn til Hamburg utan å yte motstand.<sup>401</sup> Våpenstillstanden kunne oppfattast som eit middel frå dansk hold om å hale ut tida, skriv Nørregård, i håp om at dei allierte ville missa tolmodet og Karl Johan måtte endre kursen mot Frankrike.<sup>402</sup> Som vi veit vart våpenstillstanden utsett, men krava frå Karl Johan var no langt hardare enn det Austerrike og Danmark såg for seg. Knut Mykland er ikkje einig i at den militære mobiliseringa måtte vike for diplomatisk lurespel. I kapitlet *Det store dobbeltspill* skriv han at kongen ikkje hadde gitt opp, og beordra landallmuen om å væpne seg, samstundes som Kristian Fredrik fekk ordre om å angripe Sverige.<sup>403</sup> Han meiner følgjeleg at det ikkje var ein konge med *tapt mot*. Men kva rolle spelte kongen i Kristian Fredriks tankar om motstand i Noreg?

Kristian Fredrik hadde allereie i midten av november vore inne på tanken om lausrive seg sjølv frå Danmark, og knytte skjebnen sin til Noreg.<sup>404</sup> Dette skriv Axel Linvald, og refererer til eit usignert dokument der statthaldaren skriv om planane. ”*Mangelen af segl og underskrift viser, at Christian Frederik atter har opgivet sin beslutning*”, skriv Linvald.<sup>405</sup> Men det som før hadde vore utenkjeleg for kongen i arbeidet for å halde Danmark-Noreg samla, var kanskje den siste i desember. Motstand i Noreg kunne løyse problemet som Austerrikes meklingsvilkår var.<sup>406</sup> Dette skriv Edvard Holm, og hevdar at kongen kunne ha sett løysinga i at Trondheim stift kunne lausrive seg politisk, og på den måten unngå at Karl Johan kunne kreve landsdelen av Danmark. Denne tanken såg heller ikkje Bombelles som umogleg, hevdar Holm.<sup>407</sup> Om brevet frå Fredrik til statthaldaren datert 7 desember 1813, skriv Holm dette. ”*Kong Frederik VI selv saa at sige fremhævede det for ham*”.<sup>408</sup> Om det same brevet skriv Linvald: ”*Selvfølgelig måtte de gøre det stærkeste indtryk*”.<sup>409</sup> Fredrik stilte spørsmål til

---

<sup>399</sup> Nørregård 1954 : 58.

<sup>400</sup> Engberg 2009 : 382.

<sup>401</sup> Nørregård 1954 : 83 ff.

<sup>402</sup> Nørregård 1954 : 91.

<sup>403</sup> Mykland 1978 : 294.

<sup>404</sup> Linvald 1952 : 177.

<sup>405</sup> Linvald 1952 : 177.

<sup>406</sup> Holm 1912 (7:2) : 467.

<sup>407</sup> Holm 1912 (7:2) : 467.

<sup>408</sup> Holm 1912 (7:2) : 467.

<sup>409</sup> Linvald 1952 : 183.

statthaldaren om korleis ein kunne unngå at områder gjekk tapt i Noreg. Linvald held fram i same stil: ”Selvfølgelig måtte spørsmålet virke som en oppfordring”.<sup>410</sup> Kongen gjorde det òg klart for Kristian Fredrik at Austerrike ville støtte Danmark i dei komande forhandlingane, og at Bombelles hadde støtta tanken om at Trondheim kunne sette seg i motverje.<sup>411</sup> Kvifor var det viktig for kongen å nevne desse punkta, i eit brev som hovudsakleg skulle informere om at Karl Johan kom til å overta Trondheim stift? Bombelles spelar òg ei sentral rolle for kongens strategi hjå Ole Feldbæk. Han hevdar at brevet datert 7. desember var eit resultat av Bombelles sine ”*antydninger af en mulig norsk opstand, der kunne forhindre en afståelse af Norge (...)*”.<sup>412</sup> Dette kan vere indisier som talar for at meklinga og våpenstillstanden var eit kortsiktig ”defensivt” trekk, som rett nok var i strid med kongens territorielle mål. Kven som eventuelt skal ha ros for desse tankane, er nok ikkje enkelt å fastslå. Jens Engberg maktar heller ikkje å avskrive meldingane frå Fredrik VI.

*”Er Frederiks udtalelser ikke klare ordrer til Christian Frederik om at sætte en motstand i værk, er de dog modsat heller ikke instrukser om, at han til punkt og prikke skulle adlyde alle ordrer om udlevering”.*<sup>413</sup>

### 5.3.2 Avgjerande dagar i januar

Eg vil på følgjande måte summere opp status i forhandlingane rundt nyttår: Karl Johan nekta å forhandle på grunnlag av Bombelles sine vilkår, og retta eit krav om avståing av heile Noreg, men med to alternativ: 1) Fredrik VI kunne avstå Trondheim stift straks, utan noko erstatning, og resten av Noreg skulle følgje etter ved fredsslutninga.<sup>414</sup> 2) Fredrik avstår heile Noreg straks, mot økonomisk erstatning i ein samla verdi på 1 million riksdaler, svenske Vorpommern og meir territoriell kompensasjon seinare.<sup>415</sup> No kan vi repetere kva som hende dei viktige dagane i januar 1814.

Kronologien den 5-7 januar 1814 er eit sentralt moment i argumentasjonen til mine komande historikarar. Difor vil eg kort presisere kva som var dei viktigaste hendingane desse dagane.

---

<sup>410</sup> Linvald 1952 : 186.

<sup>411</sup> Mykland 1978 : 292.

<sup>412</sup> Feldbæk 1998 : 355.

<sup>413</sup> Engberg 2009 : 396.

<sup>414</sup> Feldbæk 1998 : 349.

<sup>415</sup> Nørregård 1954 : 115.

**5. januar:** Forhandlarane i Kiel fekk opplysningar av Bombelles som sa at kongen no ville avstå Trondheim stift utan erstatning.<sup>416</sup> Fredrik VI mottek *juledagsdepesjen* frå Kristian Fredrik.<sup>417</sup> **6. januar:** Bourke kjem til Hindsgavl og fortel Rosenkrantz om det svenske avslaget på fredsforslaget.<sup>418</sup> Austerrike og Bombelles måtte gje slepp på meklarrolla, og slutta seg til Danmarks fiendar.<sup>419</sup> **7. januar:** Bourke informerar Fredrik VI om fredsavslaget, og Bombelles kjem til Hindsgavl. Kongen og Bombelles samtalar på einerom i to timar, deretter godtok Danmark-Noreg det svenske fredsforslaget. Bourke skulle reise til Kiel med ubegrensa fullmakt.<sup>420</sup>

Ein norsk fjernsynsserie frå 1989, regissert av Stein Ørnhøi og med Knut Mykland som fagkonsulent, hadde som mål å formidle hendingane på Eidsvoll 1814.<sup>421</sup> Den NRK-sendte serien danna bakgrunnen for ein debatt mellom to historikarar med ulik oppfatning av kva eller kven som skal krediterast for den norske motstanden i 1814, der Kåre Lunden talar for den sentrale rolla til det norske folket og at Noreg ikkje fekk *friheten i gave*. Knut Mykland er i utgangspunktet ikkje ueinig i dette, men vil få fram at det var fleire krefter i spel enn det norske folket. Gjennom fem nummer av Dagbladet i 1990 vert bakgrunnen for ”1814-verket” grundig diskutert, og vil vere ei nyttig kjelde i siste halvdel av dette kapitlet.<sup>422</sup> Desse avisinnlegga, i tillegg til nokre artiklar i Historisk Tidsskrift frå 1995, kjem eg tilbake til. Først vil eg ta for meg dei meir tradisjonelle historiebidraga som har vore i bruk før i oppgåva.

Eit sentralt moment for historikarane er dei avgjerande dagane i byrjinga av januar, og spørsmåla om *kvifor* og *når* Fredrik VI tok avgjersla om å avstå heile Noreg. Edvard Holm skriv at kongen var *motlaus* desse dagane, og at det var særst viktig å få gjennom kravet om Slesvig og Holsteins rømning.<sup>423</sup> Holm tek ikkje opp tråden om kvifor dette kravet var så sentralt, i alle fall ikkje like nøyaktig som mine nyare historiebidrag, som vi snart skal sjå på. Yngvar Nielsen skriv følgjande i *Norge i 1814* frå 1904: ”*Saa kom, i det afgjørende Øieblik, Major Brock, der meddelte, at Christian Frederik var bestemt paa, i verste Fald at stille sig i*

---

<sup>416</sup> Nørregård 1954 : 149.

<sup>417</sup> Koht 1914 : 22.

<sup>418</sup> Nørregård 1954 : 151.

<sup>419</sup> Nørregård 1954 : 152.

<sup>420</sup> Nørregård 1954 : 152.

<sup>421</sup> Lunden 1990 : Dagbladet 6 januar.

<sup>422</sup> Dagbladet 1990. (Kåre Lunden: 6 jan, 25 jan, 14 feb) (Knut Mykland: 13 jan, 1 feb).

<sup>423</sup> Holm 1912 (7:2) : 477.

*Spidsen for det norske Folk som dets Anfører eller Konge*".<sup>424</sup> Nielsen nevner ikkje mykje om Bombelles si rolle, men han konkluderar med at avståinga var bestemt den 7. januar 1814, "der nu vidste, at Norge i alle Tilfælde vilde gaa sine egne Veie (...)".<sup>425</sup> Georg Nørregård skriv at Niels Rosenkrantz var tydeleg på kva han meinte var det einaste riktige, nemlig å godta eit av dei svenske krava, om ikkje "Danmark skulle tabe al agtelse blant Europas magter".<sup>426</sup> Eg finn ikkje noko om *juledagsdepesjen* frå Kristian Fredrik, som kom til Hindsgavl den 5. januar. Grev Bombelles er sentral for Nørregård, og særleg den austerriske greven si avgjerande rolle på kvelden den 7. januar.<sup>427</sup> Nørregårds bok, som er ein grundig "time-for-time" gjennomgang av desse januardagane, vert seinare i kapitlet presentert som empirien Kåre Lunden byggjer sitt syn på.

Knut Mykland underbyggjer sitt syn i artikkelen *Medens det endnu er Tid* frå 1961. Eg nyttar versjonen som Mykland har med i artikkelsamlinga *Omkring 1814* frå 1967, som han òg er redaktør for. Her kjem det tidleg fram kva som var avgjerande for kongen si avståing av Noreg, og på kva tidspunkt han tok denne avgjersla. Mykland sitt syn kjem endå meir spissa fram i debatten med Kåre Lunden, men eg kan trekkje nokre linjer allereie no. Ei av dei største utfordringane for forskinga på området, skriv Mykland, er å stadfeste eventuelle tankar og strategier. Det var nemlig avgjerande at Fredrik makta å halde planane hemmelig.<sup>428</sup> Dette får igjen konsekvensar for forskarane, som i stor grad er tvinga til å "bygge på indisier".<sup>429</sup> Men Mykland har uansett sine standpunkt. Trass i fleire negative meldingar, som Austerrikes meklingslutt, finansielle utfordringar med krigføringa, og det faktum at det frå ein militærpolitisk ståstad var håplaut å halde fram, kan det *ikkje* utelukkast at tanken om reising i Noreg kan ha vore eit sentralt punkt i den vidare politikken for Fredrik.<sup>430</sup> Så trekk Mykland fram eit av hovudargumenta i si forklaring. Kongen hadde i depesjen av 7. desember stilt spørsmål om korleis Noreg kunne reddast. "Svaret var klart formet i Christian Frederik *juledagsdepesje* (...)".<sup>431</sup> For Mykland hadde ikkje statthaldaren sitt brev til kongen ei spørjande form, men "snarere har han sett den- hva den også faktisk var- som svar på hans egen depesje av 7. desember".<sup>432</sup> Så korleis har kongen i praksis lagt til rette for ein slik

---

<sup>424</sup> Nielsen 1904 : 22.

<sup>425</sup> Nielsen 1904 : 22.

<sup>426</sup> Niels Rosenkrantz i Nørregård 1954 : 152.

<sup>427</sup> Nørregård 1954 : 152 f.

<sup>428</sup> Mykland 1967 : 50.

<sup>429</sup> Mykland 1967 : 50.

<sup>430</sup> Mykland 1967 : 51.

<sup>431</sup> Mykland 1967 : 52.

<sup>432</sup> Mykland 1967 : 53.

motstand? Mykland trekk fram tre tiltak, alle direkte kobla opp mot fredsvilkåra og tida fram mot 14. januar. For det første var Holsteins rømning eit endeleg krav, noko som kunne unngå at Karl Johan sette militært press på Danmark medan nordmennene gjorde motstand.<sup>433</sup> Vidare var det andre avståingsalternativet, heile Noreg med ein gong, eit *”gunstigere fundament for Christian Frederik om han ville sette seg i spissen for en reisning”*.<sup>434</sup> Valet av dette alternativet var faktisk, ifølgje Mykland, ein *”direkte konsekvens”* av planen om motstand i Noreg.<sup>435</sup> Men hovudargumentet til Knut Mykland for at Fredrik VI faktisk la til rette for Kristian Fredriks motstandsplanar, finn eg frå den same dagen som Bourke og Wetterstedt inne i siste fase med Kieltraktaten: 14. januar skreiv kongen til fleire amtmenn i Danmark, og oppmoda om ei auke i kornutsendingane til Noreg, og at dei skulle ignorere dei vanlege krava om fullmakter, papirarbeid og fullasta skip. Alt skulle gjerast raskt, alt *”som kunde fremme Norges Forsyning, medens det endnu er Tid”*.<sup>436</sup> Mykland trekk fram at statthaldaren fleire gongar understreka kor viktig matkornet var for det norske folket, og ein eventuell politisk aksjon.<sup>437</sup> *”Kravet i Christian Frederiks juledepesje danner altså bakgrunnen for befalingene av 14. januar”*.<sup>438</sup> Denne artikkelen talar altså for ein aktiv konge, i ei tid der det såg ut som at Noreg var tapt for heilstaten.

I etterkant av TV-serien *1814* trykte Dagbladet ein debatt over fleire nummer, der Kåre Lunden argumenterer for eit heilt anna syn. Lunden rettar kritikk mot produsenten av TV-serien og særleg fagkonsulenten Knut Mykland. Han skildrar deira vurdering av Fredrik VI som ein sentral støttespelar for motstanden i Noreg som *”friheten i gave- syndromet”*.<sup>439</sup> Lunden utdjuper vidare. Han angrip serien for tilnærma historieforfalskning i det han spekulerar i kongen og statthaldaren sine dristige planar om å avstå heile Noreg i *felleskap*. Kjeldene viser at Fredrik VI vart tvungen til å godta avståingsvilkåra, skriv Lunden.<sup>440</sup> Motiva til kornutsendingane, og Myklands utsegn om at dette var kobla opp mot tilrettelegging av motstand, vert kontant avvist av Lunden. *”Nordmenn gjorde vitterleg ikkje revolusjon, verken fordi dei hadde for lite eller tilstrekkeleg av dansk korn, men fordi dei reagerte mot å bli ”selde” til Sverige (...)”*, skriv Lunden før han set Mykland i kategorien *”Friheten-i-gave”*

---

<sup>433</sup> Mykland 1967 : 55.

<sup>434</sup> Mykland 1967 : 55.

<sup>435</sup> Mykland 1967 : 55.

<sup>436</sup> Mykland 1967 : 56.

<sup>437</sup> Mykland 1967 : 58.

<sup>438</sup> Mykland 1967 : 59.

<sup>439</sup> Lunden 1990 : 6 januar DB.

<sup>440</sup> Lunden 1990 : 6 januar DB.



historikar.<sup>441</sup> Knut Mykland tek til motmæle ei veke seinare. Artikkelen ”*Lundens revolusjon*” set først og fremst spørsmålsteikn ved Lundens manglande referering, trass i at han ofte nemner at ”*kjeldene viser*”.<sup>442</sup> Dette kjem Lunden tilbake til i neste artikkel. Mykland held fram med å vise kvifor Fredrik VI endra synet sitt den 5. januar, og byggjer mykje av argumentasjonsrekka på artikkelen sin frå 1961.<sup>443</sup> Det er viktig for han å påpeike at Karl Johan ikkje var mannen som tvinga kongen til å forhandle på grunnlag av det andre alternativet. ”*Valget var kongens eget*”.<sup>444</sup> Det virkar òg som Mykland freistar å utvide synsfeltet til meir enn januardagane 1814. Opp mot det fascinerande ved den komande ”frededelege” revolusjonen i Noreg, ”*fremtrer Kåre Lundens innvendinger som ufundert småplukk*”.<sup>445</sup>

Om Mykland ynskjer eit anna fokus på debatten er ikkje enkelt å fastslå, men i eit seinare innlegg grunngjev Lunden kva empiri han legg til grunn for argumentasjonen. Kronologien viser at Mykland tek feil i si tolking av Fredrik VI, hevdar Lunden.<sup>446</sup> Georg Nørregårds verk frå 1954 er mi kjelde for informasjon, skriv Lunden, og går rett i strupen på Myklands tolking om at kongen tok den endelege avgjersla den 5. januar. Han lister opp kvifor: Kongen fekk ikkje svar på fredsforslaget om avståinga av Trondheim stift før den 6. januar, og Lunden spør kvifor Fredrik ville avstå heile Noreg 5. januar, medan han framleis hadde håp om at Karl Johan godtok Austrikes meklingsforslag. Det neste motargumentet går på Austrikes fråfall som meklar, også dette den 6. januar. Kvifor skulle kongen slutta fred på desse ”*ekstreme vilkår*”, om han framleis hadde håp om Austrike si støtte?<sup>447</sup> Til slutt utfordrar Lunden kongen sine æresprinsipp, i det han hevdar at erstatningsvilkåra i fredsforhandlingane var særst sentrale, og at kongen jamvel freista å skjule denne informasjonen i ein paragraf om midlar til militære ressursar.<sup>448</sup> Sitatet ”*en klækkelig erstatning*” går igjen i artikkelen.<sup>449</sup> I ein mindre artikkel på den same sida i avisa, tek Lunden opp Fredrik VI si regjeringstid som heilskap, og skriv rett ut at ”*Fredrik 6 var ein av dei større katastrofer som har råka dette landet*”.<sup>450</sup> Kåre Lunden sitt viktigaste poeng er at kongen kjende seg tvinga til å godta avståingsforma.

---

<sup>441</sup> Lunden 1990 : 6 januar DB.

<sup>442</sup> Mykland 1990 : 13 januar DB.

<sup>443</sup> Mykland 1990 : 13 januar DB.

<sup>444</sup> Mykland 1990 : 13 januar DB.

<sup>445</sup> Mykland 1990 : 13 januar DB.

<sup>446</sup> Lunden 1990 : 25 januar DB.

<sup>447</sup> Lunden 1990 : 25 januar DB.

<sup>448</sup> Lunden 1990 : 25 januar DB.

<sup>449</sup> Lunden 1990 : 25 januar DB.

<sup>450</sup> Lunden 1990 : 25 januar DB.

Felles for tesene til Lunden og Mykland er at dei let seg dårleg prova. Mykland understrekar i artikkelen frå 1967 at desse slutningane må trekkjast ut i frå indisier, og at dette er viktig å hugse på. Logikken i Mykland si tese seier at Fredrik allereie den 5. januar var klar over at Noreg var ”sikra”, og at dette må ha prega vala hans vidare. Denne tesa er kanskje hardast å forsvare ut i frå rein empiri. Lunden sitt hovudfokus ligg altså på den 7. januar, og trass i at empirien til dels kan legitimere nokre av argumenta hans, er heller ikkje denne tolkinga problemfri. Eigentleg hadde Bombelles utspelt si rolle allereie den 6. januar, då Austerrike trakk seg som meklar. Ein kan då spørje seg kva ærend han var i på Hindsgavl den 7. januar, det einaste som er sikkert er at han ikkje kunne gi garantiar på vegne av Austerrike. Ei større utfordring for historikarane er vurderinga av Bombelles sin samtale med kongen på kvelden 7. januar. Innhaldet i denne samtalen har, ifølgje Lunden og andre historikarar, hatt ein avgjerande effekt på avgjersla til kongen. Men kva som vart sagt mellom dei to er det jo ingen som veit, noko som etter mi meining kan problematisere argumentasjonen deira.

Debatten gav seg ikkje der, og 1. februar 1990 var Knut Mykland sitt svar på trykk i Dagbladet. Han opnar med å oppsummere årsaka til usemja mellom han sjølv og Lunden, og at denne skuldast spørsmålet om kvifor Fredrik handla som han gjorde, og ikkje kva dato denne avgjersla fell. Der strides dei, skriv Mykland.<sup>451</sup> Erstatningstilbodet, skriv Mykland, var ikkje nytt for kongen desse januardagane. Kvifor skulle erstatningane plutsleg verte eit sentralt krav frå kongen si side?<sup>452</sup> Nok ein gong trekk Mykland fram *juledagsdepesjen*, som for han er eit forslag som ”*danner bakgrunnen for kongens beslutning om å avstå hele Norge*”.<sup>453</sup> Før han avrundar artikkelen, anklagar han Lunden for å vere på jakt etter ”skjulte motiver” hjå sine motstandarar, og tenkjer på Lunden si utsegn om at Mykland og Ørnhoi er kjøpt av næringslivet, og at serien kan vurderast som eit politisk verkty for JA-sida i EU-spørsmålet tidleg på 1990-talet. Desse påstandane gjer at Mykland set punktum for diskusjonen med Kåre Lunden om 1814.<sup>454</sup> Men Lunden var ikkje heilt ferdig.

I debattens minste artikkel freistar Lunden å setje strek, i samsvar med Mykland sitt siste bidrag. Men han reiser først spørsmålsteikn ved Knut Myklands variasjon i si historieskriving. Mykland endrar dato for kongens avgjerd i ulike historiebidrag, hevdar Lunden, og undrar

---

<sup>451</sup> Mykland 1990 : 1 februar DB.

<sup>452</sup> Mykland 1990 : 1 februar DB.

<sup>453</sup> Mykland 1990 : 1 februar DB.

<sup>454</sup> Mykland 1990 : 1 februar DB.

kvifor dette er tilfellet, samstundes som han kritiserer denne unøyaktige argumentasjonen.<sup>455</sup> Til slutt støttar Lunden seg igjen på Nørregård si framstilling, og siterar eit av fleire brev frå Fredrik VI til si syster, der Fredrik "(...) i god tro avstod Norge og ikke ønskede Danmark utsat for ny risiko".<sup>456</sup> Som vi ser av denne debatten er standpunkta ulike, men ikkje lenger i frå kvarandre enn at ei samankobling kan vere mogleg. Fredrik VI kunne vel ha tankane sine hjå sin statthaldar og tronfølgjar i Noreg, på same tid som han engsta seg for eventuelle konsekvensar av norsk motstand. Eit dobbeltspel er altså ein teori, noko som Axel Linvald er inne på i biografi-serien om Kristian Fredrik. I det tredje bandet, *Christian VII – Før Eidsvoldgrundloven*, finn eg delkapitlet "*Omkring Kielfreden*".<sup>457</sup> Dette bidraget er og sentralt for ein tredje historikar som kastar seg inn i debatten noko seinare. I Historisk Tidsskrift frå 1995 skriv Ole Feldbæk om "*Frederik 6. og Norge i januar 1814*".<sup>458</sup> Før han slepp til i debatten, vil eg først presentere hovudsynet til Linvald, forfattaren som brukte mykje tid og krefter på si kartlegging av Kristian Fredriks liv. Han har òg sine vurderingar omkring forholdet mellom statthaldaren og kongen. Både Linvald og Feldbæk fokuserer noko meir på tida etter Kielfreden, der Feldbæk freister å vise at kongen ikkje dreiv eit dobbeltspel. Avståinga var heilt og fullt ærleg.<sup>459</sup>

### 5.3.3 Kvifor/kvifor ikkje eit kongeleg dobbeltspel?

Det er nødvendig å følgje utviklinga etter 14. januar 1814 for å kunne vurdere om kongen spelte ei sentral rolle i førebuinga av den norske motstanden. Dette har historikarane òg trukke fram, både dei som talar for og imot denne teorien. Linvald kombinerar til dels dei ulike argumentasjonsrekkjene som vert nytta i den polariserte debatten i Historisk Tidsskrift frå 1995. Linvald skriv at ein kan argumentere for eit dobbeltspel med utgangspunkt i breva frå kongen til Kristian Fredrik i ettertid av Kielfreden.<sup>460</sup> Den første sendemannen, kongen sin utvalgte Carl Rømer, hadde muntleg råda Kristian Fredrik frå å setje i verk ein motstand i Noreg. Dette skriv Linvald og hentar grunngevinga si frå statthaldarens dagbok.<sup>461</sup> Det er nok denne delen som Ole Feldbæk kan seie seg einig i, noko som eg kjem tilbake til. Brock var mannen som kom med den neste sendinga til Noreg den 7. februar. Linvald hevdar at kongen

---

<sup>455</sup> Lunden 1990 : 14 februar DB.

<sup>456</sup> Lunden 1990 : 14 februar DB.

<sup>457</sup> Linvald 1965 : 131 ff.

<sup>458</sup> Feldbæk 1995 (3) : band 74, 283-311.

<sup>459</sup> Feldbæk 1995 (3) : 309.

<sup>460</sup> Linvald 1965 : 131 ff.

<sup>461</sup> Linvald 1965 : 133.

sende Brock innom København på vegen til Noreg, for å sikre at den nøyaktige informasjonen om Kielfreden ikkje kom til Kristian Fredrik før ein motstand var sett i verk.<sup>462</sup> Var det for å skåne det norske folket for beskjeden om at Noreg var blitt ”solgt” til fienden? Uansett, held Linvald fram, gav kongen si muntlege støtte til Kristian Fredriks planar gjennom Brock, samstundes som han tok offentleg avstand frå ein motstand i Noreg.<sup>463</sup> Kongen måtte halde det hemmeleg for fleire enn fienden, skriv Linvald, og fortel at Niels Rosenkrantz oppmoda kongen om at statsrådet skulle signere oppløysinga av truskapseden, som skulle sendast til Noreg, og på denne måten fungere som eit vitne til at avgjersla vart gjennomført.<sup>464</sup> Som tidligare brukar Linvald statthaldarens dagbok flittig, noko som verkeleg framhevar kor interessant det hadde vore med tilsvarande *personlege* ytringar frå Fredrik VI.

Ole Feldbæk kjem inn i debatten om 1814, og gjer det med eit standpunkt som ikkje gjev Knut Mykland særleg støtte. Han innleiar med å understreke kor kritisk han er til teorien om Fredrik VI si aktive støtte til Kristian Fredriks motstandsplanar.<sup>465</sup> Han hevdar at kornutsendingane frå Danmark i 1814 har leidd Knut Mykland inn på eit sidespor, og at ”*Uoverensstemmelserne inden for forskningen drejer sig om Frederik 6. og Norge i januar 1814*”.<sup>466</sup> I korte trekk hevdar Feldbæk at kongen tok avgjersla den 7. januar, hovudsakleg på grunn av utanrikspolitisk press og lovnaden om økonomisk og territoriell erstatning. Bombelles var mannen som losa gjennom avståinga av heile Noreg, og kravet om rømning av Holstein var eit resultat av innbyggjarane si misnøye med hærsetjinga, som var uheldig for ”*helstatsloyaliteten*”, skriv Feldbæk.<sup>467</sup> Men Feldbæk vel å flytte fokuset til tida etter Kielfreden. Rømer sitt brev mangla sentrale dokument av Kieltraktaten, nettopp for å unngå at Kristian Fredrik fekk ein god årsak til å gjennomføre motstanden.<sup>468</sup> Han gjev Linvald rett i at kongen, i etterkant av Kielfreden, arbeida for å forsinke Kristian Fredrik sine motstandsplanar, fordi han var redd for kva som kunne hende med Danmark.<sup>469</sup> Men Feldbæk vil ikkje seie seg einig i tanken om eit hemmeleg spel frå kongen si side. Han skriv at den ”*konsekvente selektionen og misinformationen*” hadde som mål å unngå at Danmark vart sett i fare som ein konsekvens av norsk reisning.<sup>470</sup> Vidare listar han opp fleire brev der kongen

---

<sup>462</sup> Linvald 1965 : 134 f.

<sup>463</sup> Linvald 1965 : 134 f.

<sup>464</sup> Linvald 1965 : 140.

<sup>465</sup> Feldbæk 1995 (3) : 283.

<sup>466</sup> Feldbæk 1995 (3) : 289.

<sup>467</sup> Feldbæk 1995 (3) : 294, 308.

<sup>468</sup> Feldbæk 1995 (3) : 301.

<sup>469</sup> Feldbæk 1995 (3) : 309.

<sup>470</sup> Feldbæk 1995 (3) : 302.

konsekvent oppmoda statthaldaren til ikkje å setje seg i mot fredsvilkåra.<sup>471</sup> Den einaste sympatien hjå kongen som ein kan koble til ei politisk handling, var kornutsendinga, men den måtte han gje slepp på så snart stormaktene auka presset, skriv Feldebæk. Grunnsynet til Feldebæk finn eg formulert mot slutten av artikkelen. "(...) at han (Fredrik) klart og konsekvent var imod en opstand".<sup>472</sup>

Knut Mykland brukar neste nummer av Historisk Tidsskrift i 1995 til å svare på Feldebæks argumentasjon. Han brukar Linvald sine undersøkingar, og siterar utsegner som fastslår at *det var ei kobling mellom statthaldaren og Fredrik VI, ei kobling som absolutt kunne ha påverka begge aktørane på nyåret 1814.*<sup>473</sup> Dette er det openbare motstykket til Feldebæk, skriv Mykland, og tek opp tråden om kornutsendingane i januar. Han er varsam i byrjinga, og poengterar at ordrene frå kongen datert 14. januar er både "*dunkle og gåtefulle*" i si form, men at poenget ligg i hastverken for kornutsendinga.<sup>474</sup> Kongen såg nemlig at kulden truga med å fryse skipa fast i isen, og ein eventuell motstand i Noreg kunne ikkje vente til at isen smelta. Då hadde svenskane fått meir enn god nok tid til å stogge enten reisinga eller kornutsendingane frå Danmark.<sup>475</sup> Mykland si vurdering av korrespondansen frå Danmark til Noreg er klar: "*For meg gir brevene et utvetydig bevis på at Frederik 6. drev et dristig dobbeltspill*", svarar han Feldebæk.<sup>476</sup> Dette synet finn eg òg i ei hovudoppgåve frå 1986, der Sverre Meling freistar å undersøkje Fredrik VI sitt forhold til den norske reisinga i 1814.<sup>477</sup> Meling argumenterar for at kongen ikkje gav opp den langsiktige strategien som hadde prega han alle krigsåra, nemlig å halde Noreg i heilstaten.<sup>478</sup> Han skriv at "*det norske selvstendighetsverket hadde stor fortjeneste av Fredrik VI's politikk overfor Norge vinteren og våren 1814*".<sup>479</sup> Ordrene om kornutsending den 14. januar 1814 var motivert av tanken på å vinne Noreg tilbake i heilstaten.<sup>480</sup> Eg går attende til Mykland sin artikkel i HT, der han held fram med sitt svar til Feldebæk. Kongen drog ikkje ut tida, og freista ikkje å hindre motstanden i Noreg. Han støtta den norske motstandskampen fyrst og fremst med *korn*.<sup>481</sup> Men debatten

---

<sup>471</sup> Feldebæk 1995 (3) : 304 ff.

<sup>472</sup> Feldebæk 1995 (3) : 309.

<sup>473</sup> Mykland 1995 (4) : 510 f.

<sup>474</sup> Mykland 1995 (4) : 512.

<sup>475</sup> Mykland 1995 (4) : 512.

<sup>476</sup> Mykland 1995 (4) : 512.

<sup>477</sup> Sverre Meling jr *En undersøkelse av Fredrik VI's forhold til den norske reisingen i 1814*. Frå UiB- Historisk Institutt 1986.

<sup>478</sup> Meling 1986 : 125.

<sup>479</sup> Meling 1986 : 124.

<sup>480</sup> Meling 1986 : 124.

<sup>481</sup> Mykland 1995 (4) : 513.

var enno ikkje ferdig. Kåre Lunden tek imot stafettpinnen, og svarar både Mykland og Feldebæk i sitt korte innlegg i Historisk Tidsskrift. Her er det ikkje mykje nytt i høve debatten nokre år i førevegen. Men han rettar kritikk mot Feldebæk, som han i utgangspunktet delar grunnsyn med, og hevdar at Feldebæk tek ære for mykje av det som han sjølv har funne ut, og at han samstundes er uklår i framstillinga si.<sup>482</sup>

Nok ein gong er det vanskeleg å bevise tesene til Mykland og Lunden/Feldebæk, men begge trekk fram dei *motstridande* handlingane til kongen etter Kielfreden, utan at dei tolkar dei likt. Lunden tenkjer nok at kongen heldt tilbake sentral informasjon om Kieltraktaten fordi han måtte skjule kva han faktisk hadde gjort: tape Noreg utan motstand. Samstundes måtte han gje beskjed om at statthaldaren skulle returnere til Danmark. Kongen stod altså ved fredsvilkåra, men gjerne med ein flau smak i munnen. Knut Mykland si tese byggjer på argument som at Fredrik ikkje ville lage anti-danske haldningar i Noreg ved å sende heile innhaldet i traktaten, og at han difor måtte forsikre seg om at Kristian Fredrik ikkje sette i verk motstanden for tidleg. Karl Johan måtte nemleg ha tid til å få hæren sin ut av Holstein. Dei muntlege beskjedane som Brock kom med i februar er òg sentrale, men vanskeleg å slå i bordet med: Venta kongen med å informere fullt ut om Kieltraktaten fordi han ikkje kunne stole på om Kristian Fredrik var tolmodig nok? Ein må hugse på kva ansvar kongen først og fremst sat med overfor Danmarks tryggleik. Kvifor kom ikkje støtta frå kongen, om vi skal følgje Mykland, i skriftleg form? Kanskje fordi Fredrik frykta ein lekkasje ut i det offentlege rom, noko som kunne fått enorme konsekvensar for Danmark. Som vi ser er det mogleg å setje spørsmålsteikn ved mykje. Om ein skal følgje tesa til Mykland utover året, er det riktig å setje strek for ”dobbeltspelet” i byrjinga av april, då Kristian Fredrik tok imot brevet som eksplisitt ba han om å gi opp reisinga. Sverre Meling reiser eit interessant spørsmål, som tek utgangspunkt i hans funn i hovudoppgåva. Han spør kva riksforsamlinga på Eidsvoll kunne ha å sei for kongen si vurdering av ein framtidig samankobling av Danmark og Noreg, og avsluttar oppgåva med at Fredrik VI (...) *fortsatte å støtte reisingen med korn også etter den 10.april*”.<sup>483</sup> Lunden og Feldebæk, som ikkje vil snakke om kongen si rolle i den norske motstanden, vil naturleg nok vurdere dette endelege brevet som ei av fleire oppmodingar frå Fredrik VI si side: Ikkje utsett Noreg eller Danmark for større fare.

---

<sup>482</sup> Lunden 1995 (4) : 516.

<sup>483</sup> Meling 1986 : 125 f.

Ståle Dyrvik trekk fram nokre tankar om kvifor ikkje kongen straks sende heile Kieltraktaten nordover. Den første moglegheiten, som byggjer på eit av Myklands argument, er at han ynskte at motstanden skulle vente til dei svenske styrkane var ute av Holstein.<sup>484</sup> Men det er òg mogleg, skriv Dyrvik, at Fredrik VI ikkje ville øydelegge for den norske motstandvilja med å informere om at Noreg ”var overlatne til svenskekongen utan dansk militær motstand”.<sup>485</sup> Difor kunne kongen ha vurdert nyhendemeldinga som ein mogleg risiko for Kristian Fredrik sitt arbeid, og difor ikkje informert om detaljane i avståinga med ein gong.<sup>486</sup>

## 5.4 Oppsummering

Kampviljen til Fredrik VI i desember 1813, som øvstkommanderande for forsvaret, er hjå nokre historikarar vurdert som særskild mangelfull: Det danske forsvaret burde ha gjort ein betre innsats for å forsvare sitt eige land, og hindre Sverige legge press bak kravet om Noreg. Jens Engberg skildrar kongen som feig, og med dårleg kampmoral i ei stund der han verkeleg kunne praktisert sine *militære æresprinsipp*. Så kan ein spør seg om det hadde vore betre med vidare krigføring, mot det som i praksis var overlegne krefter? Axel Linvald har ein anna oppfatting enn Engberg. Kanskje var det riktig å la diplomatiet ta over skjebnen til heilstaten, aller mest som eit middel mot minimering av lidelsar i både Danmark og Noreg. Det er uansett vanskeleg å fastslå kvifor kongen ikkje beordra vidare militær motstand mot dei svenske invasjonstyrkene. Kanskje skuldast det ein god situasjonsforståing, eller så makta han ikkje å fylle rolla som ansvarleg for militærpolitikken. Ein kombinasjon av desse tolkingane er vel heller ikkje utenkeleg?

Enkelte har vurdert brevet frå kongen til Kristian Fredrik, datert 7. desember 1813, som eit grunnlag for statthaldaren sine formuleringar i *juledagsdepesjen*. Kongen si formulering, at avståinga av Trondheim stift ”kunde undgås, når trondhjemmerne sagde: Vi vil blive hos vår konge!”, kan godt vere ei oppmoding om at ei motstandsreising i Noreg kunne setje kjeppar i hjula for Karl Johan.<sup>487</sup> Men ytringa er nok for diffus til at ein kan konkludere noko. Ole Feldebæk argumenterar ikkje imot ei slik tolking, men han meiner at grev Bombelles skal krediterast for desse tankane, og ikkje Fredrik sjølv. Dette er heller ikkje utenkeleg. Men som i byrjinga av januar 1814, der Feldebæk hevdar Bombelles var mannen som endra kongen sitt

---

<sup>484</sup> Dyrvik 2005 : 67.

<sup>485</sup> Dyrvik 2005 : 67 f.

<sup>486</sup> Dyrvik 2005 : 68.

<sup>487</sup> Dyrvik 2005 : 65.

syn, er det vanskeleg å nytta desse argumenta som bevis. Ein kan spørje litteraturen i kva grad Bombelles påverka kongen, både i desember og januar, og det er vanskeleg å finna klare svar. Det einaste sikre er at Fredrik VI opna for meir innspel i statsstyringa enn tidligare. Innkallinga av statsrådet er skildra som både overraskande og merkverdig, utan eg finn klare vurderingar om dette var eit svakhetsteikn hjå kongen, eller om han faktisk såg Alvoret i situasjonen- og ville ha hjelp. Under krigsperioden hadde kongen som kjend ikkje tatt statsrådet i bruk. Kvifor gjorde han det no? Heilstaten var rett nok i ein kritisk situasjon, men ikkje for første gong, ifølgje historikarane.

Debatten om Fredrik si rolle i byrjinga av 1814 har i denne oppgåva vore delt mellom tesene som talar for og imot kongen som ein sentral bidragsytar til reisinga i Noreg. Kåre Lunden og Ole Feldbæk argumenterar for at Fredrik handla i si eiga og Danmarks interesse før avståinga av Noreg, og at handlingane før og etter Kielfreden ikkje talar for ein aktiv politisk støtte til Kristian Fredrik. Kva kongen tenkte om situasjonen er noko anna, skriv Lunden og Feldbæk, men uansett fekk ikkje medkjenslene noko politisk praksis. Trass i at denne tesa er enklare å forsvare ut i frå handfast empiri, er argumentasjonen basert på enkelte usikre moment. Den austerriske meklaren Bombelles er sett i ei sentral rolle i det diplomatiske spelet, men i fleire situasjonar byggjer Lunden og Feldbæk på same type indisier som Mykland understrekar at han gjer. Bombelles si formelle rolle som meklar var over den 6. januar 1814, men den endelege avgjersla tok kongen først om kvelden dagen etter. Kva sa Bombelles til Fredrik VI denne kvelden? Og om Bombelles faktisk makta å overtale kongen til eit endeleg val, er det mogleg at han oppmoda Fredrik til å støtte reisinga til Kristian Fredrik? Ole Feldbæk trekk sjølv fram kva rolle den austerriske meklaren kan ha spelt i brevet datert den 7. desember, der Fredrik forklarar statthaldaren om situasjonen. Kan liknande tankar ha prega kongen og Bombelles i januar 1814? Ein kan godt vurdere korrespondansen frå Fredrik i 1814 som motstridande og forvirrande, noko som kan skuldast ein uinteressert og "Danmark-tru" konge. Det kan og tyde på ein forvirra og usikker konge i ein krevjande situasjon. Ei tredje vurdering går i retning av Mykland si tolking, og då må ein vurdere den oppdelte brevvekslinga som ei planlagt handling, motivert at kongen sitt ynskje om å halde Noreg i heilstaten. Kanskje er Mykland si tolking hard å prova, i og med at ein ikkje har eit eksplisitt aktstykke med Fredriks tankar eller strategi. Men kanskje er det nettopp mangelen på handfaste bevis, i nokon retning, som gjer at det er mogleg å debattere slik som Lunden og Mykland har gjort?



## 6. Konklusjon

### 6.1 Fredrik VI : 1807-1814

Krigsåra 1807-1814 var hendingsfulle for heilstaten og Fredrik VI. Dette ber historieskrivinga preg av, og dekker mine hendingsrekkjer både på overflata og i djupna. Variasjonen i kjeldetype og form gjer at enkelte bidrag har fått ei meir sentral rolle i undersøkinga. Før eg vil presentere mine konklusjonar, skal eg kort repetere formålet med oppgåva- og kva eg har vore på utkikk etter. Fredrik VI har vore min hovudaktør i undersøkinga, og eg har freista å vurdere kongen si samhandling med omverda ut i frå hans synsvinkel. Arbeidsmetoden i oppgåva har vore å studere Fredrik VI som Danmark-Noregs øvste militære og utanrikspolitiske leiar, med spesielt fokus på perioden før, under og etter avståinga av Noreg i januar 1814. Den overordna problemstillinga har vore: *Korleis er Fredrik VI (1768-1839) omtala som politisk aktør/strateg i historieskrivinga, med hovudvekt på dei militære og utanrikspolitiske vala i perioden før og under Danmark si avståing av Noreg i 1814?*

Eg formulerte òg nokre arbeidsspørsmål, som skulle hjelpe meg i arbeidet med å svare på problemstillinga. Ei sentral oppgåve har vore å finne omdiskuterte hendingar i historielitteraturen, og problematisere tolkingane eg har funne. Kva er usikre moment? Korleis kan ein få djupare kunnskap? For å kunne gjere dette har eg kartlagt skildringane av Fredrik VI som kronprinsregent, og som konge. Har eg funne ei utvikling? Til slutt vil eg samanlikne mine konklusjonar, i perioden 1807-1814, med biletet som Jens Engberg teikna i *Den standhaftige tinsoldat* frå 2009.

Hendingsrekkja i 1807 er stort sett likt vurdert i mine eldre og nyare historiebidrag. Det virkar som handlingane til kronprinsen i 1807 var eit direkte resultat av det *brutale* åtaket som Storbritannia stod bak. Kanskje kan ein stille spørsmålsteikn ved utgangspunktet for samtalanane mellom kronprinsen og den britiske utsendinga i Kiel. Mandatet til utsendinga, Francis Jackson, var å presentere det britiske ultimatumet. Var det eigentleg rom for forhandlingar kring desse vilkåra? Er det riktig å kritisere kronprinsens avslag om å gje frå seg heile den danske flåten?

Det har vore ein tendens med sterkare kritikk frå norsk side, med særleg fokus på handteringa av Noreg i dei avgjerande vekene fram mot Fontainebleau. Men Knut Mykland forsvarar kongen til dels, og forklarar det samansette dilemmaet som kronprins Fredrik måtte ta stilling til. ”*Blokade og nød i Norge var en uønsket, men nødvendig konsekvens.*”<sup>488</sup> Kanskje var det nødvendig å prioritere Danmark, om kongen hadde som mål å halde heilstaten samla på lang sikt?

Kvifor var ikkje kronprins Fredrik i København under det britiske åtakket? Kvifor reiste han attende til Kiel så raskt? Kjende han seg trygg på at Storbritannia ikkje hadde særleg onde planar, eller at dei i alle tilfelle ikkje kom til å angripe Danmark? Han gav nemlig Joachim Bernstorff fullmakt til å innlemme Danmark-Noreg i fastlandssperringa, dersom Napoleon sende franske styrkar inn på dansk jord. Okkuperte det franske trugsmålet all tankegang hjå kronprinsen? Napoleon erobra stadig fleire områder, og utfordra nok tryggleiken til Danmark meir akutt enn den britiske flåten. Nettopp denne raske returen til Kiel er kanskje ikkje problematisert godt nok, og heller vurdert som ein konsekvens av Fredriks svake sider. Den røde tråden i litteraturen er at dei storpolitiske hendingane, i perioden juli-september 1807, i stor grad dikterte vilkåra for handlingsrommet til kronprins Fredrik. I mi neste hendingsrekkje har eg funne meir direkte kritikk av Fredrik VI.

I 1812 og 1813 vert Fredriks strategiske evner satt på prøve, og det er spesielt i denne perioden at eg finn negative skildringar av han i litteraturen. Ifølgje historikarane framstod kongen som klossete. Dei trekk fram hans grenselause tru på Napoleon som framtidig sigerherre, og at han ikkje tok til seg utspela frå sentrale skikkelsar som Niels Rosenkrantz og Kristian Fredrik. Det heile vert komplett då han var for seint ute med fredsfølarar til Storbritannia. Alt dette er handlingar som strid i mot det som historikarane meiner var det sjølvsaagte: Ei politisk nyorientering mot slutten av 1812. I denne perioden er denne *passiviteten* ein raud tråd kring Fredrik VI, og historikarane skriv at det var naivt å tru at Danmark kunne halde sine militære ressursar utanfor krigshandlingane. Derimot kan ein finne teikn på at Fredrik forstod kva situasjon heilstaten var inne i, og at han i mai 1813 gjorde nokre avgjerande grep. Kristian Fredrik vart sendt til Noreg med eit mandat som mellom anna sa han skulle førebu Noreg på krigføring mot nabolandet. Såg kongen på Sverige som det nye trugsmålet mot heilstatens territorielle integritet? I januar 1814 vart det uansett stadfesta at det

---

<sup>488</sup> Mykland 1978 : 155.

var Karl Johan og Sverige som skulle ende det over 400 år gamle statsfelleskapet. Kor mykje av desse hendingane i 1814 kan Fredrik VI ha kalkulert seg fram til?

I analysen av hendingsrekkeja 1813-1814 kjem nokre historikarar med motstridande tolkingar. På den eine sida vert Fredrik VI skildra som ein leiar utan kampvilje, og med eit overordna fokus på å sikre si eiga og Danmarks framtid. Den meir positive omtalen vurderer kongen som ein meir taktisk dreven statsleiar. Utan å kunne fastslå noko sikkert, kan det finnast indisier som tyder på at Fredrik enten deltok aktivt, eller la til rette for ein motstand i Noreg. Eg har freista å problematisere historikaranes argumentasjon, og utfordra sentrale punkt i deira teser som kan skape rom for vidare historieskriving. Kåre Lunden og Ole Feldbæk representerer teser som nektar for eit hemmelig dobbeltspel i 1814, og at meiner at Fredrik prioriterte seg sjølv og Danmark. Denne tesen har vist seg som enklast å forsvare ut i frå empiri, men er absolutt mogleg å problematisere. Vidare argumentarar dei for at kongen, i dei avgjerande dagane tidleg i januar 1814, vart påverka til å velje avståingsvilkåra som var mest gunstig for han sjølv og det danske folket. Her spelte den austerriske meklaren Grev Louis Bombelles ei sentral rolle, hevdar dei. Nettopp Bombelles si rolle kan skape rom for debatt, i og med at hans offisielle meklarrolle gjekk ut den 6. januar 1814. Ole Feldbæk hevdar at Bombelles overtyda kongen om avståing av heile Noreg under ein samtale, og at denne samtalen fann stad om kvelden 7. januar. Kva kan Bombelles ha lova kongen, med tanke på at hans ærend var over den 6. januar? Kan ein kome med noko anna enn indisier på kva Bombelles faktisk sa? Lunden og Feldbæk har uansett ikkje like stor tru på Fredrik VI som enkelte andre.

I Knut Mykland si tese, som i all hovudsak er henta frå *Frederik VI og beslutningen om å avstå Norge*, får eg presentert ein konge med ein annan strategi. Mykland argumenterer for at kongen baserte sin politikk i januar på å legge til rette for den reisinga som Kristian Fredrik presenterte i eit brev (*juledagsdepesjen*) som Fredrik mottok 5. januar. Ifølgje Mykland tok kongen den endelege avgjersla same dagen. Den viktigaste handlinga var ein drastisk auke i korntilførselen frå Danmark til Noreg, skriv Mykland. Kristian Fredrik hadde understreka at matkorn var avgjerande for at reisinga kunne lukkast.

Kåre Lunden angrip Myklands tolking av Fredrik VI, og påpeikar at den reelle kronologien i desse januardagane utfordrar argumentasjonen til Mykland. 6. og 7. januar mottok kongen nemlig fleire negative meldingar om forhandlingane i Kiel og Austerrikes fråfall som meklar,

som ifølgje Lunden nærmast utelukkar at Fredrik tok den endelege avgjersla 5. januar. Mykland si tese er utfordrande å forsvare, og han påpeikar sjølv at han, som resten av historikarane, er tvungen til å byggje på indisier. Dette er nok det største ankepunktet mot Mykland si tese. Her er det truleg fleire spørsmål som kan stillast utan å finne gode svar. Om ein hadde hatt tilgong på Fredriks eksplisitte tankar og strategier, gjerne i form av ei dagbok, så kunne nok desse tesene styrkast eller svekkast. Mykland er uansett eit norsk bidrag som talar til fordel for Fredrik VI i 1814. I 2009 kom endeleg eit biografisk verk om Fredrik VI. Kva bilete teiknar den nye biografien av kongen?

## 6.2 Jens Engberg - ”Den standhaftige tinsoldat”

Engberg har fleire punkt i 1807 som han finn kritikkverdig. Han dreg fram at utanrikspolitikken tidvis låg i eit vakuum, som følgje av den tidkrevjande korrespondansen mellom Kiel og København. ”Hvor katastrofalt det var, at Frederik alene styrede politikken fra Kiel, blev klart i den følgende tid”.<sup>489</sup> Når det gjeld samtalane i Kiel kritiserer Engberg kronprinsen for mangel på heilskapsvurdering, og at det virka som Fredrik ikkje var klar over at han måtte ta ei avgjerd. Utan å ta omsyn til kva mandatet til Jackson gjekk ut på, hevdar Engberg at kronprinsen ikkje makta å finne ei løysing med britane på grunn av ”hans militære ære”.<sup>490</sup> Var det rom for forhandling? Francis Jackson kom jo til Kiel med eit ultimatum. Engberg meiner at Fredrik ikkje burde vore i Kiel desse avgjerande vekene. Frykta for Napoleon var gjerne reell, skriv Engberg, men det var naivt å tru at dei danske styrkane i sør kunne gjere noko mot eit eventuelt fransk åtak.<sup>491</sup> No trekk òg Engberg skildringa ned på eit meir personleg plan. ”Hans hurtige bortrejse fra København havde et umiskendeligt præg af flugt”.<sup>492</sup> Forfattaren finn altså fleire ankepunkt mot Fredrik VI, og fokuserer ikkje mykje på Storbritannias handlingar. Engberg moderer seg noko i mi neste hendingsrekkje.

Han trekk fram dei typiske argumenta for perioden 1812-1813, der støttespelarar som Rosenkrantz og Kristian Fredrik råda Fredrik om ei politisk endring. Men her ser Engberg situasjonen frå kongen sin ståstad. Russiske troppar hadde nok utfordringar på eige territorium, og når Napoleon nærma seg Moskva var det lite som tyda på eit fransk

---

<sup>489</sup> Engberg 2009 : 328.

<sup>490</sup> Engberg 2009 : 330.

<sup>491</sup> Engberg 2009 : 332.

<sup>492</sup> Engberg 2009 : 332.

nederlag.<sup>493</sup> Men etter kvart som Napoleon måtte kapitulere i aust, aukar kritikken mot Fredriks politiske vurderingar. ”Ikke engang Napoleons nederlag i Russland påvirkede ham synderligt”.<sup>494</sup> Engberg held fram med ein argumentasjon som inneheld alle forhold som kongen burde ha tatt omsyn til. Korkje omgangskretsens gode råd, eller Karl Johans brutale spådomer, minka i omfang. ”Frederiks afvisning af alle forslag om at skifte side skyldtes hans stædighed og mangel på smidighed (...)”.<sup>495</sup> Her skil ikkje Engberg seg særleg frå størsteparten av litteraturen. Kritikken mildnar heller ikkje når han skriv om avståinga av Noreg.

Engberg listar opp tre moglege vurderingar av den manglande militære motstanden i desember 1813 og januar 1814. Kanskje heldt kongen hæren på Fyn fordi han vurderte eit åtak i ryggen på Karl Johan når han gjekk opp i Jylland? Frykta for den russiske stormakta kunne og ha påverka kongen, men Engberg finn det lite truleg. Endeleg kan det tenkjast, skriv Engberg, at kongen rett og slett hadde tapt motet, ”eller måske ligefrem aldrig havde haft det”.<sup>496</sup> Han finn det altså lite truleg at kongen vurderte det som uansvarleg å kjempe mot overmakta, og difor stogga motstanden. I *Den standhaftige tinsoldat* er 7. januar den sentrale datoen i samband med debatten om Fredriks strategi i byrjinga av januar. Grev Bombelles kom til Hindsgavl den 7. januar, samtala med kongen i to timar og deretter kapitulerte kongen.<sup>497</sup> På spørsmålet om Fredrik VI og Kristian Fredrik hadde ei form for avtale om motstand i Noreg, svarar Engberg at det ikkje er mogleg å svare ja eller nei. Dei indisium som har vore brukt i ei slik tese, framstår ikkje i noko klar og tydeleg form.<sup>498</sup> Uansett bør ein større del av ansvaret leggjast på statthaldarens skuldrer, hevdar Engberg. ”Men nogen mur- og nagelfast aftale, som er acceptabel for historien, havde han næppe indgået med Christian Frederik”.<sup>499</sup> Og etter mi meining så understrekar Engberg her ei sentral utfordring for historieskrivinga. ”Frederik førte ikke dagbog, intetsteds har han optegnet, hvad hans planer og tanker var”.<sup>500</sup> Jens Engberg trekk gjennom heile biografen fram positive sider ved kronprinsregenten og kongen Fredrik. Det mangla ikkje på vilje, arbeidsevne eller pliktkjensle. Fredrik VI var eit hederlig menneske, skriv Engberg, men er nådeslaus i

---

<sup>493</sup> Engberg 2009 : 371.

<sup>494</sup> Engberg 2009 : 372.

<sup>495</sup> Engberg 2009 : 376.

<sup>496</sup> Engberg 2009 : 382.

<sup>497</sup> Engberg 2009 : 384.

<sup>498</sup> Engberg 2009 : 398.

<sup>499</sup> Engberg 2009 : 399.

<sup>500</sup> Engberg 2009 : 505.

biografiens siste setning: *”Dommen må blive, han var en elendig konge, som blev til Danmarks ulykke”*.<sup>501</sup>

Korleis er Fredrik VI vurdert i perioden 1807-1814? Skal eg gje ei kompakt skildring av historielitteraturen på dette området, må eg trekkje fram den aukande kritikken fram mot 1814. I byrjinga var det mogleg å legge skulda på Storbritannia, som tvinga heilstaten til å ta eit standpunkt i storkonflikta. Fredriks evner som forsvar og utanrikspolitisk leiar vart utfordra dei komande åra, og kritikken mot hans prioriteringar er til tider hard. Og endeleg i 1814 talar historikarane både for og i mot Fredriks innsats. Nokre skildringar er knallharde: *”Fredrik 6 var ein av dei større katastrofer som har råka dette landet”*.<sup>502</sup>

Trass i at enkelte historikarar har vore hardhendte med kongen, hevdar eg at det er behov for nyansering av nokre skildringar. Fredrik VI fekk nok utfordringar som han ikkje makta å handtere godt nok, men eg har freista å setje lys på enkelte områder, som ved vidare undersøking kanskje kan bidra til å dempe kritikken noko.

---

<sup>501</sup> Engberg 2009 : 504.

<sup>502</sup> Lunden 1990 : 25 januar DB.

## 7. Litteratur- og kjeldeliste

### Bøker

- Achen&Bech(red.) *Hvornår skete det - Danmarkshistorisk opslagsbog* 3 utgave, Politikens Forlag – København 1963
- Bjørn, Claus *Fra reaktion til grundlov 1800-1850* band 10 i *Gyldendal og Politikens Danmarkshistorie*. Nordiske Forlag AS & Politikens Forlag AS. København. 1990
- Bricka, C.F (red.) *Dansk biografisk lexikon* band 3-14 Gyldendalske Boghandels Forlag- København 1889-1900
- Coldevin, Axel *Enevoldstiden.* – band 5 i *Vårt folks historie*. Coldevin [et.al] (red.) - Oslo Aschehoug. 1963
- Dyrvik, Ståle *"1536-1814"* i *Grunntrekk i norsk historie- Fra vikingtid til våre dager* Universitetsforlaget- Oslo 1991
- Dyrvik, Ståle *Mellom brødre 1780-1830* band 7 i *Aschehougs Norges Historie*, Helle [et.al] red. Aschehoug Oslo 1996
- Dyrvik, Ståle *Truede tvillingriker 1648-1720* band 3 i *Danmark Norge 1380-1814* Universitetsforlaget Oslo 1998
- Dyrvik, Ståle *Vegar til sjølvstende 1625-1814* band 3 i *Samlagets Norsk Historie 800-2000* Den Norske Samlaget, Oslo. 1999
- Dyrvik, Ståle *Året 1814* Det Norske Samlaget- Oslo 2005
- Dahl, Ottar *Norsk historieforskning i 19 og 20 århundre* (1 utgåve 1959) Universitetsforlaget, Oslo 1992
- Engberg, Jens *Den standhaftige tinsoldat – en biografi om Frederik 6.* Politikens Forlag, København. 2009
- Feldbæk, Ole *Tiden 1730-1814* band 4 i *Danmarks Historie* Christensen [et.al] red. Gyldendalske Boghandel Nordisk Forlag AS – København 1982
- Feldbæk, Ole *Mellom brødre 1780-1830* band 7 i *Aschehougs Norges Historie*, Helle [et.al] red. Aschehoug Oslo 1996
- Feldbæk, Ole *Nærhed og adskillelse 1720-1814* band 4 i *Danmark-Norge 1380-1814* Universitetsforlaget(N) Akademiske Forlag(D) Oslo/København. 1998

- Frydenlund & Glenthøj (red.) *1807 og Danmark-Norge- På vei mot atskillelsen* Unipub Oslo. 2009
- Gregersen, Hans V. *Slesvig og Holsten før 1830* [supplementsband] i *Danmarks Historie*, Ellehøj & Glamann (red.) Politikens Forlag København. 1981
- Helle, Knut [et.al] *Mellom brødre* band 7 i *Aschehougs Norges Historie*, Helle [et.al] red. Aschehoug Oslo 1996
- Helle, Knut [et.al] *Norsk biografisk leksikon* band 6 Kunnskapsforlaget Oslo 2003
- Holm, Edvard *Danmark-Norges Historie fra den store nordiske Krigs Slutning til Rigernes Adskillelse (1720-1814)* band 7 i *Den udenrigske Historie*, (Afd. 1 :1800-1807) Universitetsboghandler G.E.C. Gad, København. 1912
- Holm, Edvard *Danmark-Norges Historie fra den store nordiske Krigs Slutning til Rigernes Adskillelse (1720-1814)*. band 7 i *Den udenrigske Historie*. - (Afd. 2:1807-1814.) Universitetsboghandler G.E.C. Gad København. 1912
- Johnsen, Oscar A. *Norges historie fremstillet for det norske folk* Tidsrummet 1746-1813. - 1914 B. 5, D. 2 av.: - Kristiania : Aschehoug, 1909-1917) 1914
- Koht, Halvdan *1814- Norsk dagbok hundre aar efterpaa* Aschehoug Kristiania 1914
- Linvald, Axel *Styrelsen og dens mænd: økonomisk og social politik* band 1 i *Kronprins Frederik og hans regering 1797-1807* bidrag til Danmark-Norges inden- og udenrigske historie. København. 1923
- Linvald, Axel *Christian VIII- Norges statholder 1813-1814* Gyldendalske Boghandel Nordisk Forlag København 1952
- Linvald, Axel *Christian VIII- Før Eidsvoldgrundloven* G.E.C.GAD København 1965
- Munch P, Thomas *Defying Napoleon- How Britain bombarded Copenhagen and seized the Danish fleet in 1807* Sutton Publishing, Stroud. 2007
- Mentz, Søren *"Kronprins Frederik – En kæk soldat i den retfærdige sags tjeneste"* i *København 1807 : belejring og bombardement* / Peter Henningsen (red.) Københavns Stadsarkiv- København 2007
- Mentz, Søren *"Neutralitetens sammenbrud: skæbneåret 1807"* i *1807 og Danmark-Norge- På vei mot atskillelsen* Frydenlund & Glenthøj (red.) Unipub Oslo 2009



- Mykland, Knut      *"Frederik VI og beslutningen om å avstå Norge"* i *Omkring 1814* av Knut Mykland- Gyldendal Norsk Forlag – Oslo 1967
- Mykland, Knut      *Kampen om Norge 1784-1814* band 9 i *Norges Historie*, Cappelens Forlag, Oslo. 1978
- Nielsen, Yngvar      *Norge i 1814* J.M Stenersen & Co. Forlag, Kristiania. 1904
- Nørregård, Georg      *Freden i Kiel 1814* Rosenkilde & Bagger's Forlag København. 1954
- Skeie, Jon      *Norges forsvars historie* Olaf Norlis Forlag- Oslo. 1953
- Steen, Sverre      *Tidsrummet 1770 til omkring 1814* band 7 i *Det Norske folks liv og historie gjennom tidene*. Edvard Bull [et.al] (red.) Aschehoug, Oslo. 1933
- Steen, Sverre      *Det frie Norge- 1814* J.W. Cappelens Forlag Oslo. 1951
- Weibull, Jørgen      *Carl Johan och Norge, 1810-1814 Unionsplanerna och deras förverkligande* Glerup, Lund. 1957
- Øverland, O.A      *Illustreret Norges historie* band 5 i *Fra Enevoldsmagtens Indførelse (1660) til Norges Forening med Sverige (1814)*. 2 avd. Kristiania Folkebladet. 1891-1895
- Øverland, O.A      *Illustreret Norges historie* band 5 *Fra Enevoldsmagtens Indførelse (1660) til Norges Forening med Sverige(1814)*. 3 avd. Kristiania Folkebladet. 1891-1895

### **Tidsskrift / hovudoppgåver**

- Feldbæk, Ole      *"Frederik 6. og Norge i januar 1814"* i *Historisk Tidsskrift* band 74 (3) s. 283-310 Universitetsforlaget Oslo 1995
- Lunden, Kåre      *"Norsk revolusjon på TV"* i *Dagbladet*- 6 januar 1990
- Lunden, Kåre      *"Norge avstått"* i *Dagbladet*- 25 januar 1990
- Lunden, Kåre      *"Ny vri frå Mykland"* i *Dagbladet*- 14 februar 1990
- Lunden, Kåre      *"Fredrik 6. avstår Noreg"* i *Historisk Tidsskrift* band 74 (4) s. 514-516 Universitetsforlaget Oslo 1995

- Meling, Sverre      *Korn og gjenforening- En undersøkelse av Fredrik VI's forhold til den norske reisningen i 1814. Akademisk avhandling, Universitetet i Bergen 1986.*
- Mykland, Knut      ”*Lundens revolusjon*” i Dagbladet- 13 januar 1990
- Mykland, Knut      ”*Norge blir avstått*” i Dagbladet- 1 februar 1990
- Mykland, Knut      ”*Kongelig dobbeltspill*” i *Historisk Tidsskrift* band 74 (4) s. 509-513 Universitetsforlaget Oslo 1995
- Sandmo, Erling      ”*Stil og sted- Knut Mykland som historieforfatter*” i *Historisk Tidsskrift* band 85 (4) s. 584-612 Universitetsforlaget Oslo 2006
- Thue, Fredrik W.      ”*Knut Mykland som nasjonal forteller*” i *Historisk Tidsskrift* band 85 (4) s. 613-643 Universitetsforlaget Oslo 2006

### **Internett**

Den Store Danske, *Jens Engberg*, 2009

[http://www.denstoredanske.dk/Danmarks\\_geografi\\_og\\_historie/Danmarks\\_historie/Danske\\_historikere/Jens\\_Engberg](http://www.denstoredanske.dk/Danmarks_geografi_og_historie/Danmarks_historie/Danske_historikere/Jens_Engberg) (13. mai -2010)

## Abstract

This thesis examines King Frederik VI (1768-1839) in the literature, with an historiographical approach. I will focus on his political dispositions in the period 1807-1814, where Frederik was in charge of Denmark-Norway's defense and foreign policy. My task is to chart the historians view of the king as an political leader, and institute a search for gaps and unexplicit conclusions. Where can we raise further questions to the work of the historians?

In 1807 Denmark-Norway enters into the Napoleonic wars on the French side, and with it began one of the darker periods in the history of the country. Britain's brutal attack on Copenhagen and the harsh demands of Frederik, has resulted in a focus on Frederik's difficult position, and that he could not do much other than to ally with France. However, there is some dissatisfaction from the Norwegian side, wich claims that the consideration of Norway was neglected. The criticism of the king increases in coverage of 1812-1813, where I have found descriptions of the king as naïve, stubborn and a poor strategist. At times, the king is considered as a man with miserable personal qualities, just as much as his policy, and some are attempting to ridicule Frederik VI. In the discussion of the period before and during the loss of Norway in January 1814, I find conflicting views on Frederik- wich some historians debate with great attitude.

Some historians believe that Frederik, in january 1814, acted in the interest of Denmark, and that he had no intention of supporting a Norwegian resistance against the treaty of Kiel. His main objective was to secure Denmark's future, they argue. The Norwegian professor Knut Mykland argues for a theory with a different approach. Mykland claims that Frederik deliberately partake in the political opposition in Norway, as his nephew and commanding officer in Norway, Christian Frederik, implemented. In Myklands view, the supply of grain to Norway was a central measure to help the Norwegian's struggle towards their final achievement, the signing of their constitution the 17. may 1814. These theses are difficult to prove, mostly because of the lack of diaries and personal texts from Frederik himself. Therefore, the historians base their writing on circumstantial evidences, wich makes it possible to challenge their arguments. The criticism of Frederik VI increases in scale during my period of quest, but I have tried to underline some areas that might be moderated.